Meeting Book: Nissedal kontrollutval (23.04.2018)

Nissedal kontrollutval

Date: 2018-04-23T09:00:00

Location: Kommunehuset, kantina

Note:

Meld forfall til utvalssekretær Ingebjørg Liland på e-post: ingebjorg.liland@temark.no, eller mobil: 47034560, snarast mogeleg.

I tillegg til utvalet møter:		Ca. tidspunkt for handsaming
Sak 7-9/18	Økonomisjef Jarle Bruun Olsen	kl. 09:00
Sak 7-9/18	Kommunalsjef samfunn og utvikling, Jan Arvid Setane	kl. 09:00
Sak 9/18	Rådmann Sverre Sæter	kl. 10:00
Sak 9-10/18	Forvaltningsrevisor Anne Sæterdal	kl. 10:00

Saksliste

Møteinnkalling

2/18 Godkjenning av innkalling 23.04.2018 3

Møteprotokoll

2/18 Godkjenning av protokoll frå møte 12.02.2018 4

Saker til behandling

7/18 Årsrekneskap og årleg rapport 2017 for Nissedal kommune – kontrollutvalet si uttale 15

8/18 Årsrapport med årsrekneskap og kontrollrapport i samband med skatteoppkrevjarfunksjonen 2017 – Nissedal kommune 133

9/18 Forvaltningsrevisjonsrapport - Saksutgreiing 151

10/18 Prosjektplan og tilbodsbrev for eigarskapskontroll - Eigarskap i Nissedal kommune. 198

11/18 Referatsaker 23.04.2018 206

12/18 Eventuelt 23.04.2018 212

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 18/00164-9
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Nissedal kontrollutval	23.04.2018

Godkjenning av innkalling 23.04.2018

Forslag frå sekretariatet:
Møteinnkalling 23.04.2018 vert godkjend.

Saksopplysningar:
Møteinnkalling 23.04.2018 leggast fram for godkjenning.

Vedlegg:
- Møteinnkalling 23.04.2018

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 18/00164-10
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Nissedal kontrollutval	23.04.2018

Godkjenning av protokoll frå møte 12.02.2018

Forslag frå sekretariatet:
Protokoll frå møtet 12.02.2018 vert godkjend.

Saksopplysningar:
Protokoll frå møtet 12.02.2018 leggast fram for godkjenning.

Vedlegg:
- Protokoll frå møtet 12.02.2018

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Møteprotokoll

Nissedal kontrollutval

Dato:	12.02.2018 kl. 9:00
Stad:	Møterommet Teknisk eining
Arkivsak:	18/00164
Til stades:	Inge Magnus Evja, Kirsten Jensby og Magne Fjelløy
Møtande varamedlemmer:	
Fråfall:	
Andre:	Oppdragsrevisor Birgitte L. Bøen Sekretær Ingebjørg Liland
Protokollfører:	Ingebjørg Liland

Sakskart			Side
		Møteinnkalling	
1/18	18/00164-2	Godkjenning av innkalling 12.02.2018	3
		Møteprotokoll	
1/18	18/00164-1	Godkjenning av protokoll frå møte 06.11.2017	4
		Saker til behandling	
1/18	18/02556-1	Nissedal kontrollutval si årsmelding 2017	5
2/18	18/02560-1	Bestilling av selskapskontroll	6
3/18	18/02468-2	Forvaltningsrevisor vurdering av sjølvstende 2018	7

4/18	18/00195-1	Orientering frå revisor 12.02.2018	8
5/18	18/00177-1	Referatsaker 12.02.2018	9
6/18	18/00184-1	Eventuelt 12.02.2018	10

Treungen, 12.02.2018

Inge Magnus Evja
Kontrollutvalgsleder

Ingebjørg Liland
Sekretær

Møteinnkalling

1/18 Godkjenning av innkalling 12.02.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Nissedal kontrollutval	12.02.2018	1/18

Forslag frå sekretariatet:

Møteinnkalling 12.02.2018 vert godkjend.

Møtehandsaming

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Møteinnkalling 12.02.2018 vert godkjend.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Møteprotokoll

1/18 Godkjenning av protokoll frå møte 06.11.2017

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Nissedal kontrollutval	12.02.2018	1/18

Forslag frå sekretariatet:

Protokoll frå møtet 06.11.2017 vert godkjend.

Møtehandsaming

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Protokoll frå møtet 06.11.2017 vert godkjend.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Saker til behandling

1/18 Nissedal kontrollutval si årsmelding 2017

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Nissedal kontrollutval	12.02.2018	1/18

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2017 slik den ligg føre.

Kontrollutvalets innstilling til kommunestyret:
«Kommunestyret tek Årsmelding 2017 for Nissedal kontrollutval til vitande, og meiner den gir ei tilfredsstillande oversikt over kontrollutvalets aktivitet i 2017.

Møtehandsaming
Sekretær Ingebjørg Liland gjekk gjennom årsmeldinga.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2017 slik den ligg føre.

Kontrollutvalets innstilling til kommunestyret:
«Kommunestyret tek Årsmelding 2017 for Nissedal kontrollutval til vitande, og meiner den gir ei tilfredsstillande oversikt over kontrollutvalets aktivitet i 2017.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

2/18 Bestilling av selskapskontroll

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Nissedal kontrollutval	12.02.2018	2/18

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet ber Telemark kommunerevisjon IKS om å utføre ein selskapskontroll med tema «Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og eventuelt andre føringar for eigarskap». Prosjektplan leggast fram i fyrste mogelege møte.

Møtehandsaming
Utvalet diskutera saka med oppdragsrevisor og sekretær.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet ber Telemark kommunerevisjon IKS om å utføre ein selskapskontroll med tema «Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og eventuelt andre føringar for eigarskap». Prosjektplan leggast fram i fyrste mogelege møte.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

3/18 Forvaltningsrevisor vurdering av sjølvstende 2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Nissedal kontrollutval	12.02.2018	3/18

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek eigenvurderinga til vitande.

Møtehandsaming
Oppdragsrevisor Birgitte L. Bøen kommenterte eigenvurderinga til forvaltningsrevisor.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet tek eigenvurderinga til vitande

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

4/18 Orientering frå revisor 12.02.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Nissedal kontrollutval	12.02.2018	4/18

Forslag frå sekretariatet:

Saka takast til vitande.

Møtehandsaming
Oppdragsrevisor Birgitte L. Bøen gav utvalet ei orientering kring den laupande revisjonen i kommunen.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Saka takast til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

5/18 Referatsaker 12.02.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Nissedal kontrollutval	12.02.2018	5/18

Forslag frå sekretariatet:

Referatsakene takast til vitande.

Møtehandsaming

1. Referatsaker
   - Temarks vårkonferanse 19. april i Kristiansand
   - NKRF sin kontrollutvalskonferanse 7-8. februar – betraktningar
   - Dagsaktuelle saker – sekretariatet informerer

     Kontrollutvalet ber sekretariatet sende rådmannen nokre spørsmål kring kommunalsjef stillinga ved eining helse og rehabilitering.

2. Saker behandla i kommunestyret
   - PS 82/17 Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2018-20121
   - PS 85/17 Selskapskontrollrapport – Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS
   - PS 88/17 Møte og arbeidsplan 2018 Nissedal kontrollutval
   - PS 92/17 Permisjon frå politiske verv – Stein Skåli

3. Innkommen post
   - Ingen post

4. Neste møte 23.04.2018, kl. 09:00
   - Årsrekneskap for Nissedal kommune 2017
   - Årsrapport og årsrekneskap 2017 frå skatteoppkrevjaren
   - Orientering felles statleg tilsynskalender
   - Forvaltningsrevisjonsrapport – Saksutgreiing?

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Referatsakene takast til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

6/18 Eventuelt 12.02.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Nissedal kontrollutval	12.02.2018	6/18

Møtehandsaming
Inga saker vart handsama

Votering

Vedtak

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 18/04780-1
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Nissedal kontrollutval	23.04.2018

Årsrekneskap og årleg rapport 2017 for Nissedal kommune – kontrollutvalet si uttale

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet si uttale til Nissedal kommune sitt årsrekneskap for 2017:

Kontrollutvalet har handsama Nissedal kommune sitt årsrekneskap for 2017. Saman med årsrekneskapet følgde rådmannen sin årsrapport. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding og rapport til kontrollutvalet om årsrekneskapet.

Årsrekneskapet viser kr 120 403 000 til fordeling drift. Netto driftsresultat er på kr 4 234 000 og eit rekneskapleg mindreforbruk på kr 4 058 000. Investeringsrekneskapen viser eit resultat i balanse.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredstill brukaranes informasjonsbehov og gjev eit riktig bilete av dei forhold som årsmeldinga til rådmannen omhandlar.

Kontrollutvalet har ingen merknader til årsrekneskapen for Nissedal kommune for 2017 og sluttar seg til revisors melding av 23.03.2018. Kontrollutvalet anbefaler at Nissedal kommunes årsrekneskap for 2017 vert godkjend.

Kontrollutvalet si uttale sendast kommunestyret med kopi til formannskapet.

Bakgrunn for saka:

Tidligare Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) fastsette 15.06.04 forskrift for kontrollutval og revisjon. Desse forskriftene blei gjort gjeldande frå 01.07.04. I høve til § 5 i forskrift for revisjon skal revisor gje revisjonsmelding til kommunestyret. Vidare skal kontrollutvalet i høve til § 7 i forskrift for kontrollutval gje ei uttale om årsrekneskapet til kommunestyret før årsrekneskapet vedtakas. Kopi av denne uttala skal være formannskapet i hende før formannskapet gir sin innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Nissedal kommune har avlagt årsrekneskap og sendt si samla årsmelding til revisor og kontrollutvalet. Årsrekneskapet og årsmeldinga er levert innan gjeldande frist. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisors melding 23.03.2018 og den er ei såkalla normalmelding. Dette tyder at revisor ved

revisjon av årsrekneskapet ikkje har avdekka vesentlege feil eller manglar som krev atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga. I tillegg har kontrollutvalet motteke rapport om revisjon av årsrekneskapet. Denne rapporten er utarbeida for å forklare revisor sin revisjon av årsrekneskapet betre enn det som kjem fram av revisjonsmeldinga. Desse dokumenta dannar grunnlaget for kontrollutvalet si uttale.

I korte trekk kan følgande seiast om den økonomiske situasjonen i Nissedal kommune:

- Netto resultatgrad (tilhøvet mellom netto driftsresultat og driftsinntekter) som staten v/Teknisk berekningsutval har sett for ein sunn kommuneøkonomi er 1,75%. I Nissedal kommune er netto resultatgrad for 2017 på 2,2%.
- Ubruka lånemidlar er på kr. 11,8 mill. Nissedal kommune bør vurdere ved framtidige låneopptak å også nytte ubruka lånemidlar slik at denne ikkje bygger seg opp.
- Likviditetsgraden er 2,63. Denne måler kommunens evne til å dekke sine betalingsforpliktingar etter kvart som dei forfell og bør være høgare enn 2.
- Langsiktig gjeld til finansiering av investeringar og utlån er på kr 166 438 729. Mykje av denne gjelda er på VA utbygginga og sjølvkostområda.

Rådmannens økonomiske internkontroll

Revisjonen har gjennom året stort fokus på kommunens eigne rutinekontrollar. Revisjonen peikar på at det er ein svakhet i Nissedal kommune på linje med andre små kommunar at det er dårleg arbeidsdeling og med det ein dårlegare internkontroll. Rutinekontroll i 2017 viser at det har mangla avstemmingsrutine mellom forsystem og økonomisystem på barnehagebetaling og SFO. Dette vil bli implementert etter revisjonen sin kontroll.

Økonomisjef Jarle Bruun Olsen og kommunalsjef samfunn og utvikling Jan Arvid Setane er invitert til møtet for å presentere årsrekneskap og årsmelding 2017 for Nissedal kommune. Telemark kommunerevisjon IKS v/ Birgitte Lindner Bøen legg fram revisjonens rapport til kontrollutvalet.

Vurdering frå sekretariatet:

Sekretariatet meiner det framlagte rekneskapet og årsmeldinga gjev eit tilfredsstillande bilete av den økonomiske situasjonen og anbefaler å gi ei uttale slik det kjem fram av forslag til vedtak.

Vedlegg:

-Rapport om revisjon av regnskapet til Nissedal kommune 2017
-Årsrekneskap 2017 med melding frå revisor
-Årsberetning 2017

NISSEDAL KOMMUNE

ÅRSREKNESKAP 2017

Årsrekneskap 2017

Innleiing

Rådmannen legg med dette fram rekneskap for 2017. Rekneskapsdokumentet skal i fyrste rekke gje uttrykk for kommunen sine disposisjonar gjennom året, og den økonomiske stillinga ved utgangen av rekneskapsåret, men er også ein viktig dokumentasjon på korleis arbeidet med rekneskapet vert utført.

Det er viktig at rekneskapet vert sett i samanheng med kommunen si årsmelding. Rekneskapet syner inntekter og disponering av desse gjennom rekneskapsåret, og status ved utgangen, men gjev ikkje informasjon om kvifor tala er som dei er. Det skal årsmeldinga gje informasjon om.

Rekneskapsskjema 1B og *Note 17* syner dei ulike rammeområda sine rammer og disposisjonar av desse. Det er viktig å merke seg at desse meir-/mindreforbruka ikkje gjev uttrykk for anna enn ein rekneskapsmessig status. Rådmannen fremjar eiga sak til kommunestyret, der det må takast stilling til einingane sitt økonomiske resultat.

Økonomisk oversikt - drift syner eit netto driftsresultat (overskot) på kr 4.234.000, og eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 4.058.000.

Økonomisk oversikt – investering er avslutta i balanse.

Rekneskapet for 2017 vart gjort tilgjengeleg for kommunerevisjonen medio februar 2018.

Rådmannen meiner at det framlagte rekneskapet gjev eit rett uttrykk for kommunen si økonomiske stilling pr. 31.desember 2017.

Treungen, 21.02.2018

_____	_____
Sverre Sæter	Jan Arvid Setane
rådmann	kommunalsjef samfunn og utvikling

Melding frå revisor

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Postboks 2805, 3702 Skien
Tlf.: 35 91 70 30
e-post: post-tkr@tekomrev.no
www.tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00

Foretaksregisteret:
985 867 402 MVA

Til
Kommunestyret i Nissedal kommune

Vår ref.: 18/740/blb
Deres ref.:
Arkivkode: 830200

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Nissedal kommune som viser kr 120 403 000 til fordeling drift eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4 058 000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhaldt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding ut over dei lovmessige krava i KL § 48, 5. ledd, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bø, 23. mars 2018
Telemark kommunerevisjon IKS

Ottar Kleppe
oppdragsansvarleg revisor/
registrert revisor

Birgitte Lindner Bøen
oppdragsrevisor

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Administrasjonssjefen/rådmann

Innhald

Hovudoversikter

Økonomisk oversikt – Drift	Side 7
Økonomisk oversikt – Investering	Side 8
Rekneskapsskjema 1A – Driftsrekneskapet	Side 9
Rekneskapsskjema 1B – Driftsrekneskapet	Side 9
Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapet	Side 10
Rekneskapsskjema 2B – Investeringsrekneskapet	Side 11
Balanserekneskapet	Side 12

Forskriftsbestemte noter

Note 0 – Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering	Side 13
Note 1 – Endring i arbeidskapital	Side 14
Note 2 – Pensjon	Side 15
Note 3 – Kommunen sitt garantiansvar	Side 18
Note 4 – Fordringar og gjeld til kommunale føretak	Side 18
Note 5 – Aksjar og andelar i varig eige	Side 18
Note 6 – Interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27	Side 18
Note 7 – Bruk og avsetnad av fond	Side 19
Note 8 – Kapitalkonto	Side 21
Note 9 – Sal av finansielle anleggsmiddel	Side 21

Ikkje-forskriftsbestemte noter

Note 10 – Anleggsmiddel – aktivering og avskriving	Side 22
Note 11 – Langsiktig lån og avdrag	Side 25
Note 12 – Usikre og betinga forpliktingar	Side 25
Note 13 – Sjølvkostområde	Side 26
Note 14 – Fondsrekneskap – kraftfond	Side 27
Note 15 – Fondsrekneskap – næringsfond	Side 28
Note 16 – Fondsrekneskap – KMD-næringsfond	Side 29
Note 16-2 Fondsrekneskap – Småkommuneprogrammet	Side 30
Note 17 – Spesifisering av rekneskapsskjema 1B	Side 31
Note 18 – Løpande oppfylging av investeringsprosjekt	Side 36

Årsrekneskap 2017

Økonomisk oversikt - Drift

Tall i 1000 kroner	*Rekneskap 2017*	*Gjeldande budsjett 2017*	*Opprinneleg budsjett 2017*	*Rekneskap 2016*
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetalingar	-5 977	-6 131	-6 602	-6 840
Andre sal- og leigeinntekter	-24 840	-26 104	-21 946	-22 168
Overføringar med krav til motytingar	-23 077	-23 022	-15 357	-23 509
Rammetilskot	-59 017	-60 081	-58 843	-57 637
Andre statlege overføringar	-14 547	-14 546	-12 956	-8 688
Andre overføringar	-4 309	-4 087	-3 177	-3 495
Inntekts- og formueskatt	-35 709	-33 050	-34 550	-33 629
Eigedomsskatt	-14 630	-14 580	-13 780	-15 992
Andre direkte og indirekte skattar	-7 531	-7 884	-7 884	-7 482
Sum driftsinntekter	**-189 637**	**-189 485**	**-175 095**	**-179 441**
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	102 481	102 339	96 454	97 384
Sosiale utgifter	23 957	24 300	23 271	22 414
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal produksjon	27 953	28 043	24 508	26 916
Kjøp av tenester som erstattar kommunal produksjon	12 249	7 550	7 037	6 549
Overføringar	11 147	20 611	13 726	10 708
Avskrivingar	9 567	9 567	6 700	8 935
Fordelte utgifter	-1 015	-460	-222	-681
Sum driftsutgifter	**186 340**	**191 950**	**171 474**	**172 225**
Brutto driftsresultat	**-3 297**	**2 465**	**-3 621**	**-7 216**
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-1 612	-1 458	-1 208	-1 317
Gevinst finansielle instrument (omløpsmiddel)	0	0	0	0
Mottekne avdrag på lån	-4	0	-20	-1
Sum eksterne finansinntekter	**-1 616**	**-1 458**	**-1 228**	**-1 318**
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	2 499	2 567	2 677	2 406
Tap finansielle instrumenter (omløpsmiddel)	0	0	0	0
Avdragsutgifter	7 700	7 718	7 718	7 213
Utlån	47	30	30	22
Sum eksterne finansutgifter	**10 246**	**10 315**	**10 425**	**9 641**
Resultat eksterne finanstransaksjonar	**8 631**	**8 857**	**9 197**	**8 323**
Motpost avskrivingar	-9 567	-9 567	-6 700	-8 935
Netto driftsresultat	**-4 234**	**1 755**	**-1 124**	**-7 829**
BRUK AV AVSETNINGAR				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	-4 434	-4 434	0	-3 566
Bruk av disposisjonsfond	-2 183	-2 233	0	-528
Bruk av bundne fond	-4 538	-6 480	-3 946	-2 560
Sum bruk av avsetninger	**-11 155**	**-13 147**	**-3 946**	**-6 654**
AVSETNINGAR				
Overføring til investeringsrekneskap	0	0	0	0
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Avsetnad til disposisjonsfond	8 231	8 231	1 785	4 754
Avsetnad til bundne driftsfond	3 100	3 161	3 285	5 295
Sum avsetningar	**11 331**	**11 392**	**5 070**	**10 049**
Rekneskapsmessig meirforbruk (+) / mindreforbruk (-)	**-4 058**	**0**	**0**	**-4 434**

Årsrekneskap 2017

Økonomisk oversikt - Investering

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2017	Gjeldande budsjett 2017	Opprinneleg budsjett 2017	Rekneskap 2016
INNTEKTER				
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	-269	-238	0	-74
Andre salsinntekter	-104	-104	0	-3 922
Overføringar med krav til motyting	-11 920	-8 711	-11 323	-3 868
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 639	-2 848	-4 095	-1 200
Statlege overføringar	0	0	-733	0
Andre overføringar	-700	-700	0	-73
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	**-15 632**	**-12 601**	**-16 151**	**-9 136**
UTGIFTER				
Lønsutgifter	1	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	37 007	33 590	28 907	23 156
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	0	0	0	0
Overføringar	2 639	2 848	4 095	1 200
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	0	0	0	0
Fordelte utgifter	-169	-169	0	-1 489
Sum utgifter	**39 478**	**36 269**	**33 002**	**22 867**
FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR				
Avdragsutgifter	334	301	301	332
Utlån	1 794	1 800	1 500	1 776
Kjøp av aksjar og andelar	504	505	475	465
Dekking av tidlegare års udekka	0	0	0	0
Avsetningar til ubundne investeringsfond	262	455	0	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	798	578	0	1 370
Sum finansieringstransaksjonar	**3 694**	**3 639**	**2 276**	**3 943**
Finansieringsbehov	**27 541**	**27 307**	**19 127**	**17 674**
FINANSIERING				
Bruk av lån	-26 636	-26 636	-18 351	-15 162
Sal av aksjar og andelar	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	-535	-301	-301	-246
Overføringar frå driftsrekneskap	0	0	0	0
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	-475	-2 180
Bruk av bundne investeringsfond	-370	-370	0	-86
Sum finansiering	**-27 541**	**-27 307**	**-19 127**	**-17 674**
Udekka (+) / Udisponert (-)	**0**	**0**	**0**	**0**

Årsrekneskap 2017

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapet

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2017	Gjeldande budsjett 2017	Opprinneleg budsjett 2017	Rekneskap 2016
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Skatt på inntekter og formue	-35 709	-33 050	-34 550	-33 629
Ordinært rammetilskot	-59 017	-60 081	-58 843	-57 637
Skatt på eigedom	-14 630	-14 580	-13 780	-15 992
Andre direkte eller indirekte skattar	-7 531	-7 884	-7 884	-7 482
Andre generelle statstilskot	-14 547	-14 546	-12 956	-8 688
Sum frie disponible inntekter	**-131 434**	**-130 141**	**-128 013**	**-123 429**
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	-1 612	-1 458	-1 208	-1 317
Gevinst finansielle instrument	0	0	0	0
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	2 498	2 567	2 677	2 398
Tap finansielle instrument	0	0	0	0
Avdrag på lån	7 700	7 718	7 718	7 213
Netto finansinntekter/-utgifter	**8 587**	**8 827**	**9 187**	**8 294**
AVSETNINGAR OG BRUK AV AVSETNINGAR				
Til dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	8 231	8 231	1 785	4 754
Til bundne avsetningar	0	0	0	0
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	-4 434	-4 434	0	-3 566
Bruk av ubundne avsetningar	-1 353	-1 353	0	-528
Bruk av bundne avsetningar	0	0	0	0
Netto avsetningar	**2 444**	**2 444**	**1 785**	**660**
FORDELING				
Overført til investeringsrekneskapet	0	0	0	0
Til fordeling drift	-120 403	-118 870	-117 041	-114 475
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	116 345	118 870	117 041	110 042
Rekneskapsmessig meirforbruk (+) / mindreforbruk (-)	**-4 058**	**0**	**0**	**-4 434**

Rekneskapsskjema 1B - Driftsrekneskapet, fordelt på rammeområde

Tall i 1000 kroner	*Rekneskap 2017*	*Gjeldande budsjett 2017*	*Opprinneleg budsjett 2017*	*Rekneskap 2016*
Netto driftsutgifter pr rammeområde				
Felles	5 755	6 479	17 925	5 311
Sentrale inntekter, renter og avdrag	0	0	0	0
Eining for skule	24 209	24 981	23 511	22 077
Eining for barnehage	14 058	14 162	13 509	12 824
Eining for kultur	6 327	5 961	4 888	4 980
Eining for helse og habillitering	23 315	24 149	23 678	22 861
Eining for omsorg	25 331	24 853	24 048	24 356
Eining for teknisk drift	15 094	15 165	10 509	14 921
Interkommunalt plankontor	136	372	323	77
Ymse prosjekt	0	0	0	214
Sjølvkost - vatn og kloakk	-1 044	-869	-5 107	-788
Nav Nissedal	3 107	3 540	3 689	3 158
Næring og reiseliv	57	77	68	51
Netto for rammeområde	**116 345**	**118 870**	**117 041**	**110 042**

Årsrekneskap 2017

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapet

Tall i 1000 kroner	*Rekneskap 2017*	*Gjeldande budsjett 2017*	*Opprinneleg budsjett 2017*	*Rekneskap 2016*
INVESTERINGSBEHOV				
Investeringar i anleggsmiddel	39 478	36 269	33 002	22 867
Utlån og forskottering	2 299	2 305	1 975	2 241
Avdrag på lån	334	301	301	332
Dekking av tidlegare års udekka	0	0	0	0
Avsetningar	1 061	1 033	0	1 370
Årets finansieringsbehov	**43 172**	**39 908**	**35 278**	**26 810**
FINANSIERING				
Bruk av lånemidlar	-26 636	-26 636	-18 351	-15 162
Inntekter frå sal av anleggsmiddel	-269	-238	0	-74
Tilskot til investeringar	-700	-700	-733	-73
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-12 454	-9 012	-11 624	-4 114
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 639	-2 848	-4 095	-1 200
Andre inntekter	-104	-104	0	-3 922
Sum ekstern finansiering	**-42 802**	**-39 538**	**-34 803**	**-24 544**
Overført frå driftsbudsjettet	**0**	**0**	**0**	0
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	-370	-370	-475	-2 266
Sum finansiering	**-43 172**	**-39 908**	**-35 278**	**-26 810**
Udekka / Udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**

Årsrekneskap 2017

Rekneskapsskjema 2B - Investeringsrekneskapet

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2017	Gjeldande budsjett 2017	Opprinneleg budsjett 2017	Rekneskap 2016
Frå rekneskapsskjema 2A:				
Investeringar i anleggsmiddel	39 478	36 269	33 002	22 867
Fordeling på investeringsprosjekt				
Kjøp og sal av aksjar, andelar og tomter	177	178	0	2
Nissedal sin del av fellesinvesteringar - Gautefallheia	169	169	0	1 489
VA-Gautefallheia - Trinn2 - Gama-Nisser dam	0	0	0	314
VA-Gautefallheia - Trinn6 - Vassverk i Treungen	104	104	0	0
VA-Gautefallheia - Trinn7 - Renseanlegg	0	0	0	841
Miljøretta helsevern - påkostningar skulebygg	184	184	0	795
Agresso-modul-A-melding	0	0	0	-13
Oppgradering av ePhorte/Microsoft-lisensar	0	0	0	397
Adressering-skilting-vegnamn	40	75	0	217
Skatepark - Kyrkjebygda - trinn2	0	0	0	72
Omsorgsbustader/aldersbustader/flyktningbustader	0	0	0	1 523
Satsing på Ikt i skulen	63	63	0	600
Gps på Plankontoret	0	0	0	139
Ny tankbil til brannvesenet/nødforsyning av vatn	0	0	0	817
Asfaltering av grusvegar	3 382	3 639	0	2 524
Utviding av VA-nett i Nordbygda	0	0	0	595
Omlegging av kloakkleidning Landvik-TreungenRA	61	50	0	986
Utstyr for web-overføring i kommunestyresalen	0	0	0	124
Vassforsyning-Sandtjønnlia hyttefelt m.fl.	2 542	2 600	0	7 626
Utbyggingsavtale-kloakk-Naurak-felt2	0	0	0	340
Vass- og kloakkleidning til Ånundsbuoddane	335	251	0	799
Utbygging-Tveit skule - småskulen	7 817	7 781	7 937	198
Ombygging-kommunehuset-2.etg.	2	0	0	161
Oppgradering Agresso til Milestone	324	300	0	362
Utviding av Framnes bustadfelt	1 442	1 526	0	224
Gateljos - Sagvegen/Mila	0	0	0	693
Breibandutbygging	0	0	2 625	0
Tur-/sykkelløype Åmli - Treungen	0	0	1 466	0
4 Utleigebustader - Flyktningar	11 196	8 240	10 000	0
4 omsorgsbustader - Omsorgssenteret	6	5	8 000	0
Oppgradering av Office	0	40	450	0
Vass- og avløpsledning - Eriksneset/Treungen Hyttegrend	798	660	0	0
Utbyggingsavtale - Felehovet nord, felt C	1 480	1 480	2 524	0
Anleggsbidragsavtale - Nordbø	0	0	0	254
Anleggsbidragsavtale - Felehovet Nord, Felt C	0	0	0	789
Nissedal renseanlegg - ny inntaksrist	276	300	0	0
Utviding av driftsovervaking - vatn og kloakk	999	1 000	0	0
Kommunal vassforsyning - Bjønntjønn fjellgrend	1 580	1 380	0	0
Ladestasjon - Treungen	494	625	0	0
Anleggsbidragsavtale-Naurak, ø.del felt 1-kloakk	535	535	0	0
Svivkollen hyttefelt - vass- og avlaupsløysing	1 332	1 302	0	0
Utviding av VA-nettet i Nordbygda - Volline gard	1 234	1 000	0	0
Ånundsbuoddane-hovudgrøft og internnett	2 282	2 257	0	0
Prosjektering-hovudleidning-Treungen-Kyrkjebygda	325	525	0	0
Eriksneset hyttefelt - VA-planar og anleggsbidrag	300	0	0	0
Sum fordelt	**39 478**	**36 269**	**33 002**	**22 867**

Årsrekneskap 2017

Balanserekneskapet

Tall i 1000 kroner	Noter	*Rekneskap 2017*	*Rekneskap 2016*
EIGENDELAR			
A. ANLEGGSMIDDEL			
Fast eigendom og anlegg	10	256 186	226 417
Utstyr, maskiner og transportmiddel	10	9 357	9 672
Utlån		15 068	13 765
Aksjar og andelar	5	9 984	9 480
Pensjonsmidlar	2	206 257	190 391
Sum anleggsmiddel		**496 853**	**449 725**
B. OMLØPSMIDDEL			
Kortsiktige fordringar		23 993	22 721
Premieavvik	2	9 075	9 565
Aksjar og andelar		0	0
Sertifikat		0	0
Obligasjonar		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskot		58 049	45 193
Sum omløpsmiddel		**91 117**	**77 478**
Sum eigendelar		**587 970**	**527 204**
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. EIGENKAPITAL			
Disposisjonsfond	7	-10 274	-4 226
Bundne driftsfond	7	-28 057	-29 496
Ubundne investeringsfond	7	-262	0
Bundne investeringsfond	7	-2 051	-1 622
Rekneskapsmessig mindreforbruk		-4 058	-4 434
Rekneskapsmessig meirforbruk		0	0
Udisponert i investeringsrekneskapet		0	0
Udekka i investeringsrekneskapet		0	0
Kapitalkonto	8	-93 610	-77 729
Endring av rekneskapsprinsipp som påverker AK (drift)		-10	-10
Endring av rekneskapsprinsipp som påverkar AK (investering)		0	0
Sum eigenkapital		**-138 322**	**-117 516**
D. GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Pensjonsforpliktingar	2	-248 613	-235 968
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	11	-166 439	-145 664
Sum langsiktig gjeld		**-415 052**	**-381 632**
KORTSIKTIG GJELD			
Kassekredittlån		0	0
Anna kortsiktig gjeld		-34 596	-28 056
Premieavvik	2	0	0
Sum kortsiktig gjeld		**-34 596**	**-28 056**
Sum eigenkapital og gjeld		**-587 970**	**-527 204**
MEMORIAKONTOAR:			
Ubruka lånemidlar		11 809	9 635
Andre memoriakontoar		225	115
Motkonto for memoriakontoar		-12 034	-9 750
Sum memoriakontoar		**0**	**0**

Årsrekneskap 2017

Note 0 Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering (jfr. KRS 6)

Kommunerekneskapet er finansielt orientert, og skal vise alle økonomiske midlar som er tilgjengelege i året, og bruken av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som fylgjer av anordningsprinsippet. Det betyr at alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i løpet av året, skal framkome av drift- eller investeringsrekneskapet i året om dei er betalt eller ikkje.

Rekneskapet vert presentert etter gjeldande rammestruktur, noko som medfører at rekneskapstal frå førre år kan avvike frå det avlagte rekneskapet i fjor.

Rekneskapet er avslutta i henhald til god kommunal rekneskapsskikk og til rekneskapsstandardar (GKRS) definert av Foreninga for God Kommunal RekneskapsSkikk.

Pensjonar

Etter § 13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapet belastast med pensjonskostnader som er berekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Avvik mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad kallast premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapet, med tilbakeføring att året etter eller over dei neste 15 åra (10 år f.o.m 2012/7 år f.o.m.2014). Nissedal kommune har vald tilbakeføring over 15 år (10 år f.o.m 2012/7 år f.o.m.2014).

Bestemmelsane inneber og at berekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er ført opp i balansen som hhv. anleggsmiddel og langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel

Omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av "anskaffelseskost" og verkeleg verdi. Kommunen har ikkje marknadsbaserte verdipapir som del av ein handelsportefølje.

Anskaffelseskost

Ved lånefinansiering av investeringar er ikkje renteutgiftene lagt til "anskaffelseskost".

Kommunen sine anleggsmiddel er aktivert til brutto "anskaffelseskost", i samsvar med GKRS nr 2. Dvs at mottekne tilskot ikkje er fråtrekt i "anskaffelseskost".

Organisering av kommunen si verksemd

Verksemda til kommunen er på fleire område organisert som samarbeid med andre kommunar. Dette er både organisert som ordinær utveksling av tenestar og som kommunale IKS. Utveksling av tenestar gjeld kjøp av landbruk-, miljø- og skatterekneskap-tenester av Kviteseid kommune, og sal av plan- og lønskontor-tenester til Kviteseid kommune. Brannforebyggande tenester, renovasjon, revisjon, kontrollutvalssekretariat og PP-tenester er alle organisert som IKS der kommunen er deltakar. Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark er organisert i eit vertskommunesamarbeid, der Kviteseid kommune er vertskommune. Nissedal kommune er vertskommune for samarbeid med Drangedal kommune om felles utbygging av VA-infrastruktur på Gautefallheia. Samarbeidet er organisert etter kommunelova sin §27 og sameigelova. Samarbeidet er ikkje eit eige rettssubjekt, og mynde er grunnlagt på delegert mynde frå kommunestyra i deltakarkommunane.

Note 1 Endring i arbeidskapital (F § 5 nr. 1)

Balanserekneskapet :	31.12.2017	31.12.2016	Endring
2.1 Omløpsmidlar	91 117 035	77 478 419	13 638 616
2.3 Kortsiktig gjeld	34 595 902	28 055 666	6 540 236
Arbeidskapital	56 521 133	49 422 753	7 098 380

Drifts- og investeringsrekneskapet :	Beløp	Sum
Tilgang av midler :		
Inntekter driftsrekneskap	189 636 763	
Inntekter investeringsrekneskap	15 631 532	
Innbet.ved eksterne finanstransaksjonar	28 786 131	
Sum tilgang av midler	234 054 426	234 054 426
Bruk av midlar :		
Utgifter driftsrekneskap	176 772 488	
Utgifter investeringsrekneskap	39 477 865	
Utbetalingar ved eksterne finanstransaksjonar	12 879 694	
Sum bruk av midlar	229 130 047	229 130 047
Tilgang - bruk av midlar		4 924 379
Endring ubruka lånemidlar (auke +/reduksjon-)		2 174 001
Endring arbeidskapital i drifts-og inv.reknesk.		7 098 380
Endring arbeidskapital i balansen		7 098 380
Differanse		0

Avstemming anleggsmiddel og langsiktig gjeld				
Kapittel	**Balanserekneskapet**	**31.12.2017**	**31.12.2016**	**Endring**
2.2	Anleggsmiddel (+ v/økn.)	496 852 503	449 725 154	47 127 349
2.4	Langsiktig gjeld (- v/økn.)	415 051 559	381 631 999	-33 419 560
Differanse		81 800 944	68 093 155	13 707 789
29100	Memoria for ubruka lånemiddel (+ økning/- reduksjon)			2 174 001
Sum endring i balanserekneskapet (berekna endring i kapitalkonto)				15 881 791
25990001	Kapitalkonto	93 610 340	77 728 549	15 881 791
Differanse				0

Note 2 Pensjon (F § 5 nr. 2)

Generelt om pensjonsordningane i kommunen

Kommunen har kollektive pensjonsforsikringar for sine tilsette i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Ordninga gjev ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjer ein samla bruttopensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Framtidige ytingar innan pensjon blir utrekna ut frå talet på oppteningsår og lønnsnivået ved pensjonsalder. Ordninga sikrar ein brutto uførepensjon på same nivå som alderspensjonen, og omfattar i tillegg ektefelle- og barnepensjon.

Framtidige premiar vil påverkast av risikomessig over- eller underskot på noverande og tidlegare tilsette både i kommunen og i andre kommunar som er med i ordninga. Premien vil og vere påverka av avkastning, lønnsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

Tilsett som er i kommunen si teneste ved fylte 62 år har og rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar. AFP for 62-64 år er i utgongspunktet ikkje fullt forsikringsmessig dekka, men kommunen har her valgt ei forsikringsteknisk løysing der årleg premie dekker alle noverande og framtidige AFP-pensjonar.

Alle påløpte pensjonsforpliktingarer er ikkje med i rekneskapet

Kommunal rekneskapspraksis fører til at året sine påløpte pensjonsforpliktingar for kommunen til framtidig eigenandel på 50% av avtalefesta pensjon (AFP) på tilsette som tek ut AFP frå fylte 62 år og fram til fylte 65 år, ikkje vert utgiftsført i driftsrekneskapet. Etter gjeldande lov og forskrift for kommunalt rekneskap skal alle påløpte betalingsforpliktingar (utgifter) utgiftsførast når forpliktinga skjer, dvs i dette tilfellet når den tilsette arbeider, og ikkje på det tidspunktet han har gått av med pensjon. Denne betalingsforpliktinga som forfell fram i tid, skulle ha blitt klassifisert som langsiktig gjeldsforplikting. Dette er likevel ikkje kommunal rekneskapspraksis, og vil fyrst bli gjennomført frå det tidspunktet dette presiserast frå departementet eller God kommunal rekneskapsskikk.

Periodisering av pensjon iht forskrift i høve til kommunelova sine bestemmelsar

Rekneskapsføring av pensjon skjer i hht. "forskrift om årsregnskap og årsberetning § 13". Berekningsføresetnadene er fastsett i medhold av forskrifta § 13-5 og av pensjonsordningane.

Prinsippendringar

Rekneskapsforskrifta §13 om pensjon vart i 2011 endra på 2 vesentlege punkt for rekneskapsføring av pensjon. Det eine var at amortiseringstida for premieavvik oppstått frå og med 2011 vart redusert frå 15 til 10 år. Det andre var at estimatavvik skal balanseførast fullt ut frå og med 2011. Dette siste medfører ein betydeleg auke i balanseførte pensjonsmidlar og -forpliktingar. Premieavvik oppstått i 2014 og seinare skal amortiserast over maksimalt 7 år.

Nærare om rekneskapstala

Dei 2 neste sidene gjev ei oppstilling over alle relevante rekneskapstal knytta til pensjon.

Årsrekneskap 2017

	SPK		KLP	
PENSJONSKOSTNADER	**2016**	**2017**	**2016**	**2017**
Årets opptening	1 464 029	1 619 718	8 928 551	9 592 866
Rentekostnader	922 089	1 002 936	8 023 133	8 447 499
Brutto pensjonskostnad	2 386 118	2 622 654	16 951 684	18 040 365
Forventa avkastning	-722 192	-750 621	-7 419 911	-7 918 022
Netto pensjonskostnad	1 663 926	1 872 033	9 531 773	10 122 343
Sum amortisert premieavvik	1 295	52 927	1 239 821	1 471 795
Avregning for tidlegare år	0	0	0	0
Administrasjonskostnad	55 354	57 619	673 382	691 439
Samla kostnad (inkl. adm.)	1 720 575	1 982 579	11 444 976	12 285 577
Arb.g.avg. av amortisert premieavvik	137	5 610	131 421	156 010
PREMIEAVVIK				
Innbetalt premie (inkl. adm.)	2 080 705	2 016 519	11 828 965	11 809 021
herav avrekning for året før	32 093	-1 855	0	0
Administrasjonskostnad	-55 354	-57 619	-673 382	-691 439
Netto pensjonskostnad	-1 663 926	-1 872 033	-9 531 773	-10 122 343
Premieavvik	361 425	86 867	1 623 810	995 239
Arb.g.avg. av arb.g.andel av premie inkl.adm.	187 430	178 688	1 100 206	1 091 980
Arbeidsgjevaravgift av årets premieavvik	38 311	9 208	172 124	105 495
PENSJONSFORPLIKTINGAR	**31.12.2016**	**31.12.2017**	**31.12.2016**	**31.12.2017**
	ESTIMAT	**ESTIMAT**	**ESTIMAT**	**ESTIMAT**
Brutto påløpt forplikting	25 438 332	27 696 065	206 161 857	216 857 368
Pensjonsmidlar	-18 530 019	-19 602 000	-171 860 533	-186 655 240
Netto forplikting før arb.gj.avgift	6 908 313	8 094 065	34 301 324	30 202 128
Arbeidsgjevaravgift av nto.pål.forpl.	732 281	857 971	3 635 940	3 201 426

SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSFORPLIKTING UB - ESTIMAT

	SPK		KLP	
	2016	**2017**	**2016**	**2017**
Brutto pensjonsforplikting IB 1.1.	25 438 852	25 438 332	193 592 243	206 161 857
Estimatavvik forplikting IB 1.1.	0	-364 921		-1 789 635
Faktisk forplikting	25 438 852	25 073 411	193 592 243	204 372 222
Årets opptening	0	1 619 718	8 928 551	9 592 866
Rentekostnad	0	1 002 936	8 023 133	8 447 499
Utbetaling	0	0	-4 879 194	-5 555 219
Amortisering estimatavvik - forplikting	-2 386 638		497 124	0
Brutto pensjonsforplikting UB 31.12 - estimat	23 052 214	27 696 065	206 161 857	216 857 368
Attståande amortisering - forpliktingar	0	0	0	0
Brutto pensjonsforpl. UB 31.12 - estimat full amortisering	23 052 214	27 696 065	206 161 857	216 857 368

SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSMIDLAR UB - ESTIMAT

	SPK		KLP	
	2016	**2017**	**2016**	**2017**
Brutto pensjonsmidlar IB 1.1 - estimat full amortisering	21 405 163	18 530 019		171 860 533
Estimatavvik pensjonsmidlar	0	-1 637 540		1 314 322
Faktiske pensjonsmidlar	21 405 163	16 892 479	160 070 380	173 174 855
Forfalt premie (inkl.administrasjon)	2 080 705	2 016 519	11 828 965	11 809 021
Administrasjon	-55 354	-57 619	-673 382	-691 439
Utbetalingar	0	0	-4 879 194	-5 555 219
Forventa avkasning	722 192	750 621	7 419 911	7 918 022
Amortisering estimatavvik - midlar	-5 622 686		-1 906 147	0
Brutto pensjonsmidlar UB 31.12 - estimat	18 530 020	19 602 000	171 860 533	186 655 240
Attståande amortisering - pensjonsmidlar	0	0	0	0
Bto. pensjonsmidlar UB 31.12 - estimat full amortisering	18 530 020	19 602 000	171 860 533	186 655 240

Årsrekneskap 2017

AMORTISERING AV PREMIEAVVIK

	SPK		KLP	
	2016	**2017**	**2016**	**2017**
Berekna premieavvik året før	251 850	361 425	-728 786	1 623 810
1/7 av fjorårets premieavvik amortiserast	35 979	51 632	-104 113	231 973
Amortisering av premieavvik frå tidlegare år	-34 684	1 295	1 343 934	1 239 821
Sum amortisert premieavvik til føring	1 295	52 927	1 239 821	1 471 794
Akumulert attståande premieavvik 31.12.	290 611	331 019	8 373 579	7 897 024

SPESIFIKASJON AV ESTIMATAVVIK, PLANENDRING OG TARIFFENDRING

		SPK		KLP
Endra forplikting - Planendring				
Endra forplikting - Ny dødelighetstariff		587 933		
Endra forplikting - Øvrige endringar				-1 789 635
Endringar i forpliktingar - Totalt		587 933		-1 789 635

AVSTEMMING

		SPK		KLP
Balanseført netto forplikting IB 1.1		6 908 312		34 301 324
Netto pensjonskostnad		1 872 033		10 122 343
Administrasjonskostnad		57 619		691 439
Amortisert premieavvik i år		52 927		0
Forfalt premie (inkl. administrasjon)		-2 016 519		-11 809 021
Brutto estimatavvik		0		-3 103 957
Netto balanseført estimatavvik i år		1 219 692		0
Balanseført netto forplikting UB 31.12		8 094 064		30 202 128

FØRESETNADER FOR BEREKNINGANE

		SPK		KLP
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	4,35 %	4,30 %	4,60 %	4,50 %
Diskonteringsrente	4,00 %	4,00 %	4,00 %	4,00 %
Forventa årleg lønnsvekst	2,97 %	2,97 %	2,97 %	2,97 %
Forventa årleg G-regulering	2,97 %	2,97 %	2,97 %	2,97 %
Forventa årleg pensjonsregulering			2,20 %	2,20 %
Amortiseringstid				7

Føresetnader for turn-over KLP	**Sj.pl/Tillitsv.**	**Fellesordn.**
under 20 år	20 %	20 %
20-23 år	8 %	15 %
sj.pl. 24-25 år / felles 24-29	6 %	10 %
sj.pl.26-30 år (med frådrag av 0,4% pr. år over 25 år)/felles 30-39	6 %	7,5 %
sj.pl.31-45 år (med frådrag av 0,2% pr. år over 30 år)/felles 40-50	4 %	5 %
sj.pl.46-50 år (med frådrag av 0,1% pr. år over 45 år)/felles 51-55	1 %	2 %
sj.pl.over 50 år/felles over 55	0 %	0 %

Uttak av AFP i % - KLP	
Alder (i år)	62 år
Sjukepleiarar	33 %
Felles 1)	33 %
Felles 2)	45 %

1) 65 års aldersgrense
2) 70 års aldersgrense

Føresetnader for friviljug avgang SPK	
18-39 år	4,5 %
40-54 år	2,0 %
55 år og over	1,0 %

Uttaksandel i AFP	
62-66 år	50 %

PREMIEAVVIK SIN INNVERKNAD PÅ NETTO DRIFTSRESULTAT

	Kostra-funksjon	
Årets premieavvik i begge pensjonsordningane inkl. arbeidsgjevaravgift	1700	-1 196 809
Amortisering av tidlegare års premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift	1710	1 686 343
Netto innverknad på netto driftsresultat		489 534

PREMIEFOND

Bruk av premiefond til dekking av årets premie innan klp	1730	-1 703 404
Det ligg ikkje føre informasjon om saldo premiefond pr. 31.12.		

Note 3 Kommunen sitt garantiansvar (F § 5 nr 3)

Gjeve for - namn	Adresse	Beløp pr 31.12.17	Beløp pr 31.12.16	Går ut - dato
		0	0	
Sum garantiansvar		**0**	**0**	

Note 4 Fordringar og gjeld til kommunale foretak, bedrifter og samarbeid jf kommunelova §§ 11 og 27 (F § 5 nr 4)

Kommunal verksemd - namn:	31.12. 2017		31.12. 2016	
	Fordringar	Gjeld	Fordringar	Gjeld
	0	0	0	0
Sum	**0**	**0**	**0**	**0**

Note 5 Aksjar og andelar i varig eige (F § 5 nr 5)

Selskapet sitt namn	Eigarandel i selskapet	Marknads-verdi	Balanseført verdi 31.12.17	Balanseført verdi 31.12.16
Vest-Telemark Blad AS	3,40 %		15 500	15 500
Telemark interkom. Næringsfond	0,30 %		16 000	16 000
Telemarksreiser A/L	0,50 %		5 000	5 000
Attføringssenteret i Rauland AS			5 000	5 000
Telemark bilruter L/L			1 000	1 000
GTI AS			0	0
Skien Dalen Skipsselskap AS	0,20 %		10 000	10 000
Kommunekraft AS			1 000	1 000
Hjalarhornet Radio AS			13 000	13 000
KLP- eigenkapitalinnskot			4 328 122	3 823 647
Kvito AS (Kviteseid arbeidssamvirke m.fl.)	0,59 %		5 000	5 000
Telemark kommunerevisjon IKS	0,70 %		6 522	6 522
Telemark kontr.utv. sekretariat IKS	2,80 %		13 500	13 500
IATA IKS	10,30 %		51 500	51 500
VTK AS	5,00 %		5 000 000	5 000 000
IKA Kongsberg IKS	1,33 %		0	0
Vest-Telemark Næringsbygg AS			513 000	513 000
			9 984 144	9 479 669

Note 6 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 (F § 12 nr 3)

Det er viktig at kommunen har rutinar for å førebyggje og avdekke mislegheiter. Vi har årleg møte med leiinga i kommunen, med fokus på etiske retningsliner, sakshandsamingsreglar, antikorrupsjon mv. Vi har og kontinuerleg fokus på dette i vår revisjon av rekneskapen. Vi har ikkje fått signaler i vårt arbeid i 2017 som tyder på mislegheiter.

Særattestasjonar og rådgiving

Vi utfører årleg ein del attestasjonsoppgåver for kommunen. Nokre attestasjonar blir utført i samsvar med lov og forskrift og andre i samsvar med krav stilt av eksterne tilskotsgjeverar. Felles for dei alle er at vi fylgjer internasjonale standardar for attestasjonsoppdrag.

Fylgjande særattestasjonar er gjennomført det siste året:

- Mva. kompensasjon 6 terminar i året
- Rapportering av tal på personar med psykisk utviklingshemming
- Tilskotsordning for særleg ressurskrevjande helse- og sosialtenester i Nissedal kommune
- Kommunalt rusarbeid

Vi yter også rådgivingstenester til administrasjonen, både i form av større utredningar og løypande enkeltspørsmål.

Oppsummering

Vi meiner framstillinga ovanfor kan vere eit godt grunnlag for kontrollutvalets oppfølging av rekneskapsrevisjonen for 2017. Viktige tilhøve som ikkje er endeleg avklara ved avslutning av revisjonen for 2017, vil bli fylgt opp i samband med revisjonen for 2018.

Vi meiner at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og tilrår at det fastsettast som Nissedal kommunes sin årsrekneskap for 2017. Mindreforbruket må disponerast i kommunens sitt kommande årsbudsjett.

Bø, 23.03.2018
Telemark kommunerevisjon IKS

Ottar Kleppe
oppdragsansvarlig revisor/
registrert revisor

Birgitte Lindner Bøen
oppdragsrevisor

vedlegg: Melding frå revisor for 2017

kopi til: rådmannen
kommunalsjef samfunn og utvikling

NISSEDAL KOMMUNE

ÅRSMELDING 2017

Innhald:

Årsberetning

1. Innleiing ..... s. 3
2. Organisering av kommunen (politisk og administrativ)..... s. 4
2.1. Organisasjonskart ..... s. 4
2.2. Politisk organisering ..... s. 5
2.3. Administrativ organisering ..... s. 5
2.4. Interkommunalt samarbeid ..... s. 6
3. Investeringsrekneskapen ..... s. 7
4. Driftsrekneskapen ..... s. 12
5. Balansen s.19
5.1. Gjeld..... s.19
5.2. Arbeidskapital s.19
5.3. Utestående fordringar s.19
5.4. Fond s.19
6. Rapport - Finansforvaltning..... s.20
7. Aktivitetsnivået på utvalde område s.22
8. Likestilling s.23
8.1. Kjønnsfordeling s.23
8.2. Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid s.24
8.3. Lønsnivå s.24
8.4. Stillingsbrøk s.25
8.5. Vidareutdanning – kompetanseheving s.25
8.6. Etnisitet og nedsett funksjonsevne s.25
9. Fråvær s.26
10. Etisk standard s.26
11. Årsverk/løn/revisjon s.26
12. Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling..... s.27

KOSTRA

13. KOSTRA-TAL s.28

Handlingsprogram - rapportering

14. Måloppnåing og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan & handlingsprogram s.30
14.1. Felles s.31
14.1.1. Sentral leiing s.31
14.1.2. Fellestenesta s.33
14.1.3. IKT s.33
14.1.4 Næring s.34
14.1.5. Renovasjon s.36
14.1.6. Vest-Telemark brannvernsamarbeid s.36
14.1.7. Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid s.36
14.1.8 NAV s.38
14.2. Eining for skule s.41
14.3. Eining for barnehage s.47
14.4. Eining for kultur s.50
14.5. Eining for helse og habilitering s.56
14.6. Eining for omsorg s.59
14.7. Eining for teknisk drift s.63
14.8. Interkommunalt plankontor for Nissedal og Kviteseid s.67

Vedlegg

Vedlegg I: Årsmelding for Nissedal Fellesråd s.69

Årsmelding 2017

1. Innleiing

Budsjettet for 2017 blei vedteke med eit netto driftsresultat på 1,1 mill. (0,65%) Dette er godt under nasjonal målsetning på 1,75%, men ein klar forbetring i høve til opphavleg budsjett 2016 der det var budsjettert negativt netto driftsresultat på 1,5 mill. Hovudforklaringa til denne utviklinga frå 2016 til 2017 er auke i inntekter. Auke i inntekter er samansett og noko ein vil kome attende til i seinare punkt, men dei største enkeltmomenta er intergreringstilskot for flyktningar som auka med 4,2 mill. og at kommunen har overtatt fakturering av renovasjonsavgifter, som utgjer 5,6 mill. Rekneskapen for 2017 synte eit netto driftsresultat på 2,2%

Handlingsprogrammet la opp til busetjing av flyktningar også i 2017. Det blei i løpet av året busett 18 flyktningar, fordelt på 3 familiar, 3 einslege og 1 familiegjenforeining . Det er nå gjennom 3 år busett 51 flyktningar i kommunen. Arbeidet med busetjing av flyktningar har gått svært bra, men det er sjølvsagt knyt ulike utfordringar til dette arbeidet. Men så langt har dette blitt handtert svært bra av alle involverte. Innvandrar (som er ei gruppe som omfattar fleire enn flyktningar) utgjer nå 10,6% av innbyggarane i kommunen. For heile landet er tilsvarande tal 13,8%.

Nissedal har hatt ein positiv auke i folketalet gjennom fleire år. 31.12.17 var det busett 1.489 personar i Nissedal, som er ein oppgang på 13 personar sidan 31.12.16. Dette utgjer ein vekst i folketalet på 0,9%. Tilsvarande tal for Telemark var 0% og for landet under eitt 0,7%. Veksten på 13 personar er samansett slik: Fødselsoverskot 1, netto innvandring 18, netto innanlands flytting -6. Med andre ord var busetjing av flyktningar i 2017 ein viktig del av, eller kanskje heile auken i folketalet.

Som ein oppfølging av arbeidet med kommunereform har det i 2017 blitt arbeidd på fleire område med å utgreie interkommunalt samarbeid. Etablering av felles NAV-kontor er det samarbeidsområdet ein har kome lengst med. Det blei i Vest-Telemark jobba med evt. samarbeid på IKT, landbruk, næring og ulike økonomifunksjonar. Men dette arbeidet er avslutta utan at ein kom nærare eit samarbeid på desse områda.

Etter VA-utbygginga på Gautefall fullført i 2016 har likevel VA-utbygging blitt vidareført på eit høgt nivå. Av sum utgifter investeringar i løpet av 2017 på 39,5 mill. er 14,4 mill. knyt til vatn og avlaup. Men det har vore høg aktivitet i høve til bygg. Småskulen på Tveit skule og bygging av flyktningbustader blei nær fullført i 2017. Asfaltering av kommunale vegar har og vore eit av dei større prosjekta i 2017.

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5%. I 2017 blei fråværet 6,83%, slik at dette målet diverre ikkje blei nådd. Dette var ein nedgang på 0,38 prosentpoeng i høve til 2016, men opp 0,91 prosentpoeng i høve til 2015. Ein må derfor kunne seie at ein over tid har hatt problem med å kome ned mot det er som er sett som målsetning for nivå på sjukefråvær.

Som nemnd innleiingsvis, blei budsjett 2017 vedteke med eit netto driftsresultat på 0,65%. Ved avslutning av rekneskapen var dette endra til eit netto driftsresultat på 2,2%. Dette vil seie at det har vore ei positiv økonomisk utvikling gjennom året. Rekneskapsmessig mindreforbruk for 2017 blei 4,1 mill. Dette skuldast m.a. skatteinngangen mot slutten av året blei godt over budsjett. Dette er tredje året på rad med forholdsvis store mindreforbruk. Dette er positivt i høve til å bygge opp att ein økonomisk reserve for kommunen. "Felles buffer" utgjer pr. 31.12.17, 8,7 mill. Dersom ein legg til grunn at mindreforbruket i 2017 og vert avsett til buffer utgjer då "felles buffer" 12,8 mill. Men det å få eit mindreforbruk som utgjer så stor del driftsbudsjettet, som har skjedd dei 3 siste åra, er i overkant av kva ein kan kalle god økonomistyring.

2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

2.1 Organisasjonskart



2.2 Politisk organisering

Formannskapet har funksjon som eit ”driftsstyre”, og har møter ca. kvar 3. veke.
Meir prinsipielle saker og saker av litt ”tyngde” skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast direkte i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 9 møte i 2017

2.3 Administrativ organisering

Nissedal kommune er organisert i 6 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Rådmannen si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, 6 einingsleiarar, plansjef, NAV-leiar, kommunalsjef økonomi og kommunalsjef samfunn/utvikling.

Eining for skule omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring. I tillegg er tilsyns-mynde etter Lov om barnehage lagt til denne eininga.

Eining for omsorg omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp. Tenestekontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova ligg også i denne eininga.

Eining for barnehage omfattar 4 kommunale barnehagar og ev. oppfylging av private barnehagar. I 2017 var det ingen private barnehagar i Nissedal.

Eining for helse og habillitering omfattar tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, dagsenter og psykiatri.

Eining for kultur omfattar musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet og flyktningar.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plankontoret omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

NAV omfattar økonomisk sosialhjelp, arbeidsavklaringspengar, oppfølging av arbeidsledige og sjukmeldte.

Under fellestenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som barnevern og landbrukskontor.

I stabsfunksjonar ligg ulike oppgåver innan næring, reiseliv/turisme.

2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting. både i form av eigne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar (sjå også Note 0 i Årsrekneskap 2017).

Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggande brannvern i eige IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Telemark kommunerevisjon IKS
- Telemark kontrollutvalssekretariat IKS
- Ika Kongsberg IKS
- PPT IKS.

Samarbeidsavtalar

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn for Kviteseid kommune og Kviteseid kommune fører skatterekneskapen for Nissedal kommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtalar med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehustenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøpssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.

3. Investeringsrekneskapet (jf. rekneskapsskjema 2A/2B og note 18)

Investeringsrekneskapet er også i 2017 i stor grad prega av høg aktivitet innan VA-sektoren, ni i mindre grad med felles VA-anlegg med Drangedal på Gautefallheia, men i større grad ved eigne prosjekt. I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar i anleggsmedel med totalt 33 mill. Dette blei justert opp i løpet av året til 36,3 mill. Rekneskapen gav investeringar i anleggsmedel på 39,5 mill. Av dette var 14,4 mill. knyt til investeringar innan VA.

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert ved tertialkontrollane og ved fleire ulike enkeltsaker. Det vert i det etterfylgjande gjort greie for dei vesentlege endringane i investeringsbudsjettet og avvik i høve til rekneskapen.

0126 – Startlån
Opphavleg ramme for utlån på 1,5 mill., Dette var ledige midlar frå 2016 og det er ikkje teke opp lån til formidling i 2017. Ramma vart styrka med 0,3 mill. (k-sak 77/16), på bakgrunn av nokre større utlån mot slutten av året. Rekneskapen synte godt samsvar med budsjettet. Dette med unnatak av mottatte avdrag som blei kr 234.000 over budsjett, som kan forklarast med ekstraordinære innbetalingar/innfriing av lån.

0149 – Kjøp og sal av aksar
Opphavleg løyving på kr 475.000 var sett av til eigenkapitalinnskotet i KLP. Ramma blei styrkja med kr 30.000 i høve auke høgare innbetaling, enn kva ein la til grunn i budsjettet.

Kr 700.000 i STUI-tilskot, som var knyt til Tambaga-rommet (prosjekt avslutta i 2016) blei inntektsført her. I tillegg kom det inntekter på sal av kommunale tomter på kr 268.000, der hovuddelen var tomt til ny flyktningbustad. Dette gav i sum grunnlag for å avsette kr 410.000 til ubundne investeringsfond. Men på bakgrunn av overskriding på andre prosjekt måtte kr 192.000 av denne avsetninga strykast.

0528 Nissedal sin del av fellesinv. Gautefallheia / 0537 VA-Gautefallheia Trinn 6 Vassverk
Rekneskapen for VA-Gautefall blei avslutta i 2016. Men VTK sendte rekning for anleggsbidrag for arbeid utført i 2014 knyt omlegging av straumforsyning først nå i 2017. Dette var ein sum på kr 273.000, der Nissedal sin del var kr 169.000, jf. fordelingsnøkkel. Dette blei innarbeidd i 1. tertial. Prosjektet er nå avslutta.

0553 – Miljøretta helsevern – påkostningar skulebygg
I 1. tertial blei prosjektet sett opp ei budsjettramme på kr 534.000, som var ei overføring frå 2016-budsjettet på kr 393.000 og ei styrking av ramma på kr 141.000. I k-sak 77/17 blei budsjettramma redusert med kr 350.000. Dette var knyt til arbeid på Fjone skule, som blei utsatt til 2018. Prosjektet omfattar tiltak på alle 3 skulane i kommunen. Godt samsvar mellom budsjettramme og rekneskap i 2017. Samla prosjektramme er pr. 31.12. kr 4.236.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0564 Adressering-skilting-vegnamn
Prosjektet gjeld etablering av adresser i heile kommune og innkjøp/oppsetting av vegnamn-skilt. Adressering er fullført, men skliting står delvis att. I 2016 blei skilt-materiell kjøpt inn. Abeid med oppsetting av skilt blei gjennomført i 2017 i Kyrkjebygda og Felle. Resterande del av arbeidet blir gjennomført i 2018. I 1. tertial blei prosjektet sett opp med ei budsjettramme på kr 188.000, som var ei overføring frå 2016-budsjettet på kr 33.000 og styrking av ramma på kr 155.000. På bakgrunn av at arbeidet ikkje ville bli fullført i 2017 blei budsjettramme redusert med kr 113.000 i k-sak 77/17 til 75.000. Rekneskapen synte utgifter på kr 20.000 under budsjett. Skuldast at mindre del av arbeidet enn planlagt blei gjennomført før årsskifte. Samla prosjektramme er pr. 31.12. kr 405.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0573 Satsing på IKT i skulen
Prosjektet gjeld nytt utstyr og utbetring av infrastruktur innan IKT i skulen. I 2016 blei det kjøpt inn 44 PC-ar og infrastrukturen blei oppgradert. I 1. tertial blei prosjektet sett opp med ei budsjettramme på kr 63.000 som var ei overføring av budsjettramme frå 2016 på kr 25.000 og ei styrking av prosjektramma på kr 38.000. Styrkinga av ramma var årsaka av behov for oppgradering av trådlaust nett ved auke i talet på PC-ar. Godt samsvar mellom budsjett og rekneskap. Samla prosjektramme pr. 31.12. kr 663.000. Prosjektet er avslutta.

0576 Asfaltering av grusvegar
Prosjektet gjeld oppgradering av kommunale vegar. I k-sak 73/16 blei det avgjort kva for vegar som skal prioriterast. I 1. tertial blei prosjektet sett opp med ei budsjettramme på kr 2.889.000, som var ei overføring frå 2016-budsjettet på kr 1.789.000 ei styrking av prosjektramma på kr 1.100.000. Vidare blei prosjektet styrka med kr 750.000 i 2. tertial. Alt arbeid er utført før årsskifte, men delar av arbeidet blei først fakturert i 2018. Dette utgjer kr 258.000 og forklarer avviket mellom rekneskap og budsjett. Samla prosjektramme pr. 31.12. er kr 6.162.000. Prosjektet er formelt sett ikkje avslutta.

0578 Omlegging av kloakkleidning – Treungen RA
Prosjektet blei i hovudsak gjennomført i 2016. Det står at sluttdokumentsjon og sluttrekning ved årsskifte. Prosjektramme er kr 1.300.000 og budsjettramme i 2017 var kr 50.000 (Rekneskapen synte kr 10.000 over budsjett). Det vert lagt til grunn at prosjektet vil bli avslutta i samsvar med prosjektramme. Prosjektet er ikkje avslutta.

0580 Vassforsyning – Sandtjønnlia hyttefelt m.fl.
I kommunestyresak 10/16 blei det løyva 12,6 mill. til prosjektet. Ved å ta omsyn anleggsbidrag/tilkoplingsgebyr, er kommunen si eigenfinansiering 6,4 mill. Prosjektet utløyste i første omgang 184 nye vassabonnentar. I 2016 blei ramma til prosjektet redusert med kr 2.474.000. I k-sak 77/17 blei prosjektramma auka med kr 100.000 på bakgrunn av tiltak på inntaksleidning det ikkje var budsjettert med. Alt arbeid ved prosjektet er gjennomført, men det står att å få på plass dokumentasjon og dette forklarer attståande sum på kr 58.000. Samla prosjektramme pr. 31.12. er kr 10.226.000. Prosjektet er formelt sett ikkje avslutta.

0582 Vass- og kloakkleidning til Ånundsbuoddane
I kommunestyresak 35/16 blei det løyva kr 1.150.000 til prosjektet. Prosjektet var delfinansiert (kr 300.000) med anleggsbidrag. Storleiken på anleggsbidraget blei rekna ut etter planane om utbygging av 35 hyttetomter, men dimensjon på anlegget tok høgde for vidare utbygging/forlenging av nettet. Denne delen av kostnadene vart ikkje teke omsyn ved berekning av anleggsbidrag. I 1. tertial blei prosjektet sett opp med ei budsjettramme på Kr 351.000, som var ei overføring frå 2016-budsjettet. I k-sak 77/17 blei prosjektramma redusert med kr 100.000. Rekneskapen synte eit meirforbruk på kr 84.000 i høve til prosjektramme. Samla prosjektramme pr. 31.12. er kr 1.050.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0583 Utbygging Tveit skule – småskulen
I budsjettet var dette prosjektet sett opp med ei prosjektramme på kr 7.937.000. I 1. tertial blei prosjektramma auka med kr 1.594.000. I vedtaket om denne løyvinga blei kontrollutvalet bedne om å sjå på administrasjonen sine arbeidsprosessar i høve til investeringsprosjekt. I k-sak 77/17 blei budsjettramma redusert med kr 1.750.000 på bakgrunn av anna progresjon enn opphavleg plan. Ved utgangen av året er det godt samsvar mellom budsjett og rekneskap (avvik på kr 18.000). Gjeldande prosjektramme pr. 31.12. er kr 9.729.000. Av gjeldande prosjektramme står det att 1.713.000. Prosjektet er ikkje avslutta, men vil bli fullført i 2018.

0585 Oppgradering Agresso til Milestone
I 2016 blei det løyva kr 625.000 til oppgradering av kommunen sitt økonomisystem, m.a. innføring av fakturaflyt. I 1. tertial blei prosjektramma styrka med kr 37.000. Ved årskifte står det kr 24.000 av budsjett/prosjektramme. Dette vil bli nytta til fullføring av prosjektet tidleg i 2018. Prosjektet er ikkje avslutta.

0586 Utviding av Framnes bustadfelt
I kommunestyresak 65/16 blei det løyva kr 1.250.000 til dette investeringsprosjektet. Dette skulle dekke ny trykkaukar, leidningsnett kjøp av grunn til to tomter og grøftekostnad for kabling av høgspentline. I 1. tertial 2017 blei prosjektramma styrka med kr 500.000, på bakgrunn av dårleg masse i eksisterande veg, som gjorde til at vegen måtte fornyast i enkelte parti. Byggearbeidet fullført i 2017. Nye tomter er byggeklare og ny trykkaukar for vassforsyning er satt i drift. Sluttdokumentasjon og sluttrekning ikkje motteke. Det er forventa at sluttoppgjer vil vere under gjeldande prosjektramme på kr 1.750.000. Gjenståande budsjett/prosjektramme er kr 84.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0590 Breibandutbygging
Prosjektet blei omdefinert til å vere eit driftsprosjekt.

0591 Tur-/sykkeløype Åmli –Treungen
Prosjektet blei i budsjett 2017 sett opp med ei prosjektramme kr 1.466.000. I 1. tertial blei ramma styrka med kr 250.000 på bakgrunn av behov for skilting langs traseen. Det vil bli søkt Statens Vegvesen om delfinansiering av desse skilta. Prosjektet kom ikkje i gang i 2017, slik det var planlagt og i k-sak 77/17 blei budsjettet for 2017 sett til 0. Prosjektet er sett opp att i 2018-budsjettet. Prosjektet er ikkje avslutta.

0592 4 utleigebustader – Flyktningar
Prosjektet blei i 2017-budsjettet sett opp med ei prosjektramme på 10. mill. Det blei av prosjektering- og byggenemnda definert at det var behov for store familieleiligehetar med 4 soverom. Materialval skulle vere av ein kvalitet som tolte hyppig skifte av leigetakarar. Ein 2-mannsbustad skulle byggast i Kyrkjebygda og ein 2-mannsbustad skulle byggast i Treungen. Etter at anbodet hadde vore ute blei det klart at det var behov for å styrkje ramma med 2.340.000. Dette blei gjort i 1. tertial. Bustaden i Kyrkjebygda var klar til innflytting i november. Bustaden i Treungen skulle opphavleg vere klar til 1. april. Av den grunn blei budsjettramma redusert med 4,1 mill. i k-sak 77/17. Men progresjonen på bygginga av bustaden i Treungen gjekk mykje raskare enn opphavleg plan, og den var nær ferdigstillt ved årsskifte. Det blei derfor ei overskriding av budsjettet i 2017 på dette prosjektet på 2,7 mill. Men ein legg til grunn at prosjektet vil bli avslutta i samsvar med gjeldande prosjektramme på kr 12.340.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0593 4 omsorgsbustader – omsorgsenteret
Prosjektet blei sett opp i 2017-budsjettet med ei prosjektramme på 8 mill. Det blei ein lengre diskusjon i prosjektering- og byggjenemnda om lokalisering av desse bustadene. Det kom og eit innspel frå fag-nivå om å gjere ei re-vurdering av behov og evt. innretning av dette prosjektet. På denne bakgrunn av houvud-del av løyvinga trekt inn i k-sak 77/17 og prosjektet blei sett opp i 2018-budsjettet med ei budsjettramme på kr 7.995.000, då det hadde påløpt nokre mindre prosjekteringskostnader i 2017. Prosjektet er ikkje avslutta.

0594 Oppgradering av Microsoft office
Prosjektet blei sett opp i 2017-budjsettet med ei prosjektramme på kr 450.000. På bakgrunn av at arbeid med ny avtale med driftsleverandør av IT-tenester blei prosjektet utsatt noko, då det ville vere ein stor fordel at val av leverandør var gjort før dette prosjektet blei sett i gang. Val av ny leverandør er nå gjort og høgst truleg blir det gjort ei endring i høve til lisensregime, som gjer til at behovet for oppgradering vil bli ei driftsutgift. Prosjektet er i utgangspunktet sett opp att i 2018-budjsettet som eit investeringsprosjekt, men dette vil ein kome attende til i 1. tertial. Prosjektet er omdefinert til driftsutgift.

0595 Vass- og avløpsleidning – Eriksneset/Treungen Hyttegrend
I kommunestyresak 88/16 blei det innarbeidd ei løyving på 0,9 mill. til dette prosjektet. Bakgrunn for prosjektet var eit initiativ frå utbyggar i området om å felles utnytting av grøfter til straum og VA. I tillegg kom at legging av VA-leidningar ville bli meir komplisert etter at høgspentleidningar var lagt. I k-sak 77/17 blei det meldt at prosjektet var ferdigstillt og prosjektramma blei redusert med kr 240.000. Denne endringa viste seg å byggje på feil grunnlag og ein legg nå til grunn at prosjektet vil bli avslutta i tråd med opphavleg prosjektramme på kr 900.000. Den feilen som blei gjort i k-sak 77/17 gjorde då til at prosjektet fekk eit meirforbruk i høve til gjeldande prosjektramme/-budsjett på kr 138.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0596 Utbyggingsavtale – Felehovet nord, Felt C
Prosjektet var sett opp med ei prosjektramme i budsjett 2017 på kr 2.524.000. I 1. tertial blei budsjettet for prosjektet endra då det hadde kome i gang allereie i 2016 og budsjettet blei redusert med kr 789.000 (ingen endring av prosjektramme). Prosjektet blei fullført i 2017, men det står att sluttdokumentasjon og sluttrekning. Prosjektet er i samsvar med budsjett 2017. Det vert lagt til grunn at prosjektet vert avslutta i 2018 innafor attståande del av prosjektramma (kr 255.000). Prosjektet er ikkje avslutta.

0600 Nissedal renseanlegg – ny inntaksrist
I k-sak 4/17 blei det løyva kr 300.000 til dette prosjektet. Ny rist blei montert hausten 2017 og fungerer bra. Prosjektet blei avslutta kr 24.000 under prosjektramme/budsjett. Prosjektet er avslutta.

0601 Utviding av driftsovervaking – vatn og kloakk
I k-sak 4/17 blei det løyva kr 1.000.000 til dette prosjektet. Driftsovervakinga er utvida med 2 trykkakarar for vatn og 3 kloakkpumpestasjonar er tilknytt driftsentralen i 2017. Dette fungerer svært bra. Prosjektet er avslutta i samsvar med gjeldande prosjektramme/budsjett.

0603 Ladestasjon – Treungen
Prosjektet blei innarbeidd i budsjettet i 1. tertial med ei prosjektramme på kr 625.000. Ladestasjonen er ferdigstillt og tatt i bruk. Prosjektet er avslutta kr 131.000 under prosjektramme/budsjett.

0604 Anleggsbidragsavtale – Naurak, ø. del felt 1-kloakk
I k-sak 5/17 blei det løyva kr 955.000 til prosjektet. I k-sak 77/17 blei budsjettet redusert med kr 420.000 på bakgrunn av progresjon. For rekneskapen 2017 syner det eit godt samsvar mellom rekneskap/budsjett. Prosjektet vert rekna for å bli fullført i samsvar med gjeldande prosjektramme i 2018. Prosjektet er ikkje avslutta.

0605 Svivkollen hyttefelt – vass og avlaupsleidning
Prosjektet blei handsama i k-sak 29/17 og innarbeidd i budsjettet i samband med 1. tertial med ei prosjektramme på kr 3.152.000. I k-sak 77/17 blei budsjett redusert med kr 1.850.000 på bakgrunn av endra progresjon. Ved årsskifte var det eit mindre avvik mellom rekneskap/budsjett på kr 50.000. Prosjektet vil bli avslutta i 2018 i samsvar med gjeldande prosjektramme. Prosjektet er ikkje avslutta.

0606 Utviding av VA-nettet i Nordbygda – Volline gård
Prosjektet blei handsama i k-sak 30/17 og innarbeidd i budsjettet i samband med 1. tertial med ei prosjektramme på kr 1.000.000. Prosjektet blei ferdigstillt i 2017. Meir fjell og vanskelegare grunnforhold enn venta, samt forlenging av leidningsnettet med 50 meter ga ei overskriding av prosjektramme/budsjett med kr 234.000. Prosjektet er avslutta.

0607 Etablering av kommunal vassforsyning i Bjønntjønn hyttegrend
I k-sak 43/17 blei det løyva kr 4.100.000 til prosjektet. I k-sak 77/17 blei budsjettet redusert ned til 0 på bakgrunn av at overtakingstidspunkt i avtalen med grunneigar blei sett til 01.01.18. Prosjektet er sett opp i budsjett 2018 med kr 4.100.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0608 Ånundsbuoddane-hovudgrøft og internnett
I k-sak 42/17 blei det løyva kr 3.579.000 til prosjektet. I k-sak 77/17 blei budsjettet redusert med kr 1.322.000 på bakgrunn av progresjon i prosjektet. Det er godt samsvar mellom budsjett/rekneskap på prosjektet, då det er eit lite meirforbruk på kr 26.000. I tillegg er det innbetalt kr 450.000 meir i anleggsbidrag enn kva budsjettet la opp til. Prosjektet vil bli fullført i 2018. Prosjektet er ført opp med eit budsjett i 2018 på kr 1.322.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0609 Prosjektering – hovudleidning – Treungen-Kyrkjebygda
I k-sak 56/17 blei det løyva kr 1.700.000 til prosjektet. I k-sak 77/17 blei budsjettet redusert med kr 1.175.000 til 525.000 på bakgrunn av progresjon i prosjektet. Ved årsskifte var det nytta kr 367.000 mindre enn budsjett. Prosjektet er sett opp i budsjett 2018 med kr 1.175.000. Det er forventa at prosjektet vil bli fullført jf. gjeldande prosjektramme og ein må derfor styrke budsjett 2018 med unytta løyving frå 2017. Prosjektet er ikkje avslutta.

0621 Eriksneset hyttefelt – VA-planer og anleggsbidrag
I k-sak 71/17 blei det løyva kr 1.695.000 til dette prosjektet. Diverre blei ikkje dette vedtaket innarbeidd i budsjettet og prosjektet framstår dermed utan budsjett ved rekneskapsavslutninga for 2017, for den delen av prosjektet som har påløpt før årsskifte (kr 300.000). Prosjektet vil bli innarbeidd i budsjettet i 2018.

Investeringsrekneskapen oppsummert
Investeringsrekneskapen for 2017 er gjort opp i balanse. Men ser ein sum utgifter/finansieringsbehov i rekneskapen (43,2 mill.) opp mot budsjett på 39,9 mill., ser ein eit samla "meirforbruk" på 3,3 mill. Dette utgjer eit avvik på over 8%. Dette avviket er spreidd ut på fleire prosjekt og det er vanskeleg å trekke fram enkeltprosjekt som forklaring på dette avviket. Men i hovudsak er det tale om endring i progresjon og i liten/ingen grad tale om overskridingar av prosjektrammer.

Av sum finansiering på 42,8 mill. er 26,6 mill. bruk av lån. Med andre ord er 62% av investeringane i 2017 finansiert med lån. På bakgrunn av mange anleggbidragsavtaler som er heilt/delvis finansiert med anleggsbidrag, så framstår nok graden av bruk av lån lågare enn kva som er realiteten for investeringar i kommunen.

4. Driftsrekneskapen (jf. økonomisk oversikt drift og rekneskapsskjema 1A/1B og note 17)

Økonomisk oversikt drift

Oversikten syner at driftsinntektene har hatt ein auke på 5,7% frå 2016 til 2017. (utgjer 10,2 mill.). I driftsinntekter ligg både salsinntekter, midlar til ordinær drift og ev. øyremerka midlar til ymse føremål, så det kan vere naturlege svingingar frå år til år. Ein vekst i inntekter på 5,7% kan gje eit uttrykk for at det samla handlingsromet til Nissedal kommune har auka. Men når ein tek omsyn til at kommunen har overtatt fakturering av renovasjon, og renovasjonsgebyra blir transport vidare til IATA (utgjer 5,6 mill.), så forklarer dette meir enn halvparten av veksten i inntekter. Av andre inntekter som har gått opp, samanlikna med rekneskapen 2016 er: Integreringstilskot har auka med 4,3 mill., skatt/rammetilskot har auka med 3,5 mill. Ein fekk ein sterk vekst mot slutten av 2017 i skatteinntektene, som i stor grad forklarer veksten i skatteinntekter. Det må og nemnast at inntekt på eigedomskatt gjekk ned med 1,4 mill., som har sin bakgrunn i reduserte takster på kraftverk.

Driftsutgiftene har auka med 14,1 mill. frå 2016 til 2017, der vekst i lønsutgifter utgjer omlag halvparten (7,7 mill.).

Som ein ser har inntektene ein svakare vekst enn utgiftene og dette gjer til at netto driftsresultat blir redusert frå 2016 på 4,3% (7,8 mill.) til 2,2% (4,2 mill.) i 2017. Men utviklinga her blir påverka av sjølvskost VA. Både i 2016 og 2017 la ein opp til eit gebyr-nivå innan VA som skulle gje at ein "tærte" på sjølvkostfonda. Men i 2017 kom det inn tilkoplingsavgifter så ein likevel måtte avsette til fond (2,9 mill.). I 2017 er det derimot blitt brukt 2,1 mill. av sjølvkostfond. Dersom ein tek omsyn til dette ("ekskluderer" VA-sektoren), så ville ein hatt eit netto driftsresultat i 2016 på 3,2% og i 2017 3,3%. Ein kunne då seie at den økonomiske stoda var nokolunde lik i 2017 som i 2016. Uansett ligg resultatet over målsetning om 1,75%, som er sett som eit mål for å vurdere om ein kommune har ein sunn økonomi.

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.058.000 vert kommentert under.

Rekneskapsskjema 1A – Sentrale inntekter og avsetnader, finansinntekter og –utgifter

Sentrale inntekter

Anslag på skatteinngangen blei 1. tertial redusert med 2 mill. Dette på bakgrunn av svikt i skatteinngangen 4 første månadene. I 2. tertial var utviklinga betra og ei la inn ein auke att på 0,5 mill. Budsjettert skatteinngang blei sett til kr 33.050.000. Dei siste månadene blei det ein, som i resten av landet, ein sterk vekst i skatteinngangen (særleg november), slik at sluttresultatet blei kr 35.708.000, altså 2,7 mill. meir enn budsjettert. Nissedal hadde ein vekst i skatteinntektene på 5,3%, som er over vekst på nasjonalt nivå (4,5%). Samla blei skatt/rammetilskot 1,2 mill. over budsjett.

I budsjettet var det lagt til grunn kr 14.580.000,- i eigedomsskatt, der 9,1 mill. kom frå verk&bruk/næring og 5,5 mill. frå bustader/hytter. Det var godt samsvar mellom budsjett og rekneskap, kr 50.000 i meirinntekt. Gjennom tertialkontrollane blei anslaget på eigedomsskatt justert opp med kr 800.000, der størstedelen gjaldt eit etteroppgjer for 2015 og 2016 på 5 kraftverk (0,5 mill.).

Integreringstilskotet blei i tertialkontrollane og k-sak 77/17 auka med kr 1,6 mill. til kr 13.898.000. Rekneskapen synte ei inntekt på kr 13.948.000. Bakgrunn for å endring i integreringstilskotet var at budsjettet la til grunn mottak av 10 flyktningar, mens dette blei endra i løpet av året til 17.

Totalt blei frie skatteinntekter og overføringar kr 131.434.000., som er 1,3 mill. meir enn budsjettert.

Netto finansinntekter/-utgifter

Renteinntekter totalt blei kr 860.000. Dette er kr 154.000 meir enn budsjettert. Årsaken til denne meirinntekta ligg til ein viss grad i at fleire investeringsprosjekt blei noko forseinka, og ein dermed fekk noko høgare bankinnskot. I tillegg blei renteinntekter på formidlingslån høgare enn budsjett.

Avdrag på lån var kr 7.700.000, som er kr 18.000 under budsjett. Renteutgifter var kr 2.497.000 som er kr 70.000 under budsjett. Vurderer til at det er godt samsvar mellom budsjett/rekneskap på renter/avdrag.

I sum har netto finansutgifter/-inntekter eit mindreforbruk på kr 241.000.

Netto avsetnader

Det er, jf. budsjett, avsett 8,5 mill. til disposisjonsfond og det er nytta 1,4 av disposisjonsfond. Pr. 31.12.17 utgjer felles buffer utgjer 8,7 mill. og einingsfond 1,6 mill. (Dette før det er gjort ei vurdering av resultatansvaret for 2017).

Til fordeling drift

Til fordeling drift frå skjema 1B er 120,4 mill. i høve til sum fordelt til drift som er 116,3 mill., gir eit mindreforbruk på 4,1 mill.

Driftsrammene (jfr. rekneskapsskjema 1B)

Note 17 i rekneskapet syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Større endringar av budsjettramma (over kr 50.000) og budsjettavvik vert i det etterfylgjande kommentert. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivingar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje kommentert i særleg grad. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet. Rådmannen fremmar eiga sak etter at rekneskapet er godkjent, som gjer ei nærare vurdering av det enkelte rammeområde sitt rekneskapsresultat.

Felles

Dei viktigaste tiltaka i budsjettvedtaket var:

- Selskapskontroll kontrollutvalet kr 50.000
- Overføring Frivilligsentral lagt under felles/rådmann kr 580.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke i konsesjonskraftinntektene kr 150.000
- Lønspott heile kommunen styrka med kr 425.000
- Auke i pensjonsutgifter heile kommune kr 265.000
- Støtte til Bygdekvinnelaget og Historielaget kr 102.000

Felles har eit mindreforbruk på kr 724.000. Dette kan i hovudsak knytast fylgjande moment:

- Meirinntekt konsesjonskraftinntekter kr 216.000
- Mindrekostnader IT-kapittel kr 100.000
- Løyving til Bygdekvinnelaget kr 52.000 ikkje utbetalt
- Avsett sum pensjonsutgifter kr 265.000 ikkje fordelt

Årsoppgjer konsesjonskraft for 2016 blei høgare enn lagt til grunn i budsjettet. Denne summen blei diverre ikkje teke omsyn til ved budsjettjusteringane. I 2017 har det vore minimalt med skader/uforutsette utgifter som oppstår ved t.d. torever. Dette har medverka til at utgiftene til felles IT-utgifter blei kr 100.000 under budsjett. Det blei løyva kr 52.000 i støtte

til Bygdekvinnlaget til innkjøp av sykkel som skal nyttast som ein del av eit aktivitetstilbod. Innkjøp av denne sykkelen er blitt utsatt og av den grunn blei heller ikkje stønadssummen utbetalt i 2017. I 1. tertial blei det teke høgde for auke i pensjonsutgiftene (KLP) for heile kommunen, stipulert til kr 265.000. Dette blei sett av samla under felles og skulle fordelast seinare. Men på bakgrunn av at rekneskapen synte at utgifta blei omlag jf. opphavleg budsjett blei ikkje summen fordelt ut på dei ulike rammeområda.

Eining for skule

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Forskotering av ledige lønsmedel (red. ramme) kr 500.000
- 50% stilling Kyrkjebygda frå 1/8-17 kr 138.000
- 40% to-språkleg assitent til 30/6-17 kr 84.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Innføring av 5-dagars skule Tveit skule kr 90.000
- Spesialpedagogiske tiltak (enkelttiltak) kr 315.000
- Kombinasjonsklasse Lunde vidg. kr 100.000
- Vidareutdanning av lærarar kr 72.000
- Forskotering av ledige lønsmedel redusert (auke av ramme) kr 300.000
- Meirinntekter vaksenopplæring kr 360.000
- Utstyr vaksenopplæringa kr 80.000

Eining for skule har eit mindreforbruk på kr 772.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirinntekter på vaksenopplæring kr 93.000
- Budsjettert avsetning av tilskotsmidlar "Tidleg innsats" og "kompetansemidlar" ikkje gjennomført kr 289.000
- Mindrekostnad kombinasjonsklasse vidg. Kr 50.000
- Mindreforbruk lønsutgifter Fjone skule/SFO kr 281.000

Statstilskot til voksenopplæringa blei underbudsjettert m.a. på bakgrunn av at grunntilskot frå IMDI ikkje blei teke omsyn til. Dette var bakgrunn for at budsjettposten blei oppjustert i løpet av året. I hausthalvåret kom det 3 nye elevar/flyktningar som utløyste tilskot og dette er bakgrunn for at inntekta blei over budsjettert nivå. Budsjettet la til grunn av avsetje midlar som skulle brukast i høve til arbeid i skulen opp mot prosjektet "Tidleg innsats" i 2018 og "kompetansemidlar" som skulle brukast i 2018. Denne avsetninga blei ikkje gjort og dette vil slik sett inngå i mindreforbruket i einiga og seinare i einiga sitt fond. På bakgrunn av denne utegløymte avsetninga, kan ein seie at reelt mindreforbruk i einiga var kr 483.000. På bakgrunn av ein lågare "stk.pris" pr. elev i kombinasjonsklasse og at ein av elevane slutta etter kort tid og byrja i ordinær VGO blei kostnadane kring dette halvparten av budsjettert kostnad. På Fjone skule og SFO har det ved sjukefråvær og anna fråvær i mange høve ikkje blitt leigd inn vikar. Dette har gjort at lønskostnadane har blitt kr 281.000 mindre enn budsjettert.

Eining for barnehage

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Auke av eigebetaling med 2,7% kr 50.000
- Utviding av SFO på Felle kr 55.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Vidareføring av to-språkleg assistent ut året kr 150.000
- Auke bemanning Felle barnehage kr 198.000

Eining for barnehage har eit mindreforbruk på kr 104.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirinntekter (eks. mva-ref. sjukepengar, fødselspengar, ref. tillitsvalte) kr 95.000

Desse meirinntektene er knyt til refusjon frå andre kommunane ved gjennomføring av kurs og OU-midlar frå KS. Desse inntektene skulle vore teke omsyn til i budsjettet ved å oppjustere ulike løns/vikarpostar, då desse inntektene er relatert til opplærings-tiltak som har auka lønsutgiftene. Med andre ord er mindreforbruket i realiteten knyt til mindreforbruk i høve til vikar som skuldast bruk av "billigare" vikarar ved fråvær/permisjonar og at det til tider ikkje har vore mogleg å få vikarar.

Eining for kultur

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Forlenge engasjement flyktningkonsulent 40% til 30/6-17 kr 110.000
- Kulturskule-jubileum kr 50.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Vidareføre styrking av flyktningkonsulentressurs (40%) kr 142.000
- Fjerne eigebetaling for lag./org. for bruk av Fleirbrukshuset kr 50.000
- Styrking av ulike postar flyktningarbeidet kr 654.000

Eining for kultur har eit meirforbruk på kr 366.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirforbruk på ansvar flyktningar kr 148.000
- Meirforbruk musikk- og kulturskulen 41.000
- Meirforbruk bibliotek kr 38.000
- Meirforbruk arrangement/kulturkveld kr 44.000
- Underskot kiosk-sal 14.000
- Meirforbruk kulturadm./tiltak kr 82.000

Justering av budsjett som blei gjort i 2. tertial tok nok ikkje fullt ut høgde for utgifter knyt til flyktningar som blei busett i november/desember. Meirforbruket på flyktning er m.a. knyt til introduksjonsløn (kr 87.000) og ekstrahjelp (som m.a. er bruk av miljøarbeidet) kr 50.000.

Arrangering av kulturkveld og 25-års jubileum gav og eit meirforbruk i høve til budsjett på omlag kr 40.000.

Elles er det mange mindre avvik som i sum gir at eininga ender opp med eit meirforbruk på kr 366.000, som gir ein forbruks-% på over 106%, som må seiast å vere særs høgt.

Eining for helse og habillitering

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Avslutte dagplassar på KVITO kr 350.000
- Eff./red. bemanning tenester for funksjonshemma kr 200.000
- Auke 20% helsesyster kr 125.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke utg. barnevern kr 90.000
- Redusert kostnad støttekontakt psykiatri kr 50.000
- Red. tilskot ressurskrevjande brukarar ved endring i grunnlag kr 400.000

Eining for helse og habilitering har eit mindreforbruk på kr 834.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreutgifter tiltak barnevern kr 777.000
- Mindreforbruk Kåsa kr 86.000
- Meirforbruk legekontor kr 186.000
- Mindreforbruk psykiatri kr 77.000
- Mindreforbruk Mila kr 78.000

I 1. tertial blei post for tiltaksutgifter redusert med kr 150.000. I 2. tertial var eit nytt tiltak sett i verk som ville gje kostnader for 2. halvår med kr 240.000. Då sluttoppgjer kom synte det seg at kostnaden til tiltaksutgifter var heile kr 777.000 under budsjett. Dette er informasjon ein burde ha fått fram på eit tidlegare tidspunkt. På Kåsa er det mindreforbruk på løn og utgifter til personleg brukarstyrt assistent. Dette gjer til at grunnlaget for krav om tilskot til ressurskrevjande brukarar går ned, men gir at Kåsa samla får eit mindreforbruk på kr 86.000. Meirforbruk på legekontoret kan knytast til reduksjon av inntekter (eigenandelar/ref. NAV). Delar av dette inntektstapet er dekt opp av reduserte lønsutgifter og reduserte driftsutgifter. Legekontoret har blitt meir effektive og derfor har behovet for konsultasjonar gått ned. Delar av lønsutgiftene på psykiatri er ført på eige prosjekt som kommunen har fått tilskot til. Dette gjer til at det blir eit mindreforbruk på løn på psykiatri på kr 77.000. Mindreforbruket på Mila på kr 78.000 er knyt til mindreutgifter på driftspostar og meirinntekt på sal.

<u>Eining for omsorg</u>
Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Auke inntekter ved sal av plassar kr 100.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Tilbakebetaling av etteroppgjer oppholdsbetaling kr 300.000
- Kostnader ved overgang til digitale TV-signal kr 75.000
- Kjøp av vaskedekonterminator/vaskestativ/reinhaldsutstyr/heis kr 223.000
- Auke i oppholdsbetaling/eigenbetalingar kr 285.000
- Auke materiellkostnad sårbehandling kr 121.000
- Aksept for å dekke inn meirforbruk 2016 med meirinntekter kr 389.000

Eining for omsorg har eit meirforbruk på kr 477.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Lønsutgifter er kr 509.000 over budsjett.
- Mindreinntekter opphaldsbetaling/eigebetaling/sal kr 60.000
- Meirinntekter refusjon arbeid/kostnad vedr. velferdsteknologi.

For eininga sett under eitt er overtid kr 287.000 budsjett. Post for ekstrahjelp er kr 95.000 over budsjett. I tillegg er sjukepengerefusjon overbudsjettert med kr 444.000. Dette vil i realiteten seie at post for vikar er overskridi med tilsvarande sum. Fordelt på avdeling er dei største avvika på løn knyt til kjøkken (kr 105.000) og somatisk avdeling (kr 488.000). På inntekter er eigenbetaling/opphaldsbetaling/salsinntekter
kr 60.000 under budsjett. Det motteke i refusjon kr 60.000 for arbeid knyt til velferdsteknologi, som ikkje var budsjettert med. Inntekter sett under eitt er i samsvar med budsjett.

<u>Eining for teknisk drift</u>
Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Sum radon-tiltak redusert kr 100.000
- Opplæring brannkonstablar kr 100.000
- Nye takstein på mur-bygg Tveit skule kr 160.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:
- Nytt utstyr brannvesenet kr 315.000
- Opplæring/førarkort utrykking brannvesenet kr 100.000
- Utbetringar brannskadd utleigebustad Framnes kr 100.000
- Asfaltering av kommunale vegar overf. investering kr 600.000
- Meirkostnad straum kr 150.000

Eining for teknisk drift har eit mindreforbruk på kr 71.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:
- Nytt tak murbygg Tveit Skule ikkje gjennomført kr 160.000
- Leigeinntekter kommunale bustader kr 248.000 over budsjett
- Utgifter til utrykking brann kr 184.000 over budsjett
- Konsulentrapport om bruer/ kulvertar på kommunale vegar kr 103.000
- Prosjektering/ombygging Kyrkjebygda oppvekstsenter kr 120.000

Oppdraget med legging av nytt tak på murbygget er blitt tildelt entreprenør, og oppdraget skulle vore utført hausten 2017. Det blei av ulike grunnar utsatt til 2018. Det har vore ein del endringar i bustadmassa for utleige. Nye har kome til og nokre har vore ute av drift delar av året. Sluttresultatet blei at inntektene blei kr 248.000 over budsjett. Løn til brannmannskap blei kr 184.000 meir enn budsjettert. Noko av dette kan relaterast til gjennomført opplæringstiltak. Sikkerhet og tilstand på kommunale bruer skal inspiserast jamnleg for å ivareta trafikktryggleiken. Det blei derfor gjennomført ein gjennomgang av alle bruer/kulverter på kommunale vegar. Denne rapporten hadde ein kostnad på kr 103.000. Rapporten synte at det er behov for fleire større utbetringar på kommunale bruer. Kostnader til ombygging av Kyrkjebygda oppvekstsenter er ført i driftsbudsjettet. Ombyggingar som er mellombelse vil uansett vere driftsutgifter. Ombyggingar som er av varige vil normalt vere investeringsutgift. Men då det ikkje var løyva ei ramme til dette før årsskifte blei og desse ført i drift. Det blei løyva kr 100.000 til prosjektering av ombygg/påbygg Kyrkjebygda oppvekstsenter. Men ved ein feil blei ikkje denne løyvinga registrert i investeringsbudsjettet. Det er av den grunn ført nokre mindre prosjekteringsutgifter i driftsbudsjettet.

<u>Sjølvkost Vatn og Kloakk (sjå også Note 13 i årsrekneskapet)</u>
Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:
- Årsgebyrinntektene på vatn og kloakk redusert med 20%

Dei viktigaste endringane gjennom året:
- Ingen

Sjølvkostområdet VA har eit mindreforbruk på kr 174.000.

Mindreforbruket på rammeområdet på kr 174.000 skuldast høgare kalkulatoriske rentekostnader enn budsjettert, og dermed mindre avsetnad til sjølvkostfond.

<u>Interkommunalt plankontor</u>
Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:
- Auke i eigebetaling/gebyr med 2%, kr 20.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:
- Ingen

Plankontoret har eit mindreforbruk på kr 236.000.

Mindreforbruket til Plankontoret kan ikkje knytast til enkeltpostar, men som eit resultat av samla meir-aktivitet på plan, oppmåling og byggesak. Sjølvkostberekningane for oppmåling og byggesak viser dekningsgrad på 100,8% og 109,4%. Overskotet er ikkje sett av til

sjølvkostfond, då det er avrekna mot underskot frå tidlegare år. Ved inngangen til 2018 er akkumulerte underskot siste 5 år for oppmåling kr 90.000 og for byggesak kr 448.000.

NAV:
Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:
- Auke kostnad til livsopphald kr 730.000
- Heilår "Re-start" – aktivitetsplikt kr 720.000
- Antatt effekt/reduksjon av sosialhjelp for tiltaket "Re-start" kr 200.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:
- Engasjement – Bistand flyktningar på hybel ved skulegang kr 50.000
- Unytta midlar til kvalifiseringsstønad trekt ut kr 250.000

NAV har eit mindreforbruk på kr 433.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:
- Mindreforbruk på økonomisk sosialhjelp (inkl. lån) kr 486.000
- Meirforbruk på løn kr 44.000

Mindreforbruket på sosialhjelp må vurderast opp mot at ramma blei i opphavleg budsjett styrka med kr 530.000 (netto). Ved å taka omsyn til mindreforbruket er resultatet kr 44.000 over nivå frå opphavleg budsjett 2016. Nedgangen kom særleg til syne 2. halvår og ein bør derfor sjå særskilt på denne posten ved 1. tertial 2018. Meirforbruket på løn skriv seg til nivå 1. halvår.

Næring/reiseliv
Dei viktigaste tiltaka i budsjett 2017:
- Ingen

Dei viktigaste endringane gjennom året var:
- Etablering av breibandutbygging i driftsbudsjettet

Næring/reiseliv har eit mindreforbruk på kr 24.000. Storparten av utgiftene innan dette rammeområdet er i utgangspunktet finansiert med øyremerka midlar frå diverse fond. I budsjettet for 2017 blei delar av drifta finansiert med ordinære driftsmedel, og rammeområdet hadde ei netto driftsramme på kr 77.000. Mindreforbruket er knyt til fleire mindre avvik.

5. Balansen

5.1 Gjeld:

Kortsiktig gjeld var ved årsskifte 34,6 mill. Dette er ein auke på 6,5 mill. frå 2016. Langsiktig gjeld (lån) var ved årsskiftet 166 mill. mot 146 mill. i 2016, ein auke på 13,7%.

Utvikling av lånegjeld

Alle tal i tusen	2013	2014	2015	2016	2017
Husbanken	3 860	4 358	4 841	7 520	7 185
Sparebanken Sør	4 094	4 094	4 094	3 394	2 694
Kommunalbanken	65 195	94 753	104 362	113 872	137 432
KLP Kommunekreditt	10 500	9 750	9 375	8 625	7 875
KLP	15 000	14 000	13 252	12 252	11 252
Totalt:	98 649	126 955	135 924	145 663	166 438

  Tiltaksplassane har i 2017 vært besett heile tida, med unntak av kortare overgangsperiodar frå tidspunktet der ein person sluttar i tiltaket og ein ny startar opp. I 2017 har det vore 6 personar som blei avslutta i Restart. Tre personar har gått over til arbeid, 1 kom inn på eit skuleløp, 1 person flytta frå bygda og 1 gikk over til eit statleg tiltak. I overgangen frå 2017 til 2018 var alle 5 plasser besett. Effekten av tiltaket i sin heilhet blir evaluert kvart halvår. Siste evaluering var 08.06.2017 med leverandøren Kvito AS. Både NAV og Kvito er fornøyd med samarbeidet rundt dette tiltaket. Kvito understreka at NAV søkjer inn riktige kandidatar og gav NAV ros for å vere lett tilgjengelig, som ifølge Kvito er ein av suksessfaktorane. NAV er like positiv om det tette samarbeidet med Kvito, særleg med den opne dialogen rundt dei ulike deltakarane. Neste evaluering finnar sted i slutten av mai eller i starten av juni.
- Det er eit mål at utgiftene til økonomisk sosialhjelp reduseras i løpet av 2017. Nissedal bør ligge på et nivå gjennomsnittlig utbetaling per. stønadsmånad tilsvarande snittet for dei andre kommunane i Vest-Telemark.
  NAV har jobba med det i heile 2017. Det blei presentert ei orienteringssak 5. oktober 2017 for kommunestyret.

Kompetanseutvikling:

- NAV Nissedal har eit samarbeid med de andre 5 NAV-kontorane i Vest-Telemark rundt kommunale oppgåver. Dette inneberer at de som jobbar med disse oppgåver drøfter konkrete saker med hensikta å lære frå kvarandre og gjøre lik praksis i like sakar. Disse nettverksmøter finnar sted cirka en gong kvar 6. uke.
- En medarbeidar frå NAV har deltatt i Boligsosialkonferanse 2017 i Kristiansand den 4. og 5. april 2017. Den ble organisert i regi av Husbanken, Fylkesmannen i Aust- og Vest Agder og Fylkesmannen i Telemark.
- NAV (stat) satsar stort på at alle medarbeidar i NAV tileignar seg såkalla "inkluderingskompetanse". Med den kompetansen skal alle vere enda berre rusta til å bistå menneskar i å finne seg arbeid, også de som ikkje er i stand til å jobbe (i full jobb) på grunn av helsemessige hemmingar eller psykiske lidelser.
- NAV har deltatt på opplæring i regi av Fylkesmannen om bruk av vilkår i forhold til sosialhjelp den 30. august 2017 i Sandefjord.
- Det har vært en samling saman med personalet frå NAV Fyresdal om inkluderingskompetanse den 7. juni 2017 i Fyresdal.

Sjukefråvær:
Sjukefråvær i 2017 var 6,58 for hele kontoret, det vil si også de som jobbar med statlige sakar.

HMS Internkontroll:
I juni fikk besøk frå noen representantar frå HR-avdelingen i NAV Telemark. Da gikk vi gjennom alle HMS tiltak. Rutinane var ikkje oppdaterte. Det jobbast med det.

14.2 Eining for skule

Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekkje vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i felleskapet* og *tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal liggje over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.
- Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.
- Skulefritidstilbodet skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.
- Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for fleirspråklege etter introduksjonsloven.
- Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Opplæringslova med forskrifter
Plan for overgang barnehage - skule
Plan for utvikling av læringsmiljøet

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for skule omfattar grunnskule, SFO og vaksenopplæring.
Eininga samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, barnehage, flyktningetenesta, kultur og Vest-Telemark PPT.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Barnehagetilsyn
  Ikkje gjennomført. 40-100 % sjukemelding i leiinga i skule gjennom heile 2017 har medført at einingsleiar har prioritert å bistå skuleleiinga med å løyse saker.
- Utarbeide plan for rullering av IT-utstyr i Nissedalskulen.
  Sjå omtale under IKT- satsing

- Utgreie ulike modellar for gratis skulemat.
  Saka blei handsama i kommunestyret 18.5.2017.
  Vedtak: Det innførast ikkje gratis skulemat for ungdomsskuleelevane i Nissedal kommune.
- Sak til kommunestyret om behov og kostnad med å vidareutdanne lærarane i Nissedalskulen før dispensasjonen på 10 år er over.
  To lærarar starta vidareutdanning i 30 studiepoeng norsk i august innafor vikarordninga på U-dir. Dette for å sikre godkjent kompetanse innan 2025.
  U-dir stør kvar studieplass med kr 192.000 vikarmidlar.
  Saka vart handsama i kommunestyret den 16.2.17 med slikt utfall:

  Eining for skule blei i k-sak 13/17 tilført kr 72 000 i 2017.

Grunnskule

Nissedal kommune har ein desentralisert skulestruktur med barnetrinn på Fjone, i Kyrkjebygda og i Treungen. Ungdomsskulen er felles og ligg i Treungen. Kyrkjebygda og Fjone skular er to-delte 1-7 skular, medan Tveit skule/Nissedal ungdomsskule er ein fulldelt 1-10 skule.
Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for skule er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte. Kvar skule sin årsplan skal bygge på dei felles satsingsområde.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Leseplan: Utarbeide felles plan for leseutvikling i Nissedalsskulen.
  Planen er ferdig.
- "Vurdering for læring" – fortsette arbeidet med fokus på
  1. Analysemodellen
  2. Skulebasert leiing. Skuleleiarane skal ha kunnskap om kvar elev si læringsutvikling.
     Aktuelle metodar: Pedagogisk vandring, refleksjon i kollegiet og resultatsamtalar med lærarane dannar grunnlag for den tilpassa opplæringa
     Skuleeigar: Ha kunnskap om korleis rektorane arbeider med elevane si lærings-utvikling. Metode: Rektorvandring, refleksjonar i rektormøte.

  Dei nemnde tema over er blitt jobba med i utviklingstida ved skulane.
  I 1. tertial blei det rapportert om store utfordringar ved ein av skulane når det gjeld læringstrykk, klassemiljø og klasseleiing, avgrensa spesielt til ei klasse. Skulen har sett inn mange tiltak for å forbetre situasjonen. Skulevandring med observasjon i klassa av leiinga og rettleiing er gjennomført. Frå august blei det sett inn slike tiltak: To kontaktlærarar, to-lærar og deling av klassa i fleire fag.
  Skulen melder om at miljøet i klassa er blitt betre. Det er høg fokus på dei faglege utfordringane og på det systemretta arbeidet.
  I 2. tertial leigde skulen inn ekstern rettleiar frå BroAschehoug. Mål: Betre læringstrykk og meir elevaktivitet i læringsarbeidet.
  Nye metodar blei øvd inn. Tiltaka blir vurderte i mars 2018.
  Einingsleiar har fylgt saka tett.

  Kollegia ved skulane har samarbeidd om elevane sitt totale skulemiljø. Her har kvar elev sin sosiale og faglege utvikling vore sentral. Den faglege utviklinga til kvar elev er fylgd gjennom ei rekkje kartleggingar og prøver igjennom året. Likevel er den kjennskapen læraren har til kvar elev frå time til time den viktigaste kjelde til tilpassa opplæring. Drøftingar i fellesskap har i stor grad handla om tiltak, ulike metodar og konkrete oppgåver og øvingar for å oppnå ønska utvikling.
  Einingsleiar for skule har alltid blitt informert om alvorlege saker som vedkjem elevane sitt psykososiale miljø.

- Utarbeide "Plan for tidleg innsats" saman med eining for barnehage og eining for helse og habillitering
  Planen blei ferdigstilt i 1. tertial. Oppfylging av planen starta i august med kurs i regi av SMISO (senter mot incest og seksuelle overgrep) for alle tilsette i kommunen som arbeider med barn. Skuleeigar var representert v/ordførar. Planen er og fylgd opp med informasjon til føresette og undervisningsopplegg i klassene.
- Vidareføre styrking til norskundervisning for minoritetspråklege elevar.
  Tveit skule har hatt 16 veketimar til særskilt språkopplæring. Dette har omfatta både norskopplæringa, to-språkleg fagopplæring og TPO som kompensasjon for morsmålsundervisning. Desse timane blei tilført skulen hausten 2015 då dei første flyktningane kom. Hausten 2016 kom det elevar frå Syria. Desse elevane hadde svært ulik bakgrunn samanlikna med dei fyrste som kom.
  Det ser ut til at dei fleste elevane som har fått særskilt norskopplæring har hatt god utvikling. Tilsetting av miljøterapeut har gjett positive resultat. Vedkomande har bidrege til auka kulturforståing mellom elevane og lærarane, bidrege til inkludering og som tolk mellom elev/lærar og mellom skule heim.
  Det starta ingen nye minoritetspråklege elevar ved skulestart 2017. Ein elev gjekk ut av 10. klasse og over i kombinasjonsklasse i Lunde saman med ein annan elev frå VO. Desse er blitt fylgd opp av Flyktningetenesta på ein svært god måte.
  Opplæringslova krev at skulen held fram med særskilt norskopplæring inntil elevane er på nivå 3 i kartleggingsmateriellet frå U-dir. Dette er langt fram i tid og tilbodet må derfor halde fram. Ein må heile tida vurdere om ressursen til særskilt språkopplæring er tilstrekkeleg.
  Fylkesmannen lyste ut midlar til rettleiing frå NAFO (Norsk senter for andrespråk i opplæringa) våren 2017.
  Nissedal kommune fekk løyva 20 timar. Både VO og lærarar ved Tveit og Kyrkjebygda har delteke på samlingar med NAFO. Mål med rettleiinga er at alle lærarar skal bli gode "norsklærarar" for dei minoritetsspråklege elevane.
- Fylgje opp arbeidet i byggje- og prosjekteringsnemnda i samband med utbygging av småskulen ved Tveit skule.
  Byggestart 16.6.17.
  Status pr. 31.12.17: Forseinka framdrift. Ikkje innflyttingsklart etter planen.
  I byggeperioden har småskuleelevane fått undervisning på storskulen. Nokre universelle tilretteleggingar blei gjennomført til skulestart særleg mtp. syn.
  SFO har og heldt til i storskulen under byggjeperioden. Oppsett plan er fylgt. Erfaringane med flyttinga av elevane har vore gode.
- Endring av opplæringslova § 9A vår 2017, om det psykososiale miljøet i skulen
  Skolering av leiarar og personale
  Einingsleiar og rektorar har fått skolering via e-læring og i kontaktmøte med Fylkesmannen i april.
  Ny 9a fekk høg fokus ved skulestart i august. Alle lærarar fekk opplæring v/einingsleiar. Alle føresette fekk informasjon om lovendring frå leiinga ved skulane.
  Tilpasse lovendringa til "Plan for arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø» etter oppl.lova § 9a-3
  Gjennomført
- Oppgradere læreverk i skulane
  Generelt om læreverk:
  Gode læreverk vert høgt prioritert i Nissedalsskulen. Pensum i dei einskilde faga i skulen finn ein i Kunnskapsløftet. Eit godt læreverk verk er likevel ein trygghet for lærar og meir motiverande for elevar. Gode verk av nyare dato har i seg mykje av det nyare forsking visar til. Døme på det er Vurdering for læring, ulike lese og skrivestrategiar og differensierte tekstar og oppgåver. Gode verk har høg prioritet saman med ikt- utstyr og digitale lisensar.

Ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule er det læreverk som er svært gamle og utdaterte. Mellomtrinnet har fekk nytt matematikkverk i år, medan 1.-4.klasse blei innfasa tidlegare. Det har vore ei kostbar affære å bytte ut mange læreverk samstundes. Etter at "Tema" forsvann frå småskulen, blei det prioritert å kjøpe inn læreverk der. Skulen fekk i 2. tertial tilbakeført kr 60 000 pga faktureringsfeil i 2016. Midlane blei brukt til å kjøpe inn nye læreverk.
Grendeskulane samarbeider om innkjøp av lærebøker i munnlege fag. Det ligg føre ein fireårig plan for småskulen og ein treårig plan for mellomsteget, dvs. at me har bøkane annakvart år. Dette sparer oss for utgifter til bøker. I fjor starta me på utskifting av engelskbøker på Fjone. Dette er ei vurdering etter erfaringar med nasjonale prøver der me såg at dei eldre bøkene har for lite framdrift i faget. Norskverket Zeppelin er og under utskifting. Me ser at det er store endringar i bøkene i basisfaga med meir pensum for stega. Dette avspeglar erfaringane med nasjonale prøver.
Ved Kyrkjebygda skule er det kjøpt inn nokre norsk –og matematikkbøker.

- Nytte NHO modellen/jobbavis i samband med arbeidsveka til 9. klasse
  Gjennomført.
  Jobbavisa var produsert til rapportering i 1. tertial. Vidare rapportering om NHO modellen:
  Nissedal kommune hadde ansvar for NHO-jobbavisa, der nokre av bedriftene i kommunen lyste ut ledige stillingar. Næringssjefen deltok aktivt i samarbeidet med skule/næringsliv. Elevane blei utplasserte i bedrift ei veke i vår.
  Elevane skreiv søknadar og laga CV som blei sendt til bedriftene. Dette arbeidet var integret i faga norsk og utdanningsval. Då søknadane var mottekne av bedriftene, blei elevane kalla inn til intervju. Elevane øvde på å gjennomføre intervju på skulen. Rådgjevar fylgde opp elevane ved anten å reise, eller ringe bedrifta der eleven hadde praksis. I etterkant av praksisveka fekk kvar elev tid til å dele med dei andre elevane, og rådgjevar, korleis dei opplevde veka.
- Tilstandsrapport: Utvikle ny mal i tråd med KS-opplæring vår 2016
  Ny mal er utvikla etter modell frå KS.
  Rapportering er gjennomført for åra 2014/15 – 2016/17
- IKT-satsing
  I 2016 blei det starta ei IKT- satsing i skulane
  Ta i bruk IKT-plan frå Læringssenteret for IKT i skulen
  IKT-situasjonen
  Ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har me fått eit kraftig løft både på PC-park, oppbevaring og elevplattform. Eit funksjonelt nettverk har vore ei utfordring ved skulen. Systemet blei oppgradert av Aspit i mai 2017. Enno er det utfordringar med nettverket i delar av bygget. Det bryt saman når t.d. 13 elevar er pålogga samstundes. Når elevar gjennomfører obligatoriske kartleggingar og undersøkingar, byr gjennomføringa på store utfordringar.
  Fjone skule: Har berbare pc-ar til mellomsteget medan småskulen har pc-ar på deling. Utfordringa er at dette er ferskvare. Me har ingen rullering på innkjøp av pc. Me nytter tenester av Aspit, men det ligg ikkje inne serviceavtale for elevmaskiner i driftsavtala. Det må betalast i tillegg. Driftsavtala med Aspit fungerer godt for tilsette.
  Kyrkjebygda skule: Ein vil kvart år ha behov for å kaupe inn nokre elevpc-ar og ein lærar-pc. Dei gamle stasjonære pc-ane reknast som ubrukelege. Desse er om lag 10 år gamle. Samstundes som ein treng jamleg utskifting av pc-ar så gjeld dette og dei digitale tavlene. Me har undervisning i tre klasserom. Me har to digitale tavler, der den eine ikkje er brukbar lenger. Så ein vil trenge to tavler i løpet av 2017. Ei ny digital tavle blei kjøpt inn vår 2017. Slikt sett er heile posten til inventar og utstyr brukt opp, og vel så det.
- Det innførast 5-dagarsskule i heile Nissedalsskulen
  5-dagars skule blei innført ved Fjone og Tveit skule/Nissedal ungdomsskule frå august 2017. Kyrkjebygda skule innførte ordninga som forsøk hausten 2014.
  Innføringa har gått som planlagt.

- Det skal gis eit kvalitativt godt tilbod om leksehjelp i Nissedalskulen.
  Småskulen på Tveit har fått leksehjelp av pedagogar og fagarbeidarar på SFO.
  I innkøyringa ved skulestart blei det sett inn ekstra bemanning med pedagog. (teke av eiga ramme)
  Mellomsteg og ungdomsskule har fått leksehjelp av pedagogar kvar tysdag.
  Organiseringa av leksehjelpa blei endra i samband med innføring av fem dagarsskulen.
  Det er blitt gitt gratis leksehjelp til alle elevar i 6. time måndag og torsdag.
  Fjone: småskulesteget har fått leksehjelp av fagarbeider på SFO i to timar pr veke.
  Ved Kyrkjebygda oppvekstsenter har leksehjelpa blitt utført av fagarbeidar. Hjelpa har vore for 1. til 4. steg og har vore på ein halv time kvar dag på måndag-torsdag. På onsdagane har leksehjelpa vore ein del av SFO. På måndag, tysdag og torsdag er leksehjelpa blitt gitt i tidsrommet mellom skuleslutt og skyssen heim om ettermiddagen.
- Markere Kyrkjebygda skule 50 år i 2017.
  Jubileumet vart markert fredag 1. september. Noverande og tidlegare elevar og tilsette var innbedne. Gratulasjonstalar ved ordførar, einingsleiar og tidlegare tilsette. Elevane framførte jubileumssong og las dikt. Servering ved bygdekvinnelaget. Rektor leia kvelden på ein framifrå måte. Dette blei ein minnerik kveld.

SFO

Nissedal kommune tilbyr skulefritidsordning (SFO) på Tveit skule, Fjone skule og Kyrkjebygda oppvekstsenter. I tillegg vert det gjeve tilbod på Felle, men då som eit redusert tilbod organisert gjennom Felle barnehage. SFO-tilbodet skal minimum fylgje skuleruta. Tilbodet utanom skule-ruta skal tilpassast etterspurnaden og skal organiserast ved den skulen med flest søkjararar.

SFO i Nissedal skal gje eit kvalitativt godt tilbod om sunn mat, fysisk aktivitet og sosial kompetanse, men samstundes ha respekt for barns leik og fritid.

Frå 1.1.17 blei pkt. 3 i SFO – vedtektene til Nissedal kommune endra slik:
SFO i feriar og skulen sine fridagar:
SFO kan vere open i delar av skulen sine feriar og på nokre planleggings- og fridagar. Det er skuleleiinga i kommunen som avgjer om ein skal halde ope utanom skuleruta. Det må vere minst fem som melder seg på ferie-SFO. Skuleleiinga lagar ein plan på dette ved skulestart kvart år. Det er eigne betalingssatsar i skulen sine feriar.

Spesielle tiltak/endringar i 2017
Kyrkjebygda oppvekstsenter
SFO-assistenten ved Kyrkjebygda oppvekstsenter vart frå og med september 2016 fagarbeidar. Ingen endringar i SFO-tider.
Frå og med august 2017 vart stillinga som fagarbeidar/assistent utvida med omlag 30 % grunna auke i barnetal.

Tveit skule
Organiseringa av SFO vart endra ved skulestart 2017 i samband med innføring av fem-dagars skule. Onsdagar var tidlegare heildagstilbod. Her er det no blitt innført morgonøkt og ettermiddagsøkt. Ettermiddagsøkta har vore frå 12:45-16:30. På fredagane har ettermiddagsøkta starta etter 5. time. Den 5. timen har vore gratis for elevar som har skuleskyss og som skal heim rett etter skulen. Tilbodet før skuletid har gått som før måndag, tysdag, torsdag og fredag.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt til det. Undervisninga for flyktningane er frå 1.1.2017 lokalisert på Kåsa.
Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet.
Det vert gjeve undervisning til nokon av bebuarane på Kåsa bu og avlasting. Denne undervisninga er lokalisert på Mila og vert gjeve i samarbeid med Eining for helse og habillitering.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Lokale: Avklare varig løysing
  Vaksenopplæringa held framleis til på Kåsa. Tilsette er nøgde med lokala, men det har vore utfordringar å finne tilstrekkeleg med rom. Fagansvarleg med tilsette har vore kreative i høve organisering av undervisninga for å kunne nytte arealet maksimalt. Det er teke i bruk eit kontor ved inngangen til "nytt grupperom".
- Realkompetansevurdering (RKV) Elevar som ikkje har fullstendig grunnskule har rett til å få kompetansen sin vurdert for inntak på vidaregåande skule, i innføringsklasse eller som ei stadfesting på at eleven har rett på grunnskuleopplæring. Kommunen har plikt til å gje elevar ved Vaksenopplæringa, som ikkje har fullført grunnskulen, slik opplæring.
  To av våre elevar er realkompetansevurdert. Dette er elevar utan fullstendig grunnskule frå heimland. Dei har delteke noko i grunnskule i Nissedal, men ikkje fått tilstrekkelege kunnskapar til å kunne meistre eit ordinært vidaregåande løp. Slikt sett har kommunen plikt til å gje dei kompetanse på grunnskulens nivå. Desse elevane har fått plass i kombinasjonsklasse (erstattar ordninga med innføringsklasse)i Lunde der dei får opplæring på grunnskulenivå og på vidaregåande nivå dersom dei meistrar det. Kommunestyret løyvde kr 200 000 til dette føremålet i k-sak 1/17. Båe elevane takka ja til plassane. Dei flytta til Lunde i august og starta opplæringa. Flyktningekonsulent fylgjer dei tett.
  Det synte seg at ein av elevane som starta i kombinasjonsklassa hadde høgare kompetanse enn forventa. Han starta derfor i eit løp med 2 år i 1. klasse VGO utpå hausten. Slikt sett har utgiften til kombinasjonsklassa blitt redusert.

Kompetanseutvikling

- SFO: Kurs i "Sosial kompetanse" – nytte planleggingsdag.
  Utsett til 2018
- Grunnskule:
  Vidareutdanning i basisfaga.
  To lærarar har gjennomført 30 stp. i matematikk. Dei avla eksamen 5. mai 2017 og bestod. Nissedal kommune deltok på felles planleggingsdag i Vest –Telemark 17.3.17. Tema var Vurdering for læring. Svært høg kvalitet på forelesar, Marit Jensen.
  To nye lærarar starta på 30 stp studie i norsk ved Høgskulen i Oslo i august.
  Norsk for minioritetsspråklege elevar bør prioriterast.
  Ikkje gjennomført. Søkjarane blei ikkje prioriterte av U-dir (fekk ikkje plass)
  Deltaking i KS sitt leiarprogram for å rekruttere til leiing i skulen (aktuelt for alle med leiiaroppgåver i skulen) Utprøving haust 2016, fullføring 2017 for dei som ynskje å fullføre.
  Ein lærar ved Tveit har delteke. Avslutta studiet med flott resultat på eksamen i desember 2017.
  Vaksenopplæringa: Delta på årelg fagkurs med IMDI i Telemark.
  Gjennomført

Realkompetansevurdering
Tilsette ved VO og i flyktningetenesta har fått kurs i dette i VO-nettverket i Telemark
Delta i VO-nettverk i Telemark:
Gjennomført

Lokalt utviklingsarbeid ved skulane:
Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har nytta utviklingstida til å lukke avvik i tilsynet mai 2016. Tema for tilsynet var elevanes læringsutbytte.
Arbeidet med Vurdering for læring og "Lesing i alle fag" vidareførast, då desse har direkte samanheng med tilsynsrapporten.
Frå august 2017 er det fokus på lekser; kva slag lekser, omfang og progresjon. Lekser skal vere tilpassa den einskilde elev.
Felles for alle skular: Nettverket i Vest Telemark skal ha skulevandring som tema i haust. Dette er ein velkjend metode for rektor der han/ho observerer undervisninga og gir lærar konstruktiv attendemelding.

HMS Internkontroll:
Vernerunde og brannøvingar er gjennomførte etter plan ved alle skular.
Ved førre branninspeksjon var det uavklart kven som var brannvernleiar ved skulane. Aviket er lukka. Det er fastslått at rektorane er brannvernleiarar ved sine respektive skular.

14.3 Eining for barnehage

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune gir eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det.

- Sikre full barnehagedekning.
- Satse på kompetanseutviklingstiltak for dei tilsette for å betre kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagane.
- Sikre at barnehagen blir ein arena for første steg i eit livslangt læringsperspektiv.
- Sikre godt samarbeid og god samanheng i overgang frå helsestasjon og mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ein barnehage som gir eit godt fagleg og sosialt grunnlag.
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak (tidleg innsats).
- Leggje til rette for godt samvirke mellom barnehage, skule, kultur og heim slik at barna kjenner seg heime i bygda dei bur i.
- Leggje vekt på brukarane sine behov ved planlegging og organisering av barnehagetilbodet som eit viktig middel for å få nye innbyggjarar til kommunen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:
Lov om barnehage
Rammeplan for barnehagar
Felles språkplan for alle barnehagane (intern)
Plan for tidleg innsats – samarbeid med skule, barnevernstenesta, helsesyster, PPT og psykisk helse (intern)

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Kommunen har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Haugsjåsund, Kyrkjebygda og Felle.
Kommunen har eitt hovudopptak i året.
Dette skjer i mars,- og det er i samband med dette at retten til barnehageplass vert gjort gjeldande. Kommunen vil så langt som råd gje tilbod til barn fortløpande gjennom året.
Føresette kan velje mellom 2, 3, 4 og 5 dagars tilbod. I tillegg til alle helger og høgtidsdagar er alle barnehagane stengt to veker i juli.
Barnehagen i Treungen gir barnehagetilbod i romjola og virkedagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag for alle barna i barnehagane i kommunen .
Det er utarbeida felles satsingsområde for alle barnehagane. På bakgrunn av dette utarbeider kvar barnehage sin eigen årsplan.
Kompetanseheving skal fokusere på satsingsområda.
Barnehagane samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, skule, ppt og barnevernstenesta.

Spesielle tiltak/endringar i 2017:

- Legge til rette for kompetanseheving av personalet
  Eininga har nytta personalmøter og planleggingsdagar til fagleg utviklingsarbeid.
  Nissedal har saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark eit nettverk på barnehageområdet. Dette nettverket fekk kr. 135 000,- i kompetansemiddel frå fylkesmannen. Desse midla har vi nytta til felles planleggingsdagar på tvers av kommunane der implementering av ny rammeplan har vore tema.
  Vi har og hatt felles styrarsamlingar i regionen.
  Sjå ellers under punktet for kompetanseutvikling.
- Vidareføre intern opplæring for assistentane og fagarbeidarane
  Eininga har gjennomført fire samlingar for alle assistentane i kommunen med fagleg innhald.
- Utarbeide plan for tidleg innsats i samarbeid med eining for skule og eining for helse og habilitering
  Plan og rutinar er utarbeida. Eininga vil saman med skule, helse/hablitering og kultur jobba vidare planen.
- Gjennomføre brukarundersøking i 2017
  Blei gjennomført i november 2017.
- Legge til rette for at ny rammeplan blir kjent for alle tilsette i barnehagane
  Einingsleiar og styrarane har delteke i ei kurspakke i regi av fylkesmannen i arbeidet med implementering av ny rammeplan.
  Dette er og arbeidd med internt på planleggingsdagar, avdelingsmøter oa.
- Utgreie sak om å tilby ledig kapasitet i barnehagen til SFO i jol/påske.
  Dette er ikkje gjort. Kommunestyret vedtok i desember -17 å halde barnehagane stengt i samband med jul og påskehøgtida.
- Sak til kommunestyret om å tilpasse nedre aldersgrense for opptak til å samsvare med foreldrepermisjon.
  Sak var oppe i kommunestyret i september -17.

Treungen barnehage

Godkjent for 60 plassar, der 36 (18 born) er i eiga småbarnsavdeling (1-3 år).
3-5 årsavdelinga har 24 godkjente barnehageplassar.
Opningstida er 07.15-16.45.

Spesielle tiltak/endringar i 2017:

- Evaluere ordninga med at Treungen barnehage er open i jol/påske.
  I samband med behandlinga av budsjett og handlingsprogram for 2018 vedtok kommunestyret å gå tilbake til gamal ordning. Frå 2018 er barnehagane stengt jule- og nyttårsaften, i romjula og virkedagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag.

- To- språkeleg assistent i 100% stilling blei vidareført frå oppstart av barnehageåret 17/18 og ut 2017.

Kyrkjebygda barnehage
Godkjent for 20 plassar.
Opningstida er 07.15-16.45.

Spesielle tiltak/endringar i 2017:

- Hausten - 17 kom to flyktningfamiliar til Kyrkjebygda. Desse hadde 5 barn i barnehagealder. Tre barn som fylte eitt år i løpet av våren – 18 stod på søkjarliste til Kyrkjebygda. Kommunestyret vedtok å utvide barnehagen med tolv nye barnehageplassar frå januar 2018.
- Det er gjennomført ei midlertidig løysing med auka barnehageplassar frå desember -17. Kommunestyret vedtok i februar ei utbygging av oppvekstsenteret.

Haugsjåsund barnehage
Godkjent for 20 plassar.
Opningstida er 07.15-16.45.

Spesielle tiltak/endringar i 2017:

Felle barnehage
Godkjent for 18 plassar.
Opningstida er 07.00-16.30.

Spesielle tiltak/endringar i 2017:

- Felle barnehage fekk i k-sak 24/17 auke personalressursen ved oppstart av barnehageåret 2017/18 med 60% pedagog og 20% assistent. Det er 13 barn som har tilbod i barnehagen. Barnehagen gir og SFO-tilbod.

Kompetanseutvikling:
Ein styrar har tatt vidareutdanning i "Nasjonal lederutdanning for styrere i barnehagen". Dette studiet gjev ei kompetanseheving på 30 studiepoeng og har gått over ein periode på 1,5 år.
Ein styrar har fullført studiet "Forebyggende og tideleg innsats – tverrfaglig samarbeid i barnehagen til barnets beste" i regi av høgskulen i Sørøst-Norge.
Kurset gir 30 studiepoeng.
Ein assistent har fullført kurs for assistentar hos "Kompetansesenter og bedriftshjelp" i spesialpedagogikk.
Kurset gjekk over 10 kveldar i Porsgrunn.
Eininga fekk kr 90 000,- i statlege kompetansemiddel. Kr. 50 000,- av desse er nytta til barnehagekonferanse "Med fremtiden i fanget". Målgruppe: 6 styrare/pedagogar, og kveldskurs i Arendal: "Barns språkutvikling". Målgruppe: 15 pedagogar og fagarbeidere/assistentar.
Kr. 40 000,- er overført til bundne fond.

Sjukefråvær:
Sjukefråværet for 2017 i einingа: 7,09 %. Dette er fordelt på 0,25 langtidsfråvær og 6,84 i kortidsfråvær.
Sjukefråværet er ei utfordring for einingа. Barnehagane har hatt fokus på førebyggjande tiltak for å få ned fråværet.
Hausten -17 har vi hatt samarbeid med arbeidslivsenteret. Dei har gjort ei kartlegging av arbeidsmiljøet som barnehagane arbeider vidare med.
Vi har tett oppfølging ved fråvær, og ved langtidssjukmelding har vi jamnleg dialog.
Barnehagane har stort fokus på trivseltiltak.
Det er vanskeleg å få tak i nok vikarar til å dekke opp all sjukefråværet. Dette gjev ei ekstra belastning på personalet som er på jobb.

HMS Internkontroll:
Det er gjennomført brannøvingar og vernerundar i alle barnehagane våren – 17.
Dei fleste tiltak som blei påpeka er utbedra. Andre må arbeidast med i samanheng med budsjettarbeidet.
Det er gjennomført medarbeidersamtaler i barnehagane.

14.4 Eining for kultur

Kommuneplanen sine mål:

Skape eit rikt og variert kulturliv for alle og la dette bli ei av drivkreftene til ein positiv auke i folketalet i Nissedal.

- Kulturtilboda i kommunen skal femne alle og gi auka trivsel.
- Mangfaldet av kultursatsinga vert organisert av eining for kultur som i sitt arbeid stimulerer til samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre til eit rikt og yrande kulturliv som verkar samlande på alle i kommunen.
- Kommunen sitt folkehelsearbeid legg til rette for fysisk aktivitet for alle i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunen gjer aktiv bruk av utvalde kulturminne for å fremje innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhøyr og attraktiviteten som reisemål.
- Nissedal kulturskule skal bli eit kulturelt ressursenter der kulturskuletilboda er varierte, kreative og tilrettelagde for den einskilde elev.
- Nissedal folkebibliotek skal vere eit samlingspunkt for alle og stimulere til leselyst i alle aldrar.
- Nissedal ungdomsråd skal vere aktivt og engasjerande, og jobbe for at ungdom vil kome til Nissesdal etter endt utdanning.
- Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan einingа
Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
Lov om folkebibliotek
Kommunedelplan for idrett og friluftsliv

Vidareføring av etablert drift:

Heile einingа
Kultur er eit vidt teneste-spekter samstundes som dei enkelte tenestene er relativt små i Nissedal kommune. Dei mest konkrete tenestene vert omtala nedanfor.

Spesielle tiltak/endringar i 2017:

- Gjennomføre utarbeiding av tursti på den gamle toglina, frå Treungen sentrum til Åmli kommune. Dette er ein del av ein heilskapleg plan for området sentrum/Sommarsletta, og fyrste del av den universelt utforma stien.
  Spelemiddelsøknad vart sendt og godkjend av fylkeskommunen. Søknaden fekk ikkje tilskot i 2017, og vart fornya 2018. Arbeidet med å førebu stien heldt fram, målsetting er å legge prosjektet ut på anbod i april 2018.
  Det vart jobba med eit skissegrunnlag for bru frå sentrum til Sommarsletta av arkitekt John Sanden. Skissegrunnlaget skal gje svar på om det kan la seg gjere, og gje arkitekten høve til å teikne eit forslag til korleis ein kan løyse dette i samarbeid med autorisert ingeniør på feltet. Det skal også gje eit førebels prisoverslag. Dette som eit grunnlag for å søkje om spelemidlar. Midlar til prosjektering er tatt frå søkte midlar til universell utforming frå KMD på 75.000,- og 25.000,- frå "skattepotten".
- Gjennomføre kulturprisutdeling og kulturkveld. Ein ser på korleis dette kan gjennomførast innanfor eksisteranda rammer. Ein må sjå på korleis dette kan gjerast mindre kostnadskrevjande og kanskje også på ein ny måte enn vi har gjort før.
  Kulturkveld med kulturprisutdeling vart gjennomført 25. november i Fleirbrukshuset. Det vart ein fantastisk kveld med lokalprodusert underhaldning og mat. Tema for kvelden var Den Blå Timen og underhaldninga spegla det på ein svært god måte. Maten var også framifrå, det var 9. klasse på Nissedal ungdomsskule som serverte eigensmurde snittar på brød frå vårt lokale bakeri og kaker. Det var ca. 150 betalande i publikum, og pris pr. billett var 150,- inkl. mat. Det var eit bevisst val å la prisen vere låg, så det var mogleg for fleire å delta, og med det eit sjansespel på om arrangementet ville stå seg økonomisk. Sidan det ikkje lenger er midlar til arrangement i ramma, måtte kulturkvelden stå seg økonomisk på billettinntektene. Dessverre vart det eit underskot..
  Kulturprisutdeling:
  Utlysing av forslag til kandidat vart gjort i VTB og på kommunems heimeside og FB. Det vart kunngjort at ein kan melde inn forslag til kandidatar for kulturprisen innan 1. august. Formannskapet vedtok at Bjørn Dagfinn Tveit fekk kulturprisen for 2017.
- Høgt fokus på å løyse oppgåver knytt til flyktning på tvers av einingar, slik at tenesten som blir gjett blir så god som mogleg.
  Det vart jobba med godt samarbeid mellom dei ulike tenestene, og spesielt har ein hatt fokus på samarbeid mellom flyktningetensta og NAV sidan det er mange krysningspunkt på tenester mellom flyktningetensta og NAV.
- Gjennomføre kulturminneplan
  Nissedal kommune søkte om og fekk midlar til kulturminneplan. Arbeidet med denne var planlagt å starte haust 2017 og strekke seg inn i 2018. På grunn av stort arbeidspress, vart det ikkje starta eit arbeid på dette i 2017. Arbeidet må starte opp i 2018. Dette er rapportert til riksantikvaren.
  "Riksantikvaren mottok søknader om midler til å lage kulturminneplan fra 66 kommuner i 2017. Dette var flere enn vi har midler til og vi har gått gjennom søknadene og prioritert 54. I Telemark fylke får Nissedal kommune 100 000 kroner."
- Vere med i planlegging og bygging av to 2-manns flyktningebustader i kommunen.
  Arbeidet med å bygge flyktningebustader vart sett i gong og feridgstilt etter planen i Kyrkjebygda i november. Flyktningebustader vart starta på i sentrum, og vart ferdigstilt i Mars 2018.
- Fokus på folkehelsetiltak i planlegging av arrangement og aktivitetar. Høgt fokus på samspel mellom dei ulike einingane og dei frivillige.
  Det vart gjennomført for skuleåret 2017/18 barneidrett med Hild R. Fjone og Rune Sanden i kulturskuletimen for 1. – 4. klasse i kommunen. Kulturskuletimen vart delt opp, slik at kvar skule fekk tilbodet i løpet av året.
  Det vart gjennomført fysisk aktivitet som eit lågterskeltilbod vår 2017 for mellomtrinn og ungdomstrinn med Fysioterapeut Hild Riseth. Haust 2018 lot dette seg ikkje gjennomføre

på grunn av logistikken med drift av SFO midlertidig i Fleirbrukshuset. Tilbodet om fysisk aktivitet starta opp igjen i februar 2018. Fysisk aktivitet for mellomtrinn og ungdomstrinn er eit lågterksletilbod utan kostnad for deltakaran og eit tiltak innafor folkehelseprogrammet.
Det vart jobba med ulike tiltak for ulike aldersgrupper. Samarbeid mellom einingane, frivilligsentral og dei frivillige om folkehelse i kommunen fungerte svært bra.
Kultur er ein del av den tverrfaglege folkehelse- og frisklivsgruppa som jobbar med folkehelseprosjekt spesielt retta mot born og unge, men og heile kommunen.
I 2017 var tiltaket vi jobba mest med, Topptur Nissedal. Eit prosjekt som verkeleg traff både lokalbefolkning og hytteturistar, og som fekk svært mange ut på tur, og mange oppdaga kommunen sin på nytt. Prosjektet gjekk ut på at om ein som vaksen var på 10 toppar, eller som born, 7 toppar, fekk ein ei gratis topptur Nissedal t-skjorte der logo var designa av Heide Fasteraune. Vi hadde 36 toppar i prosjektet, og til saman var det nesten 300 som gjennomførte og fekk t-skjorte. Ein såg og ei stor auke i talet på turgåarar som skreiv seg i bøkene på toppane. Prosjektet varte til 15. oktober. Utgifter til t-skjorter vart henta frå folkehelsemidlar. Totalt hadde prosjektet ein utgift på ca 40.000,-

- Godt samarbeid med frivilligsentralen
  Flyktningetenesta samarbeida med frivilligsentralen om språkpraksis og matkurs. Ein er svært nøgd med arbeidet frivilligsentralen gjer med integrering, men også på mange andre område. Frivilligsentralen har og vore med i arbeidet med Topptur Nissedal, og har arrangert turar til ulike toppar blant anna. Frivilligsentralen gjer ein svært god jobb, og har ei samarbeidande rolle med kommunen på mange område.

Fritidsklubb

Fritidsklubben er open 2 dagar i veka, og skal vere inkluderande for alle i målgruppa 8. klasse til 18 år i heile kommunen. Ungdommen skal i stor grad vere med å utforme aktivitetsinnhaldet.

Spesielle tiltak/endringar i 2017:

- Ein ser at arbeid med integrering er svært viktig i ungdomsklubben. I 2017 vil ein ha eit spesielt fokus på dette gjennom ulike aktivitetar.
  Det har blitt jobba med toleranse og forståing for kvarandre. Ungdomsklubben skal vere ein open og inkluderande samlingsstad for ungdom og ein skal jobbe med haldningar på korleis ein er mot og med kvarandre.

Kino

I samarbeid med Bygdekinoen er det kinoframsyning kvar 14.dag i kinosalen på Fleirbrukshuset. Det er Bygdekinoen som bestemmer programmet og har billettinntektene, så kommunen si oppgåve er å legge lokale til rette og profilere kinotilbodet.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Ein ynskjer å ha meir fokus på å reklamere for bygdekinoen og få enno fleire til å gå på kino
  Bygdekinoen har vore godt besøkt i 2017, og ein klarte å ligge innanfor budsjett på filmleige.

Bibliotek

Nissedal folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek lokalisert saman med Nissedal ungdomsskule. Det er ope for publikum 2 dagar i veka, medan skulen kan nytte det ved behov. Dagsaktuell litteratur, enkeltarrangement og god profilering er tiltak for å nå mål om å vere eit samlingspunkt for stimulering til leselyst i alle aldrar. Biblioteket skal delta aktivt i tverrfagleg arbeid saman med barnehage og skule.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Satse på biblioteket som ein naturleg samlingsstad for kommunens innbyggjarar i tråd med lov om folkebibliotek. Det har blitt søkt på arenautviklingsmidlar til dette føremålet.
  Eit samarbeidsprosjekt mellom Nissedal, Åmli og Bygland vart gjennomført med ulike aktivitetar i biblioteket, som forfattarbesøk og bokkveldar. Dette vart godt motteke av publikum, og gjorde biblioteket kjend for nye lånarar. Midlar til dette fekk ein frå Nasjonalbiblioteket.
- Vidareføre tilbodet med laurdagsope bibliotek.
  Det vart gjennomført laurdagsope bibliotek. Tilbodet vart godt motteke frå publikum, og populært. Ein såg ein at besøkande nytta både bibliotek og basseng på laurdagane. Det var også i 2017 ei auke i utlånstal og besøk på biblioteket.

Spelemidlar – kommunalt tilskot

Gjennom tett samarbeid med idrettsrådet skal kommunen kvart år prioritere spelemiddelsøknadar som kjem inn. Dette skjer gjennom å rullere handlingsdelen i kommunedelplan for idrett og friluftsliv kvart år.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Legge til rette for eit godt samarbeid mellom søkjarar på spelemidlar i kommunen og legge til rette for ein god og berekraftig anleggsutbygging.
  Det vart i januar 2017 sendt inn 3 spelemiddelsøknadar til fylkeskommunen, motorcrossbane og bilcrossbane på Nidelv Arena og tur og sykkelsti på Lina. Alle søknadane var formelt i orden, men berre motorcrossbanen fekk tilsagn. Dei andre to søknadane vart fornya for 2018.

Ålmenne kulturtiltak/arrangement

Tett samarbeid med skulane om den lokale delen av Den kulturelle skulesekken (DKS).
Det var eit godt samarbeid med skulane om DKS. Det vart gjennomført ein endring i arbeidsmåte med DKS frå fylkeskommunen etter føringar frå Kulturtanken. Dette gjekk i å tilpasse tilboda frå Fylkeskommunen meir spesifikt til den enkelte kommune gjennom dialog om behov og ynskje.
Dele ut prosjekt- og kulturmidlar med fokus på barn og unge.
Sak på fordeling av kultur-og prosjektmidlar vart behandla i junimøtet i formannskapet og pengane vart fordelt ut til lag og org i kommunen.
Enkelt-arrangement.
Det vart arrangert lokal UKM i samarbeid med Treungen Music City 17.02., Treungen Music City-konsert i Fleirbrukshuset 18.02., Tom Jackie Haugen og Drangedal bortforklaring 24. 02., kulturskulens jubileumsframsyning 29. 04 og kulturkveld 25.11.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Kulturarrangement i Fleirbrukshuset, ha som mål å ha 2 større kulturarrangement i tillegg til fleire små arrangement i løpet av 2017.
  Arrangement i Fleirbrukshuset vart gjennomført tiltak under punkt enkeltarrangement. I tillegg hadde vi 2 kulturskulekonsertar og andre mindre arrangement.
- Legge til rette for arrangement for eldre og born i barnehagen gjennom å legge til rette for det og nytte midlar frå Fylkeskommunen til dette føremålet.
  Barnehagane har vore på besøk i Fleirbrukshuset på framsyning kjøpt av barnehagane, og produsert av fylkeskommunen. Kultur har hjelpt til med arrangementet. Det vart gjennomført markering av eldredagen 14. desember på Mila i samarbeid med Nissedal eldreråd og Nissedal bygdekvennelag. Bygdekvinnelaget laga ei heilt fantastisk ertesuppe og Nikolae Bogdan underholdt. Arrangementet vart finansiert av midlar frå Den kulturelle spasetstokken.

- Vidareføre ordninga med laurdagsope basseng.
  Laurdagsope basseng og bibliotek har blitt vidareført med svært godt resultat. Bassenget og biblioteket har vore ein god integreringsarena for hytteturistar, fastbuande og nyinnflytta.

Kulturvern og –samlingar

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Starte arbeidet med Kulturminneplan.
  Arbeidet med kulturminneplan vart ikkje starta i 2017 på grunn av svært stor arbeidsmengde i eininga. Arbeidet med denne vil bli starta i 2018.

Kulturskule

Kulturskuletimen vert lagt til rette slik at det er så lett som mogleg for den einskilde elev å møte opp. Timen vert lagt rett etter skuleslutt på tysdagar og kvar skule i kommunen får tilbodet på sin skule. Kulturskulen skal arrangere minst 2 konsertar i året der kvar elev kan vise fram kva den har jobba med. Kulturskulen arrangerer UKM i samarbeid med ungdomsklubben.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Markere at kulturskulen er 25 år i 2017
  Kulturskulens 25 års jubile vart markert 29. april i Fleirbrukshuset med 2 utselde framsyningar. Det vart ei fantastisk framsyning med alle elevane i kulturskulen på scena. Vi arrangerte i forkant av framsyninga eit teaterkurs der teltakarane øvde inn skodespelet i framsyninga, og spelte inn ein stumfilm. Det var Leif Arild Sanden som lagde manus og hadde regi. Det vart løyvd 50.000,- til dette prosjektet. På grunn av uføresette hendingar, vart prosjektet noko dyrare enn føresett.
- Utgreie tilbod om bilde-kunst.
  Det vart lagt fram ei sak om korleis eit tilbod om bildekunst kunne gjenomførast og kostnad på dette. Politisk nivå løfta dette inn i budsjett for 2018.

Ungdomsrådet

Nissedal ungdomsråd er knytt til fritidsklubben, men har ikkje vore særleg aktivt i fleire år.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Det må kartleggast kvifor ungdomsrådet ikkje har fungert, og kva som skal til for å få det til å fungere.
  Arbeidet med å få opp igjen ungdomsrådet vart jobba med. Ungdomsrådet må opp å gå i 2018.

Flyktningetenesta:

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpne som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen. Spesielt må ein legge vekt på eit godt samarbeid med vaksenopplæringa.

Spesielle tiltak/endringar 2017:

- Legge til rette for 10 nye flyktningar i 2017.
- Det kom 18 personar til Nissedal kommune i 2017. Det kom fleire enn vedtak for 2017 på grunn av dialog med Imdi og at vi tilrettela for overføringsflyktningar. Det vart sagt frå Imdi si side, at flyktningestraumen var i ferd med å avta, og at vi ikkje ville få den kvota vi hadde førebudd. Men, med dialog med Imdi, fekk vi 3 familiar seinhaustes 2017. Dette førte til at 2 familiar med born vart busett i dei nye flyktningebustadene i Kyrkjebygda og ein familie vart busett i Treungen.

- Vere med og bistå ved oppføring av 2 tomannsbustader i kommunen
  Det var eit godt samarbeid med teknisk, og oppføring av flyktningebustader kom raskt i gang, og hadde svært god progresjon. Flyktningebustadene i Kyrkjebygda vart prioritert fyrst, og stod klare, som lova, i november. Bustader i Treungen vart starta på i 2017, og vil ferdigstillast i mars 2018 etter planen.
- Jobbe for at vi har ei god integrering i kommunen
  Det vart jobba med integrering i samarbeid med frivillige, gjennom frivilligsentralen og i kommunens tenester, men dette er eit arbeid vi bør ha enno meir fokus på i 2018.

Kompetanseutvikling:
Marjan Wouts og Roberto Soest i ungdomsklubben gjennomførte 40 timars kurs i spesialpedagogikk.
Eit svært godt og nyttig kurs.

Sjukefråvær:
Sjukefråværet i kultur var lågt i 2017. Det var mest korte eigenmeldingar, og litt sjukmelding. Sjukmeldingar og eigenmeldingar var ikkje relatert til arbeid.

HMS Internkontroll:
Vernerunde vart gjennomført saman med skule 30. mai. På vernerunda kom det fram avvik på sceneriggen. Denne var ikkje sertifisert etter forskrift. Det vart starta eit arbeid med å finne dokumentasjon og resertifisere den. Dette fekk vi til, og riggen vart godkjend haust 2017. Avviket er lukka.

14.5 Eining for helse og habilitering

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimsplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:
Lov om sosiale tenester
Helsepersonelloven
Folkehelseloven
Pasient og brukarrettighetsloven
Kommunehelselova

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga
Eininga gjev helse og omsorgstenester etter kommunehelselova til innbyggarane i Nissedal kommune.

Spesielle tiltak/endringar for 2017

- Etablere plan og rutinar for tidleg innsats saman med eining for skule og eining for barnehage
  Plan og rutinar er utarbeida. Eininga vil saman med skule, barnehage og kultur jobbar vidare med planen.
- Revidere og utarbeide planar som er beskrive i planstrategi for Nissedal kommune
  Plan for smittevern er ferdig, Plan for rehabilitering og habilitering er under revisjon. Pandemiplan er under arbeid, Plan for barne og ungdomshelsetenesta er under arbeid. Folkehelseplan er under arbeid og bustadsosial handlingsplan er under revidering.

Tenester for funksjonshemma
Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Treungen. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert ytt etter enkeltvedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa sørgjer eininga for at dei som har behov for det, får støttekontakt. Våren 2017 er det 5 brukarar som har støttekontakt. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

Spesielle tiltak/endringar for 2017

- Stillinga som avdelingsleiar på Kåsa står ledig. I 2017 vil me prøve ei anna organisering der delar av denne stillinga nyttast som ein fagkoordinator.
  Stilling som fagutviklar vart internt utlyst i februar mars 2017. Søkjargrunnlaget var ikkje tilstrekkeleg.

Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. . Det er også eit lågterskel-tilbod til personar med psykisk sjukdom. Mila har 1,1 årsverk fordelt på 2 personar.

Spesielle tiltak/endringar for 2017

- Søke prosjektmidlar for å utvikle uteområda på Mila til fysisk aktivitet tilrettelagd for eksisterande og nye brukargruppe
  Det er så vidt starta eit arbeid med dette i samband med at Mila er 20 år i år. Tiltaket vil ikkje bli ferdig i 2017, men fortsetjast på i 2018.

Helseavdelinga

Dei kommunale helsetenestene etter kommunehelselova er organisert slik:

Legekontor : Legekontoret er bemanna med 2 legar, turnuskandidat, sjukepleiar og helsesekretær. Kontoret har ein avdelingsleiar-ressurs i 40% som også er leiar for resten av helseavdelinga.

Jordmorteneste : Jordmortenesta 25% stilling. Tenesta fylgjer opp alle gravide før og etter fødsel.

Fysioterapitenester : Nissedal kommune har til saman 180% fysioterapistilling. 80% er på driftsavtale og 100% er fast tilsett i kommunen.

Helsestasjon : Nissedal kommune har helsesyster i 80% stilling. Helsesyster har ansvar for skulehelsetenesta og helsetenester til barn og ungdom.

Friskliv : Nissedal kommune jobbar aktivt med friskliv. Det er ingen fast tilsette som arbeider bare med dette, men kommunefysioterapeuten har eit overordna ansvar for aktivitetane.

Tenester innanfor psykiatri barn og vaksne : Tenesta har 160% stilling fordelt på to tilsette. Dei gjev tenester til vaksne og barn som trenger oppfølging i kortare eller lengre periodar.

Spesielle tiltak/endringar for 2017

- Analysere resultata etter eit prøve år utan fylgjeteneste i samarbeid med sjukehuset i Telemark. Sak kring dette vert lagt fram i forkant av 1. tertial, saman med ei vurdering av heile jordmortenesta.
  Det er gjennomført spørreundersøking blant dei som fekk barn i 2016. Dei kjenner seg godt ivaretekne av jordmortenesta, utan fygjeteneste.
  Kommunen fortsett utan fylgjeteneste i 2018.
- Utvide helsesysterstillinga til 100% på permanent basis.
  Stillinga vart auka til 100% frå 01.01.2017
- Innarbeide rutinar som fylgje av modellkommune prosjektet.
  Er sett i gong.

- Etablere klarare rutinar og arbeidsmetodikk for innsats rundt utsette barn. Nissedal kommune må legge om sitt arbeid for å gje betre tilbod til denne gruppa.
  Er sett i gong

  Kommunelege-stillinga er ledig. Ny lege er tilsett, men ho kjem ikkje til å starte opp i stillinga før juni 2018. I mellomtida vil me finne løysingar med tidligare turnuskandidatar. Som eit tiltak er også avdelingsleiarstillinga auka til 100% til juli 2018. Legekontoret er godt bemanna og det er ikkje ventetid på time til tross for at legedekninga i periodar er redusert. Det er inngått avtale med ein tidlegare turnuskandidat som arbeidar 80% fram til 01.07.2018.

Kompetanseutvikling:
Einingsleiar tar vidareutdanning i leiing ved universitetet i Agder.

14.6 Eining for omsorg

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimsplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om helse- og omsorgstenester
Pasient- og brukarrettighetsolva
Helsepersonellova
Norm for informasjonssikkerhet
Kvalitetsforskriften for pleie og omsorg
Demensplan 2015

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for omsorg utfører tenestene i samsvar med kvalitetsforskrifta ,som sikrar den einskilde brukar å vere med å bestemme korleis den daglege tenesta skal utførast.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Endre dagens turnus slik at den vert tilpassa den økonomiske ramma og avvikle ressursbanken.
  Abeidet med ny turnus vart sluttført i oktober. Etter interne omdisponeringar og naturlege avgangar er nå 2 stillingar i vikarpool.
- Føre vidare eit dagtilbod for personar med demens som er heimebuande så langt resurssane innanfor skjerma avdeling tillet det. (jfr demensplan 2020).
  Dagtilbodet vert vidareført inntil vidare i sin nåverande form ved skjerma avdeling. Det ble i 2017 tilbydd enkelt-dager til ein brukar når ektefelle hadde behov for dette.
- Samarbeidsavtale vedrørande ordning for aktivitetsvenn (AV) i Nissedal er etablera. I 2016 vart ordninga satt ut i livet. I 2017 vert fokuset å vidareføre denne ordninga.
  Ordninga med aktivitetsvenn er vel organisert, og det haustast gode erfaringar.
- Arbeide for å halde sjukefråveret for heile eininga på 7% eller lågare.
  Sjukefråveret i eininga var i 2017 12,2 % (Langtidsfråvær 8,9 og korttid 3,4). %. Eininga har ei høg alderssammansetning, samstundes som at arbeidsbelastninga er stor. Det er likevel ikkje grunn til å tru at sjukefråveret er direkte arbeidsrelatert.

- Vidareføre fokuset på avdelingsledertenesten ved å gjennomføre interne halvdags leiarsamlingar 2-4 gonger i året, med fokus på fag, bygging av samarbeid og sosialt.
  I 2017 har det vore stort fokus på avdelingsleiar si rolle. Avdelingsleiar sin funksjon og rolle er nå langt på vei i tråd med stillingsomtalene i einiga.
- Det er sett i gang arbeid med bygging av nye omsorgsbustader i umedelbar nærleik til institusjonen. Denne prosessen vil sannsynleg sluttførast i 2017 og målet må vere gode framtidsretta bustader kor det er lagt opp til å kunne ta i bruk teknologiske løysingar.
  Prosessen vart i 2017 lagt på is i påvente av ny bustadsosial handlingsplan
- Gjennom Vest-Telemark-Samarbeidet, jobbe fram mot å få mobil omsorg som system i einiga
  Det er løyva mildlar til Velferdsteknologi for Vest–Telemark, for Nissedal betyr dette 6 nettbrett. I tillegg mobilomsorg med elektroniske arbeidslester er innført for heimetenesta og somatisk avdeling.
- Føre vidare ordninga med interkommunal pårørandeskule for pårørande til personar med demens i eit samarbeid med Vest-Telemark kommunane
  Vi har ikkje klart å rekruttere pårørande frå Nissedal til skulen i 2017
- Utgreie muligheten for å etablere permanent dagtilbod for personar med diagnose demens
  Dette arbeidet anbefalas vurdert opp mot nye omsorgsbustader, og har ikkje vore behandla særskilt i 2017.

Administrasjon/tenestekontor:

Tenestekontoret sakshandsamar alle søknader om omsorgstenester, tryggleiksalarmar og hjelpemidlar. Ved utgangen av 2015 var det 170 aktive brukarar som har hjelpemiddel frå NAV hjelpemiddelsentral. Vidare syter tenestekontoret for ein del interne system og rutinar, spesielt innanfor datasikkerhet og personvern, internopplæring, kvalitetssikring og avvikshandtering.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- I 2017 vert dagens bemanning på 1,9 årsverk på tenestekontoret vidareført (10 % er midlertidig vakant).
- Innstallering av arkivkjerne i Profil slik at det blir eit fullelektronisk arkiv. Arbeidet starta i slutten av 2016. I 2017 vil fokuset vere på opplæring og omlegging av rutinar.
  Elektronisk arkivkjerne er på plass frå 1/1 - 2018.
- Nav hjelpemiddelsentral krev at kommunane overtek meir og meir av oppfylgingsansvaret i høve til hjelpemiddel som brukarar har fått i heim, skule, på arbeidsplass og til fritidsaktivitetar. Dette er eit ressurskrevjande arbeid og krev årleg kursing og tett samarbeid med hjelpemiddelsentralen.
  I tråd med Navs oppfordringar vart det i 2017 etablert hovedkoordinator for hjelpemiddel handtering på tvers av einingar, samt koordinatorar og fagpersonar innan for kvar eining.

Institusjonstenester :

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids - og langtidsopphald (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphald og 2 korttidsplassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter eigne kriteria. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering og aktivitet.
I tillegg til pasientar frå eigen kommune kan Nissedal kommune også gje institusjonsplass til personar frå andre kommunar, både gjennom samarbeidsavtale i Vest-Telemark, og etter behov frå andre kommunar. Dette under føresetnad av at eigne innbyggjarar sin rett til omsorgstenester kan imøtekomast og at det ikkje gjev meirkostnadar for einiga.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Arbeide vidare med å sjå på måltidsrytmen i høve til å tilby middag på ettermiddagen og ikkje kl 13 som no. Kveldsmaten vert då forskyve tilsvarande.
  Middag vart i 2017 flytta til klokka 15.30
- Vidareføre prosjekt med fokus på forflytning i høve til HMS og førebygging av sjukefråvær.
  Det vart løyva midlar til personløftar i 2017. Dette betyr mindre løft og mindre venting på den eine NOS hadde frå tidligare.
- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.
  Arbeidet med trivsel for tilsette og våre tenestemottakar hadde høg prioritet i 2017. Det vart gjennomført en to-dagars samling med tilsette frå alle avdelingar, saman med einingsleiar, med fokus på trivsel og god kommunikasjon.
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus på alle bebuarar
  Dette arbeidet er ikkje ferdigstilt. Det ble tilsett ny avdelingsleiar i somatisk hausten 2017, og andre oppgåver vart prioritert. Blant anna tok arbeidet med ny turnus mye kapasitet.
- Gjennomføre vergekurs for alle tilsette ved skjerma avdeling i løpet av våren 2017
  Dette vart bortprioritert med omsyn til styrking av arbeidsklima og utfordringar totalt i NOS, det foreligger pr. d.d. en del internkompetanse på vergeteknikk, samstundes har det ikkje forkomme utageringsproblematikk i 2017.
- Jobbe aktivt for å selje plassar når det er kapasitet til det
  Det er minimal etterspørsel etter plassar, det vart totalt selt 2 netter til Fyresdal kommune i 2017.

Heimebaserte tenester:

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfylging dersom tryggleiksalarmar vert utløyst. Hausten 2016 er det 32 personar som har tryggleiksalarm. Heimebaserte tenester må kontinuerleg tilpassast variasjon i tenestebehov, talet på pasientar og reiseavstand, men slik at alle personar får den hjelpa dei har krav på. Hausten 2016 er det 47 personar som er tildelt ulike heimetenester og 40 personar som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp)
Det er aukande behov for tenester blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim. Auke i brukarar dei siste åra har gjort at ressursar som skulle vore felles for institusjonen og heimetenesta har blitt nytta meir i heimetenesta og dermed svekka tilbodet til bebuarane på langtidsavdelinga. Ein konsekvens av dette var at einingа omdisponera midlar slik at det vart ei til kveldsvakt mån-tors.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.
  Tilsette deltok på demensnettverk og opplæring frå palliativt forum. Mobilomsorg var primærsatsinga hausten - 17
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus
  Dette er på god vei i heimesjukepleia.
  Ernæringsplanen er ferdig utarbeida, men ikkje implementert. Manglande leiarkapasitet i einingа totalt sett har gjort at desse oppgåvene vart bortprioritert.

Serviceavdelinga:
Reinhald, vaskeri og kjøkken knytt til omsorgstenestene er organisert i eiga serviceavdeling. Kjøkken har også sal og administrering av utkøyring av middag til heimebuande (etter vedtak). Hausten 2016 er det 17 personar som får køyrd middag heim. Dette er ikkje eit lovpålagd tilbod, men er svært viktig m.t.p å førebyggje underernæring hos personar som bur heime.

Spesielle tiltak/endringar i 2017.

- Samarbeide med kjøkken når det gjeld måltidsrytma. Jamfør tiltak beskrive under institusjonen.
  Turnus for drift er justert tilpassa nye etetider, utan at dette medfører ekstra kostnader.
- Lage ein plan for å renovere grovkjøkken i samarbeid med teknisk
  Plan er ikkje ferdigstilt, det er estimert ein kostnad på 150 000,- for renovasjonsarbeidet.

Kompetanseutvikling:
Det vert arbeid med å etablere ansvarlige kompetanse/resurspersoner innanfor aktuelle fagområder - disse vil danne grunnlag for prioritering av opplæring/kurs i åra framover.
Eininga har ein sjukepleier som fullførte vidareutdanning i 2017.

Sjukefråvær:
Korttid: Ned frå 3,8 til 3,4
Langtid: Ned frå 8,99 til 8,99

HMS Internkontroll:
Det vart ikkje gjennomført brannøving 2017, dette bør prioriterast i 2018.
Det er frå brannrundar de sist åra gitt avvik for manglande rømmingsveg mot sør – dette er ikkje fulgt opp i 2017. Etter målingar er det behov for isolerande materiell på veggar i eterom.

14.7 Eining for teknisk drift

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune skal dekkje behovet for tekniske tenester og halde ein forsvarleg miljøprofil.

- Alle som er knytt til offentleg vassforsyning får nok, godt og reint vatn til vanleg hushald utan driftsavbrot.
- Kommunen tar hand om avløpsvatn, slik at det ikkje oppstår miljøskade og sjenerande tilhøve.
- Kommunale renovasjonstenester skal vere av god og tidsriktig kvalitet og ta omsyn til det ytre miljøet.
- Kommunen har gode og trafikksikre kommunale vegar, både sommar og vinter.
- Kommunen sikrar i samarbeid med Statens vegvesen gode og trafikksikre tilkomstar til/frå fylkeskommunalt/staleg vegnett.
- Dei mjuke trafikantane ivaretakast særskilt, jf. Trafikksikringsplan.
- Kommunen legg til rette for tomter til bustader og næringsbygg etter behov.
- I Nissedal kommune er det trygt å bu der fortløpande arbeid med samfunnstryggleik og beredskap førebyggjer krisesituasjonar. Kriser løysast på lågast mogeleg nivå i samarbeid med dei kommunale einingane, brannvern, helsetenester og samordning med eksterne instansar som politi, sjukehus, sivilforsvar, bedrifter og friviljuge organisasjonar.
- Risiko og sårbarhetsanalysa (ROS) er ein del av kommunen sitt HMS-arbeid og internkontroll.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:
Plan for kriseleiing og beredskap
Handlingsplan for trafikksikring 2015-2016
Klima- og energiplan for Nissedal kommune 2010-2015
Drikkevatn forskrifta

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga
Tekniske tenester omfattar både interne tenester i organisasjonen og diverse tenesteyting ut mot publikum. Dei viktigaste tenestene er nemnd under.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

Utleigebustader
Kommunen har totalt 33 utleigebustader, der 19 tildelast etter Lov om helse og omsorgstenester (av tenestekontoret i eining for omsorg), og resten tildelast etter gjeldande reglement av eining for teknisk drift. Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.
Bustader som tildelast av eining for teknisk drift skal leigast ut etter gjeldande reglement, og det er eit mål at alle bustadene er leigd ut til ei kvar tid.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Oppføre 4 omsorgsleilegheiter ved NOS.
  Prosjektering- og byggenemda fann det naudsynt med ei utgreiing rundt ulike tomtealternativ i høve til desse bustadane og framtidig utnytting av området rundt NOS. Arkitekt har laga fleire skisser til løysing. Behov for ulike type bustadar vil bli vurdert på nytt i samband med rullering av boligsosialhandlingsplan i 2018.
- Oppføre 4 bueiningar for flyktningtenesta.
  Prosjektering- og byggenemda har kome til at det er behov for store familieleilegheiter med 4 soverom og god kvalitet på materialval for å redusere framtidige vedlikehaldskostnadar.
  Prosjektet har vore på anbod, kontrakt er inngått og bygging starta ca. 20.04.17
  Bustaden i Framnesfelt vart tatt i bruk i nov.17 Bustaden i Treungen er under oppføring med ferdigstilling april 18.n.
- Gjennomføre radonreduserande tiltak i bygg med høge radonverdiar.
  Det blei gjennomført tiltak ved årskiftet 2016/2017 som blei ført i 2017 rekneskapen. Kunn oppfylging ved kontrollmålingar resten av året.

Bygg der det gjevast kommunale tenester (skular, barnehagar, inst., kommunehus...)

Eining for teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald (fdv) av alle kommunale bygg. Vernerundar og bygningsteknisk internkontroll skal syte for at alle bygg er i forskriftsmessig stand. God dialog med brukarane av kvart bygg skal syte for at bygningsmassa er tilpassa dei behov brukarane har, innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramme.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Ombygging av Tveit småskule.
  Prosjektering- og byggenemda har saman med representantar for brukarane og arkitekt gjort eit omfattande forprosjekt før endeleg val av planløysing.
  Prosjektet har vore på anbod og byggearbeidet starta juni 17. Det mest av byggearbeidet var utført ved årskiftet, men fullføring vil skje i 2018.
- Gjennomføre radonreduserande tiltak i bygg med høge radonverdiar.
  Det blei gjennomført tiltak ved årskiftet 2016/2017 som blei ført i 2017 rekneskapen. Kunn oppfylging ved kontrollmålingar resten av året.
- Ny taktekking på murbygget ved Tveit skule.
  Arbeidet er utsett til sommarferien 2018.
- Vurdere løysingar kring rausting av tak på kommunehuset.
  Skisser frå arkitekt på rausting vart lagt fram for kommunestyret. Desse falt ikkje i smak og det blei vedtatt å legge ny tekking på noverande takløysing i 2018.

Andre bygg (NSB-eigedom..)

Kommunen eig ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi. Nokon av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokon nyttast til lager og andre står ubruka. Utfordringa med dei fleste er at dei er dårleg vedlikehalde og står i fare for å miste sin verdi. Utvendig vedlikehald må prioriterast for å sikre bygga.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

Vanleg drift. Delar av taket på lokstallen blåste av i eit kraftig uver i jula -17. Blir ei forsikringssak i 2018.

Grøntanlegg

Kommunen har grøntanlegg både knytt til bygningsmasse, parkområde og idrettsanlegg. Alle kommunale grøntanlegg skal stå fram som presentable og i stand til å tene det føremål dei er etablert for.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

Vegar og plassar

Kommunen har 24,5 km med kommunal vegar. I tillegg syter kommunen for sommar-renovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard både sommar og vinter. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningsliner.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Revidering av reglement i høve til kommunale/private vegar.
  Formannskapet har handsama sak om vilkår for kommunal veg. Arbeidet vil bli vidareført i 2018.
  Arbeid med asfaltering av kommunale grusvegar blei ikkje fullført hausten 2016 grunna tidleg vinter. Gjenståande arbeid starta i mai. Kleivvegen, Tveitanevegen, Brattbakken-Framnes og bustadvegar i Framnesfeltet samt øvre del av Tveitvegen er ferdig asfaltera med godt resultat. Tilleggsbestilling på reasfaltering av veg til Vikodden friluftsområde er også utført.

Fjoneferja

Kommunen driv Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Utgreie sak om heilårsdrift av Fjoneferja.
  Som eit forsøk starta ferjedrifta omlag 1 månad før avtalt oppstart som var 01.05.17. I desember blei det vedteke prøveprosjekt med heilårsdrift i 2018 og 2019.
- Nissedal kommune gå i dialog med TFK om drift av Fjoneferja i samband med areal og transportplan 2015-2025.
  Ikkje gjennomført i 2017 då aktuelt møte med fylkeskommunen blei flytta til januar 18.

Brann og ulykkeberedskap

Nissedal kommune er med i Vest-Telemark brannvernsamarbeid IKS. Dei er lokalisert i Høydalsmo og har ansvaret for tilsyn, feiing og det faglege ansvaret for brann- og ulykkeberedskap. Kommunen har framleis ansvar for lokalt brannvesen med 16 deltids brannmannskap.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Fullføre påbyrja grunnopplæring av 4 brannkonstablar.
  Gjennomført som planlagt.
- Legge fram sak kring rullering av/behov for nytt utstyr for brannmannskap.
  Sak blei handsama av kommunestyret 16.02.17 som løyva kr 230.000 til innkjøp av utstyr. Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn hos alle landets brann- og feievesen og nesten samtlege fekk omfattande pålegg til bygningsmessige forhold og drift av verksemda. Nissedal kommune fekk 4 pålegg. 3 av desse vart lukka ved gjennomføring av mindre tiltak, siste pålegg gjeld installasjon av ventilasjonsanlegg og har gjennomføringsfrist 31.12.2018.

- Utrede å bli med i beredskapssamarbeid.
  Kommunen er pålagt å ha planverk og beredskap mot store uønska hendingar. Kvar kommune har ein beredskapskoordinator. I Nissedal er dette ein del av stillinga til einingsleiar på teknisk. Det var forslag på at Vest-Telemarkkommunane kunne samarbeide om ein fagperson som kunne ha dette arbeidet som hovudoppgåve. Forslaget blei ikkje med blant dei fagområda det arbeidast vidare med interkommunale løysingar på og det er difor ikkje grunnlag for vidare arbeid med denne saka.

Vatn og avlaupsanlegg

Kommunen har ca. 870 vatn-abonnentar og 1.550 kloakk-abonnentar som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Gjennom gode rutinar for drift og internkontroll skal kommunen sikre eksisterande abonnentar god kvalitet på drikkevatn og sikre miljøet mot utslepp av kloakk. Frå juni 2015 er Nissedal kommune vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia med Drangedal kommune.
Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevellag, utbyggingsinteresser og grunneigarar.
Grunna auka aktivitet innan vatn og avlaup må bemanninga aukast med ein driftsoperatør. Arbeidet med å skaffe nye abonnentar er tidkrevjande og bør styrkast. I siste halvdel av 2016 var det ei mellombels tilsetting i 40% og denne bør omgjerast til ei prosjektstilling i 100%.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Arbeide aktivt med å skaffe nye abonnentar, spesielt knytta til overtaking av private vassverk på Kyrkjebygdheia og Gautefallheia. For å styrke dette arbeidet blir det oppretta ei prosjektstilling over 2 år der delar av stilling også vil bli nytta til registrering og utarbeiding leidningskartverk for vass og avløpsnettet.
  Ein av dei permiterte hos Hitec AS arbeida i 40% stilling hausten 16 og fyrste kvartal 17. Permiteringa var trekt tilbake og han har takka nei til den tiltenkte prosjektstillinga. Dette gjorde at arbeidet med registrering og utarbeiding av VA-kart i liten grad er utført. Arbeidet med nye abonnentar har pågått heile året. Eit privat vassverk med 46 abonnentar blei overtatt ca. 1.juni og eit vassverk på 125 abonnentar blei overtatt ved årsskiftet. Prosjektet med avtale om kommunal vassforsyning til Kyrkjebygdheia er inne i sluttfasen har vore den største og mest arbeidskrevjande saka. Kom ikkje til politisk handsaming i 2017, men blei godkjent februar 2018. Det er inngått 6 anleggsbidragsavtaler for VA-nett i 2017.
- Utvide driftsovervakingssystemet til å omfatte alle kloakkpumpestasjonane.
  5 nye anlegg blei bestilt og satt i drift i.
- Installere ny innlaupsrist ved Kyrkjebygda RA.
  Ny rist blei montert i veke 47.
- Tilsette ny driftsoperatør i nyoppretta stilling for drift av vass avløpsanlegga.
  Stein Skåli er tilsett som drifsoperatør og starta i jobben 14.08.17.
- Utgreie løysingar kor kommunen kan inngå individuelle avtaler med utbyggingsfirma som gjer det mogleg å utsette kommunale gebyr, nå formålet er vidaresal av hytter.
  Sak om dette er handsama av kommunestyret i samband med ny forskrift for vass og avløpsgebyr.

Kompetanseutvikling:
Alle opplæringsmidlane er nytta til opplæring av brannmannskap.

HMS Internkontroll:
Vernerundar og drift som planlagt.

14.8 Interkommunalt plankontor

Kommuneplanen sine mål:

All arealbruk skal støtte opp om, og utvikle gode bumiljø og arbeidsplassar.

- Kommunens planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.
- Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal prioriterast.
- Tryggleik og beredskap skal leggast til grunn i arealplanlegginga.

Vidareføring av etablert drift:

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for plankontoret:
Plan og bygningslova
Naturmangfaldslova
Matrikkellova
Eigarseksjoneringslova
Forureiningslova
Kommuneplan, spesielt arealdelen
Kommunedelplanar
Reguleringsplanar

Heile plankontoret
Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har for 2017 budsjettert med 5,83 årsverk (frå 01.03. 5,70). Drifta skal vere slik at målsetjinga om 100 % dekningsgrad for tenestene i størst mogleg grad blir oppfylt.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

Administrasjon og plan:
Arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker, budsjett, fakturering, post, arkiv. Budsjetterte årsverk 2017: 1,20.

Spesielle tiltak/endringar i 2017:

- Aktiv bruk av heimesidene til kommunen ved at dei til ei kvar tid er oppdaterte.
  Dette arbeidet har skjedd kontinuerleg og oppdateringa er ganske ajour.
- Utarbeide ny detaljreguleringsplan for Åsen bustadfelt.
  Planen blei eigengodkjent av kommunestyret sak 045/17, 15.06.17.
- Utarbeide ny detaljreguleringsplan for området Sagbrukstomta/Sommarsletta m.m.
  Planen er under arbeid, men arbeidet blei mellombels nedprioritert. Ved årsskiftet var det utarbeidd utkast til planomtale og plankart, men kommunen må gå fleire rundar med dei private utbyggarane før planen kan leggast fram for formell 1.gongsbehandling.

- Ferdigstille tomtedelingsplan for Damkollen.
  Arbeidet blei sett på vent i høve til kjøp av g/bnr 35/82. Dette blei avklara, jf. f-sak 070/17, 01.06.17, og ny tomtedelingsplan med seks tomter, ca. 4 dekar kvar, blei godkjent, jf. f-sak 145/17, 07.12.17.
- Vidareutvikle det digitale planregisteret, publikumsretta innsynsløysingar m.m.
  Registeret er tatt i bruk og blir stadig ajourført med nye planar/planendringar etc.
- Oppstart av prosessen for rullering av kommuneplanens arealdel.
  Det er ikkje varsla oppstart av planprosessen. Varselet er avhengig av eit vedteke planprogram som også omfattar samfunnsdelen av kommuneplanen. Dette arbeidet er ikkje avslutta.

Kart og oppmåling:

Arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova. Budsjetterte årsverk 2017: 2,58 (frå 01.03. 2,45).

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Sluttføre alle mellombelse kartforretningar.
  Dette er så godt som avslutta. (Det står igjen 4 saker av ca. 400 i toppåra for ca. 10 år sidan.)
- Ny FKB-C-kartlegging av spreiddbygd areal (Geovekstprosjekt, kostnader frå 2018)
  Det er gjort avtale med Kartverket om slik ny kartlegging. Kostnadene vil bli fordelt over tre år, totalt kr 407 500. Kartlegginga vil gje ei kvalitetsheving då delar av kommunen har kartgrunnlag frå 1980. Nye bygg og vegar bygd etter 2012 vil kome på plass. Byggeområda vil få oppdaterte flybilde.

Byggesaksbehandling:

Arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.
Budsjetterte årsverk 2017: 2,05.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Kontroll av eventuelle avløpsutslepp i felt der det ikkje er lov med innlagt vatn, felt på Kyrkjebygdheia blir prioritert.
  Det er gjennomført kontroll av Trytetjønn hyttefelt (31 stk), og for Kyrkjebygdheia av felta frå Stokksosen og innover.
- Oppfylging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.
  Det er ikkje utført slik kontroll.
- Internt sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt).
  Det er bruka 219,75 timar på dette prosjektet i 2017. Takseringa er ajour.

Kompetanseutvikling:
Ein av oppmålingsingeniørane har byrja på kurs i tingsrett (30 studiepoeng) ferdig sommaren 2018. Byggesaksbehandlar har vore på 2-dagarskurs i tilsyn med mindre avløpsanlegg.

Sjukefråvær:
Eit langtidssjukefråvær er løyst ved overgang til 20% uføretrygd. Korttidsfråværet har vore lite, og lågare enn snittet for kommunen totalt, utan at dette er dokumentert med fråværs-statistikk.

HMS Internkontroll:
Gjennomført vernerunde har ikkje vist behov for tiltak/endringar i arbeidsmiljøet.

VEDLEGG I:

Årsmelding 2017

Nissedal kyrkjelege fellesråd

ÅRSMELDING 2017
NISSEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

1. ALLMENT

Nissedal kommune ynskjer å vere ein kommune i vekst og med gode tilbod til alle.

I Nissedal kommune sitt handlingsprogram for 2014 – 2017 står det mellom anna fylgjande under Nissedal kommune sin visjon: NISSEDAL VIDARE.

- *"Aktivt kulturarbeid som gir trivsel og identitet"*
- *"Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet."*
- *"Born og unge sine oppvekstvilkår er svært gode."*
- *"Samvirke på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen."*

For at desse måla skal bli realisert har kyrkja ein sentral plass. Som ei levande folkekyrkje er kyrkja ein viktig del av lokalsamfunnet, og sentral i trusopplæringsarbeidet og haldningsskapande arbeid.

Kyrkja ynskjer å bidra til å skape gode lokalsamfunn, prega av nærleik, varme, omsut og engasjement.
Utvikling av samarbeids – og møtepunkt, er bidrag til å gjere kyrkja til meir enn ein utgiftspost lova legg på kommunen.

2. MÅLSETJING

- Ta vare på, forvalte og drive kyrkjene / kyrkjegardane i kommunen etter gjeldande lover og på ein tenleg måte for kyrkjene og lokalsamfunnet.
- Stå til teneste for innbyggjarane i kommunen, praktisk, åndeleg og medmenneskeleg.

3. ORGANISERING 2017



Samansetjing av fellesrådet

Nissedal og Treungen vart slege saman til eitt sokn frå og med 01.01.2012. Det vart valt inn 6 personar i det nye Nissedal sokneråd. Desse 6 er og fellesråd saman presten og ein politisk representant vald av kommunestyret.
Fellesrådet fører tilsyn med kyrkjene og kyrkjegardane i kommunen. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av fellesrådet sitt tilsynsansvar, vert utført av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er sekretær / sakshandsamar for fellesrådet og administrativ leiar for kyrkja.

Fellesrådet sine medlemer 2017:
Anita Haugstad Haugsjå, leiar.
Asbjørn Nes Hansen, nestleiar
Torill Sønderland
Liv Lia
Linda Felle
Peter Chr Rieber-Mohn
Halvor Homme, kommunen sin representant
Knut Bjørn Skyttemyr, prest

Vara i fellesrådet:
Astrid Eidem Nordal
Olav Borstad
Øystein Fredriksen
Trygve Slokvik
Anne Johanne Berge

Runa Vee Tveit, vara for kommunen sin representant

Saker:

Fellesrådet har hatt 6 møte og handsama 30 saker. (7 møte og 30 saker i 2016) I desse møta har det og vore soknerådssaker.

4. TILSETTE

Fellesrådet hadde ved inngangen av 2017 arbeidsgjevaransvar for ca. 2,4 årsverk, fordelt på 6 tilsette:

Anne Marie Larsson– 100% stilling som kyrkjetenar / kyrkjegardsarbeidar ved Nissedal kyrkje, Treungen kyrkje og Felle kapell.
Pauline G. Nordbø – 3,4% stilling som klokkar ved Nissedal kyrkje.
Olav Svalastog – 60% stilling som organist i Nissedal sokn.
Reidun Lauvdal – 4,3% stilling som klokkar ved Treungen kyrkje.
Elisabet A. Åsland – kyrkjegardsarbeider ved Felle kapell på timebasis.
Reidun Moen Valle – klokkar-/kyrkjetenarvikar, ved behov.
Helga Tveit – organistvikar ved behov når ho har høve til det. Ho held fram på friviljug basis med å spile ved andaktane på NOS kvar 14.dag.
Jon Inge Nordbø - 80% stilling som kyrkjeverje/dagleg leiar

Tilsette i Vest-Telemark prosti: **prostidiakon Eilev Erikstein.**
Tilsett i Agder og Telemark bispedøme: **sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr.**

5. AKTIVITETEN

NISSEDAL:

- Det er arbeidd med innkrevjing av festeavgifter
- Har fått eit sidealter i kyrkja. Det gamle toppstykket til altertavla i kyrkja er måla og har fått sin plass som ein del av sidealteret.
- Har investert i ny sikringsalarm frå Aarak Alarm
- HMS
- Deksel over ovnane i kyrkja
- Det vart vedtatt å kjøpe inn grøn messehakel frå Jølster Design til Nissedal kyrkje.

TREUNGEN:

- Det er arbeidd med innkrevjing av festeavgifter.
- Har investert i ny sikringsalarm frå Aarak Alarm
- Har gjennomført HMS-tiltak
- Deksel over ovnane i kyrkja
- Varmekablar i HC-inngang
- Snøfangarar og nye takrenner til kyrkja
- Mønepannene er festa
- Trafikksikring ved Treungen kyrkje har vore tema. Det er oppmålt eit areal som vi skal kjøpe inntil kyrkjegarden.

- Det er løyvd pengar frå kommunen si side til
- Å lage plan for området rundt Treungen kyrkje
- Kjøpe areal
- Opparbeide meir parkeringsplass
- Historielaget har halde fram med å stelle opp kyrkjestoga. Arbeidet var så godt som ferdig like før jol

FELLE

- Det er arbeidd med innkrevjing av festeavgifter
- Ny dør i kjellar.

Restaurering av toppstykket

2014. Det vart sendt ein søknad til Norsk institutt for kulturminneforsking hausten 2014. Tilbod på undersøking av toppstykket før eventuell avdekking. Tilbodet kom: kr. 65.000. Ein god sum!
Den 9. desember 2014 sendte Nissedal kyrkjelege fellesråd ein søknad til Riksantikvaren om tilskotsmiddel til avdekking og konservering av overmalt kyrkjekunst – altertavle Nissedal kyrkje. Ein er kjent med at ein kan få private gjevarar til prosjektet - det er difor viktig å kome så langt at ein ser om det er mogleg å få ei finansiering på prosjektet.

Kva skjedde i 2015

- Fekk tilbakemelding i juni om at det var løyvd kr 65.000 til forprosjekt
- Jobben kunne gjerast ved slutten av året, nov – des.
- Jobben vart gjort og betalt.
- Vi måtte betale for spesialtransport og forsikring av toppstykket. (det var eit vilkår for å få tilskot til prosjektet at ein hadde ein slik transport)
- Fekk NIKU Oppdragsrapport 177/2015 tilbake. God rapport som er verdt å lese. Men konklusjon: NIKU anbefaler ikkje å avdekke toppstykket. D.v.s at ein nok ikkje kan rekne med støtte frå det offentlege i eit eventuelt vidare arbeid med toppstykket.

2016

- Transport og forsikring i 2015 vart betalt av pengar frå sal av jubileumsboka.
- Får aldersbestemt toppstykket frå NIKU. Det er frå 1700 talet.
- Riksantikvaren støttar tiltaket med å plassere toppstykket i vestre korsarm av kyrkja.
- Riksantikvaren har gjett klarsignal til oppmaling av toppstykket.
- NIKU anbefalar at dekorasjonsmålar Axel Dahlgren gjer jobben.
- Før at jobben kan gjerast, må biskopen og godkjenne at toppstykket kan plasserast i kyrkja til liturgisk formål.
- Det vil koste mellom kr. 30 og 40.000 å få på plass toppstykket i kyrkja.
- Toppstykkegruppa arbeider med finansiering av tiltaket.

2017

- Biskopen har godkjent plassering og bruk
- Axel Dahlgren har gjort jobben
- Sidealteret var tatt i bruk i oktober
- Riksantikvaren har gratulert oss med eit vellukka resultat
  Takk til Torgeir Nordal og resten av toppstykkegruppa (Asbjørn Nes Hansen og Knut Bjørn Skyttemyr) for ein framifrå jobb gjennom 3 år.

Kyrkjekontoret. Kurs for tilsette / staben:

2 dg i aug Møte mellom prostar og kyrkjeverjer i bispedømet i Bø.

HMS arbeid
Branntilsyn 21.september 2017.
Vernerunde 17.oktober 2017. Stad Nissedal kyrkje. Med prost Asgeir Sele, verneombod for prestane Tor Eivind Erikstein, vernombod for dei fellesrådstilsette Anne Marie Larsson og Jon Inge Nordbø.

Eit viktig punkt frå møtet: Ein var tilfreds med HMS-håndbok og årshjul vedr tiltak innan HMS.

Sokneråda sitt arbeid:

Det ligg føre eiga årsmelding for soknerådet og underutvala, prostidiakonen og årsstatistikk for Nissedal sokn

6. ØKONOMI

Resultat 2017:

Rekneskapsmessig meireforbruk(underskot) er på kr. 7.117. Dette resulterte i ein reduksjon i avsettinga til disposisjonsfond.

Kyrkjelydsbladet

Bladet vert delt ut gratis til alle heimar i Nissedal kommune.
Friviljuge gåver vert mottekne med takk. Gåvene dekker vanlegvis kostnadene med trykking og utsending av bladet.
Nissedal kommune nyttar bladet som meldingsblad, og betalar for det.
I 2017 gjekk bladet med kr. 6.967.75 i underskot. Dette beløpet er dekt inn av Fond for kyrkjelydsbladet som har minka frå kr. 76.631.06 til kr. 69.663.31.

Sjå eiga årsmelding,

7. PLANAR FOR 2018

Ein held fram med å avklare ansvar for gravene på gravplassane i Nissedal, Treungen og på Felle. Ein vart nesten ferdige i 2017

Anna prioritert arbeid i 2018

- Nødvending vedlikehald
- Reparasjon i klokkestøpulen på Tveit.
- Investering ved Treungen kyrkje
- Kjøp av grunn rundt kyrkja
- Plan for areal rundt Treungen kyrkje
- Opparbeiding av parkeringsplass
- Leddlys og dimmarar i kyrkjene
- Opp-pussing av mur på tilbygg til Felle kapell
- Ny grøn messehakel til Nissedal kyrkje

Treungen 13. februar 2018

Jon Inge Nordbø
kyrkjeverje

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 18/04771-1
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang
Nissedal kontrollutval

Møtedato
23.04.2018

Årsrapport med årsrekneskap og kontrollrapport i samband med skatteoppkrevjarfunksjonen 2017 – Nissedal kommune

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek «Kontrollrapport 2017 i samband med skatteoppkrevjarfunksjonen for Nissedal kommune» og «Årsrapport med årsrekneskap frå Skatteoppkrevjaren i Nissedal for 2017» til vitande.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har motteke årsrapport med årsrekneskap og kontrollrapport i samband med skatteoppkrevjarfunksjonen 2017 – Nissedal kommune frå skatteetaten. Dei ber om at kontrollrapporten distribuerast til både kommunestyret og kontrollutvalet i Nissedal kommune.

Saksopplysningar:

Skatteoppkrevjarens ansvar og mynde følgjer av «instruks for skatteoppkrevjar» av 8. april 2014. Skatteoppkrevjaren skal utarbeide ein årsrapport som skal omtale alle ansvarsområde angitt i skatteoppkrevjarinstruksen, dvs. skatteoppkrevjarens verksemd, skatterekneskapet, innfordring av krav og arbeidsgjevarkontrollen.

Skatteoppkrevjarfunksjonen i Nissedal er lokalisert saman med skatteoppkrevjarkontoret i Kviteseid. Skatteoppkrevjarfunksjonen består av 0,5 årsverk. Skatteoppkrevjaren i Nissedal kjøper arbeidsgjevarkontrollen frå Arbeidsgiverkontrollen i Agder. Det blei i 2017 gjennomført 6 kontrollar som utgjer 6 % av totalt antall opplysningspliktige arbeidsgjevarkontrollar i kommune. Resultatkravet for arbeidsgjevarkontroller var for 2017 satt til 5% som utgjer 4 kontrollar.

Skatteetaten har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen utøvast tilfredsstillande ut frå gjeldande regelverk på følgjande område:

- Internkontroll
- Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskapet
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgiverkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret/skatteetaten har gjennomført, finn dei at skatteoppkrevjarfunksjonen har utført sin verksemd i samsvar med gjeldande regelverk.

Årsrapport og årsrekneskapet for 2017 frå skatteoppkrevjaren i Nissedal, samt kontrollrapport 2017 i samband med skatteoppkrevjarfunksjonen for Nissedal kommune leggast fram for kontrollutvalet til orientering.

Vurdering frå sekretariatet:

Kontrollutvalet har plikt til å følgje opp at kommunen tek vare på skatteoppkrevjarfunksjonen på ein tilfredsstillande måte, og at den utøvast i samsvar med regelverket og eventuelle pålegg frå skatteetaten.

På bakgrunn av dei opplysningar som ligg føre tilrådast kontrollutvalet å ta dei rapporter som ligg føre til vitande.

Vedlegg:

- Årsrapport 2017 frå Skatteoppkrevjaren i Nissedal
- Årsrekneskap 2017 frå Skatteoppkrevjaren i Nissedal
- Kontrollrapport 2017 i samband med skatteoppkrevjarfunksjonen for Nissedal kommune

Skatteetaten

Saksbehandlar	Dykkar dato	Vår dato
Hanne Gløsmyr Øverland		15.02.2018
Telefon	Dykkar referanse	Vår referanse
90262820		2018/12047

Kommunestyret i Nissedal kommune
Treungvegen 398
3855 TREUNGEN

Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjaren for Nissedal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfygjing av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjarkontoret omfattar kommunane Kviteseid og Nissedal.

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015
0,5	0,5	0,5

Tal årsverk 2017 inkluderar 0,10 årsverk disponert av Interkommunal arbeidsgiverkontroll i Agder. For åra 2016 og 2015 var det høvesvis 0,12 og 0,10 årsverk.

3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2018. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Nissedal kommune viser per 31. desember 2017 ein skatte- og avgiftsinngang[1] til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 144 848 775 og utestående restansar[2] på kr 5 026 640.

Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2017 for Nissedal kommune.

	Resultatkrav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2016 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2017 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2015	96,50	95,10	97,18	95,97
Forskotstrekk 2016	99,93	100,00	100,00	99,93
Forskotskatt personlege skattytarar 2016	99,00	98,76	99,19	99,16
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2016	99,95	100,00	100,00	99,94
Restskatt upersonlege skattytarar 2015	99,00	100,00	100,00	98,84
Arbeidsgjevaravgift 2016	99,85	100,00	99,79	99,82

Resultatkravet for restskatt personlege skattytarar 2015 vart ikkje innfridd. I følgje skatteoppkrevjaren sin årsrapport er det nokre få skattytarar som har store restansar. Det er tatt utlegg.

Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren for Nissedal kommune kjøper arbeidsgjevarkontrollar av Interkommunal arbeidsgiverkontroll i Agder.

Resultat for kommunen per 31. desember 2017 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar i 2017	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utført kontroll 2017 region i %)
83	4	5	6,0	5,5	4,8

Skatteoppkrevjar/kontrollordninga har delteke i ulike kontrollsamarbeid og aksjonar saman med Skatteetaten, mellom anna mot arbeidslivskriminalitet (A-krim). Arbeidsgjevarkontrollen er svært viktig for arbeidet mot arbeidsgjevarkriminalitet(A-krim) og svart økonomi. Tverretatleg samarbeid gjev god effekt i arbeidet mot A-krim, og dette er ei arbeidsform som har vore prioritert. Dette er et område som i dag ikkje har direkte styringsparameter, men et stort engasjement og prioritering frå skatteoppkrevjar er viktig for dei gode resultata som satsinga gjev.

[1] Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane
[2] Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skattoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2017 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing.

Skattekontoret har i 2017 ikkje gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret.

Stadleg kontroll for området arbeidsgjevarkontroll vart halden ved Interkommunal arbeidsgiverkontroll i Agder 19. desember 2017. Rapport er sendt arbeidsgjevarkontrolleininga 10. januar 2018. Eininga har gjeve tilbakemelding på rapporten 6. februar 2018.

Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avleggingа av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Skatte- og avgiftsinnkrevjing
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Arbeidsgjevarkontroll
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

5. Skattekontoret sin oppfølging av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret har vore i dialog med skatteoppkrevjaren om resultatkrava i dialogmøte 30. januar 2017 og det har vore styringssamtale 9. august 2017.

Med helsing

Ingvill Helstad
avdelingsdirektør
Avdeling for innkreving
Skatt sør

Elisabeth Gylder Vingereid

Kopi til:
Kontrollutvalet for Nissedal kommune
Rådmann/administrasjonssjef i Nissedal kommune
Skatteoppkrevjaren for Nissedal kommune
Riksrevisjonen

Dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Skatteoppkrever

Organisering
Arbeidsgiverkontroll
Innfordring

Margin
Skatteregnskap
Skatteinngang

Årsrapport

Årsrapport for 2017

Skatteoppkreveren i Nissedal kommune

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet 3
1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse 3
1.2 Internkontroll 3
1.3 Skatteutvalg 3
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen 3

2. Skatteregnskapet 4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet 4
2.2 Vurdering av skatteinngangen 4
2.3 Margin 4

3. Innfordring av krav 4
3.1 Restanseutviklingen 5
3.2 Innfordringens effektivitet 6
3.3 Særnamskompetanse 6

4. Arbeidsgiverkontroll 6
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen 6
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller 6
4.3 Resultater fra kontrollene 7
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten 7
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører 7
4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak 7

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

Skatteoppkrevjarene skal i medhald av Skatteoppkrevjarinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide ein årsrapport i samsvar med retningslinjer gjeve av Skattedirektoratet. Jamfør § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkrevjaren også utarbeide et årsregnskap som skal ligge ved årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle korleis skatterekneskap, innkreving og arbeidsgjevarkontroll er ivaretatt ved skatteoppkrevjarkontoret.

1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse

Organisering

Skatteoppkrevjarkontoret for Nissedal er lokalisert saman med skatteoppkrevjarkontoret i Kviteseid. Ein kjøper arbeidsgjevarkontrollen frå Arbeidsgjevarkontrollen i Agder.

Ressurser

For 2017 er det 0,5 årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som nyttas til skatteoppkrevjarfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap	0,1	20 %
Innfordring	0,2	40 %
Arbeidsgiverkontroll	0,1	20 %
Administrative oppgaver	0,1	20 %
SUM	**0,5**	**100 %**

Vurdering av ressurssituasjon og kompetanse

Ein er tilfreds med ressurssituasjonen og kompetansen.

1.2 Internkontroll

Internkontrollen er tilfredsstillande

1.3 Skatteutvalg

Saker til skatteutval vert starta på her og send via skatterekneskapet til Skatt sør for vidare handsaming av skatteutval der.

1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har ikkje gjennomført stadlig kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i 2017.

2. Skatterekneskapet

Skatteoppkrevjarens arbeid med skatterekneskapet omfattar regnskapsføring, rekneskapsavlegging, handsaming av inn- og utbetalingar, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorane.

2.1 Avlegging av skatterekneskapet

Skatteoppkrevjaren stadfestar at skatterekneskapet for 2017 er ført, avstemt og avlagd i samsvar med gjeldande forskrifter og retningsliner, jf. Instruks for skatteoppkrevjaren av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

Det vedlagte årsregnskapet viser skatteinngangen for regnskapsåret 2017.

Total skatte- og avgiftsinngang i forhold til førre rekneskapsår

Totalt skatteinngang i 2017 kr. 144.848.775,- mot for 2016 kr. 139 654 008,-

Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunens andel av skatteinngangen er kr. 41.800.984 i 2017 mot kr. 39.677.495,- for 2016.

2.3 Margin

Ved kvart periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks fyrste månedane i året etter inntektsåret skal skatteoppkrevjar halde tilbake ein bestemt prosent av innbetalt forskotstrekk og forskotsskatt som margin. Marginen skal nyttast til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

Tabellen under viser marginavsetning for inntektsårene 2016 og 2017.

	pr 31.10.2017 (inntektsåret 2016)	pr 31.12.2017 (inntektsåret 2017)
Innestående margin	13.834.364,-	11.860.331,-
For mye avsatt margin	0	
For lite avsatt margin	0	
Prosentsats	12 %	12 %

Kommentarer til marginavsetningen

3. Innfordring av krav

I henhold til skatteoppkrevjarinstruksen § 4-3 skal innfordring iverksettes uten unødig opphold etter forfall, og gjennomføres etter ein helhetlig vurdering. Ved vurdering av innfordringstiltak skal skatteoppkrevjaren legge avgjørende vekt på tiltak som enkeltvis eller samlet bidrar til at oppgjør kan skje hurtig og effektivt, samtidig som det overfor skyldner blir utvist den hensynsfullhet og varsomhet som forholdene tillater.

3.1 Restanseutviklinga

Totale restanser og berostilte krav

Tabellen viser totale restanser og berostilte krav for 2017 og 2016, samt endring fra i fjor for restanse og berostilte krav.

Skatteart	Restanse 31.12.2017	Herav berostilt restanse 31.12.2017	Restanse 31.12.2016	Herav berostilt restanse 31.12.2016	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	5.026.640	0	4.645.909	0	+380.731	0
Arbeidsgiveravgift	187.288	0	120.907	0	+66.381	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Finansskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	85.561	0	74.911	0	+10.650	0
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	711.353	0	954.448	0	-243.095	0
Forskuddstrekk	250.638	0	88.290	0	+162.348	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	6666	0	8321	0	-1655	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt person	3.704.887	0	3.399.032	0	+305.855	0
Tvangsmulkt	80.247	0	0	0	+80.247	0
Sum restanse diverse krav	5.026.640	0	4.645.909	0	+380.731	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	5.026.640	0	4.645.909	0	+380.731	0

Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Restanser eldre år

Tabellen viser totale restanser eldre år og restansene på restskatt person for de samme årene.

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2015	322.773	231.621
2014	173.426	85.268
2013	85.095	12.245
2012 – 19XX	2.756.545	----------

Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år
Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2017: 0,-
Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2017: 0,-

Skatteoppkrevjar har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2017.

3.2 Innfordringens effektivitet

Vurdering av resultatet pr. 31.12.2017
Ein er ikkje nøgd med at restansane aukar.

Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat
Aktiviteten kontoret har i år er ikkje endra i forhold til i fjor.
Ein har nokre få skattytarar som har veldig store restansar. det er tatt utlegg, men intet til utlegg.
Nokon har utleggstrekk men det er små beløp som kjem inn på desse i forhold til krava.

Skatteoppkrevers eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen
Som tabellen under viser så er det over 2,7 mill som er frå 2012 og eldre. Det er dei same personane som går att.

Omtale av spesielle forhold
Ein slit med nokre få – som går att år etter år.

3.3 Særnamskompetanse
Ein har ikkje nytta særnamskompetansen noko særleg for Nissedal.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen
Arbeidsgjevarkontrollen kjøper vi frå Arbeidsgjevarkontrollen i Agder.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontroller

Antall planlagde kontroller for 2017 var 5. Dette utgjør 5 % av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2017 var 5. Dette utgjør 6 % av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2016 var 5

4.3 Resultater fra kontrollene

Det har vore 1 avdekkingskontroll og 4 undersøkingskontrollar. Med forslag inntektsgrunnlag kr. 24.291,-.

4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten

Ein er fornøgd med det Arbeidsgjevarkontrollen i Agder gjer for oss.

4.5 Samarbeid med andre kontrollinstansar

Dei har samarbeid med A-krimsenteret i Agder og er fast med i deira operative gruppe.

4.6 Gjennomførte informasjons- og informasjonstiltak

Det er halde informasjonsmøte for rekneskapsførarar og revisorar i novermber i Arendal og Kristiansand. Det deltok 117 og 140 personar – kor mange som var frå Nissedal veit eg ikkje. Skatteoppkrevjaren informerer arbeidsgjevar der ein kan ved behov / kontakt frå arbeidsgjevarane.

Sted/dato: 16.01.2018

Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2017
Vedlegg til årsregnskapet

Vedlegg til årsregnskapet for 2017

Årsregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Årsregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet:

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene pga mangelfull informasjon fra den som innbetaler.

- **Innestående margin**

Ved hvert periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret skal det holdes tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal nyttes til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, finansskatt, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, tvangmulkt samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene i henhold til gjeldende fordelingstall.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Videresending plassering mellom kommuner**

Dette gjelder innbetalinger i mellomregning med andre kommuners skatteregnskap.

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: *Komm nr : '0830' , År : '2017' , Hovedbokstype : 'K'*

		Valgt år	Forrige år
	Likvider	12 435 257	13 085 363
	Skyldig skattekreditorene	-571 668	-1 390 657
	Skyldig andre	-3 256	-8 279
	Innestående margin	-11 860 331	-11 686 425
	Udisponert resultat	-2	-2
Sum		**0**	**0**
	Arbeidsgiveravgift	-23 852 402	-22 212 153
	Kildeskatt mv - 100% stat	5 864	-32 270
	Personlige skatteytere	-109 707 402	-106 819 330
	Tvangsmulkt	-43 853	-512
	Upersonlige skatteytere	-10 745 233	-10 558 726
	Renter	-502 522	-36 106
	Innfordring	-3 227	5 089
Sum		**-144 848 775**	**-139 654 008**
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	23 852 402	22 212 153
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	33 834 682	32 982 179
	Fordelt til Fylkeskommunen	8 430 285	8 092 297
	Fordelt til kommunen	41 800 984	39 677 495
	Fordelt til Staten	36 930 422	36 689 884
	Krav som er ufordelt	0	-0
	Videresending plassering mellom kommuner	0	0
Sum		**144 848 775**	**139 654 008**
Sum totalt		**0**	**0**

Årsregnskap - kommune - detaljert

Utvalgskriterier: *Komm nr : '0830' , År : '2017' , Måned : '12' , Hovedbokstype : 'K'*

		Valgt år	Forrige år
	Bank	12 435 257	13 085 363
	Kontanter	0	0
	Utbetalinger som ikke er gjennomført	0	0
Likvider		**12 435 257**	**13 085 363**
	Int fordelt folketr arbavg	-60 545	-118 435
	Int fordelt folketr medlavg	-151 729	-331 925
	Int fordelt stat FS	-103 467	-283 764
	Int fordelt til fylkeskomm	-28 569	-65 284
	Int fordelt til kommunen	-135 457	-308 857
	Int fordelt til stat TS mv	-33 813	-88 925
	Mellomregnskapskonto	0	0
	Oppgjørskonto RAFT	-58 088	-193 467
Skyldig skattekreditorene		**-571 668**	**-1 390 657**
	Diverse debitorer og kreditorer	-87	-7 596
	Innbetalinger ikke inntektsført	-3 169	-683
	Uidentifiserte innbetalinger	0	0
Skyldig andre		**-3 256**	**-8 279**
	Innestående margin	-11 860 331	-11 686 425
	Udisponert resultat	-2	-2
Ikke fordelt til skattekreditorer		**-11 860 333**	**-11 686 427**
	Arbeidsgiveravgift	-23 852 402	-22 212 153
	Kildeskatt mv - 100% stat	5 864	-32 270
	Personlige skatteytere	-109 707 402	-106 819 330
	Tvangsmulkt	-43 853	-512
	Upersonlige skatteytere	-10 745 233	-10 558 726
Innbetalt skatter og avgifter		**-144 343 026**	**-139 622 991**
	Renteinntekter	-551 178	-107 349
	Renteutgifter	48 656	71 243
Renter		**-502 522**	**-36 106**
	Innfordringsinntekter	-8 893	-270
	Innfordringsutgifter	5 666	5 359
Innfordring		**-3 227**	**5 089**
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	23 852 402	22 212 153
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	33 834 682	32 982 179
	Fordelt til Fylkeskommunen	8 430 285	8 092 297
	Fordelt til kommunen	41 800 984	39 677 495
	Fordelt til Staten	36 930 422	36 689 884
	Videresending plassering mellom kommuner	0	0
Fordelt skattekreditorene		**144 848 775**	**139 654 008**
	Krav som er ufordelt	0	-0
Sum totalt		**0**	**0**

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/13590-12
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Nissedal kontrollutval	23.04.2018

Forvaltningsrevisjonsrapport - Saksutgreiing

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek forvaltningsrevisjonsrapporten om saksutgreiing til vitande.

Innstilling til kommunestyret:
Kommunestyret tek rapporten Saksutgreiing til vitande og ber rådmannen følgje opp revisjonens anbefalingar om å:

- vurdere fleire tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing og rapportering av politiske saker, f.eks. retningslinjer, malar/sjekklister og opplæring,
- sikre at prosjekterings- og byggenemnda er i tråd med kommunelova kapittel 6 og at den blir forankra i kommunens reglement, i samsvar med ynskt rolle og formål,
- etablere rutinar/retningsliner knytt til planlegging, gjennomføring og rapportering av investeringsprosjekt,
- sikre rapportering på gjennomføring av alle vedtak og rapportering utanom tertialrapporteringa i investeringsprosjekt, der det er naudsynt.

Rådmannen bes komme attende til kontrollutvalet med ei skriftleg attendemelding innan utgangen av oktober 2018 om korleis rapportens anbefalingar blir følgt opp.

Bakgrunn for saka:

Forvaltningsrevisjonen, Saksutgreiing, vart bestilt av kontrollutvalet i Nissedal kommune 11.09.2017 i sak 14/17, og prosjektplan vart handsama og godkjend i møtet 06.11.2017 sak 30/17.

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen er kommunestyret si handsaming av tertialrapport for fyrste tertial 2017 (Kommunestyresak 39/17). I saka kom det fram at det var trong for ekstra løyving til utbygging av Tveit skule. Kommunestyret bad kontrollutvalet sjå på administrasjonen sine arbeidsprosessar, særleg korleis anbodet samsvarar med politisk vedtak og elles all sakshandsaming knytt til denne saka. Kontrollutvalet vedtok i møtet 11.09.2017 at vedtaket frå kommunestyret skulle svarst med ein forvaltningsrevisjon, og at denne også skulle omfatte saksutgreiing meir generelt.

Saksopplysningar:

Revisjonen har undersøkt følgande problemstillingar:

- I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde, særleg med omsyn til økonomiske konsekvensar?

    - I kva grad har desse tiltaka blitt følgde?
- I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk?
    - I kva grad har politiske vedtak i sak om ny småskule ved Tveit blitt sett i verk?
- Har kommunen tilfredstillande rutinar for styring av investeringsprosjekt?
- Korleis er bygging av ny småskule ved Tveit blitt følgd opp?

Revisjonskriterier og avgrensing
Revisjonskriteria i denne forvaltningsrevisjonen er henta frå kommunelova med forarbeid og kommentarar, statens utgreiingsinstruks, KS sine tilrådingar knytt til internkontroll og tilrådingar frå forskingsprogrammet Concept.

Revisjonen har sett på saker i kommunestyret i 2017, samt tidlegare vedtak/saksframlegg som gjeld småskulen ved Tveit, flyktningsbustader og omsorgsbustader.

Funn i rapporten

Problemstilling 1 – Tiltak for å sikre at saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde.
Kommunen har nokre tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing av saker, men desse er ikkje tilstrekkelige for å sikre at sakene blir forsvarleg utgreidde. Saksframstillingsmalen er så lite detaljert, at den i seg sjølv i liten grad hjelper til å sikre at utgreiingane er dekkande, og saksgjennomgangen syner at nokre saksframlegg manglar informasjon som vanlegvis er naudsynte for at politikarane kan treffe rett vedtak ut frå eigen politisk ståstad.

Kommunen har ikkje tiltak for opplæring i det å skrive saker. Revisjonen vurderar det slik at kommunen bør ha systematiske tiltak for å sikre god kompetanse i saksutgreiing,

Dei tiltaka kommunen har for forsvarleg saksutgreiing har berre til ei viss grad blitt følgde. Tiltaka i økonomireglementet er ikkje følgt opp godt nok. Økonomiske konsekvensar av driftssakene er godt nok utgreidd, men ikkje i investeringssakene. Kravet i økonomireglementet om at konsekvensar for driftsbudsjettet skal bli omtalt i investeringssaker, er eit viktig tiltak for å sikre at alle økonomiske konsekvensar av ei investering blir omtalt. Dette tiltaket ville vore sterkare dersom saksutgreiingsmalen, ei sjekkliste eller liknande var med på å sikre at det vart omtalt i praksis.

Problemstilling 2 – Tiltak for å sikre at politiske vedtak blir satt i verk.
Kommunen har eit system for å sikre iverksetting av politiske vedtak. Ansvar for gjennomføring av vedtak er plassert i organisasjonen, og det blir rapportert gjennom tertialrapporteringa og rådmannens gjennomgang av handlingsprogram og planstrategi med einingsleiarane. Kommunen har ikkje eit system for å sikre rapportering på vedtak som kjem utanom budsjett, handlingsprogram og planstrategi.

Kommunen kunne nytta sakshandsamingssystemet eller anna saksoversikt for å sikre oppfølging av alle politiske vedtak.

Fleire av vedtaka som gjeld ny småskule ved Tveit er sett i verk, men administrasjonen har gått utover sitt mandat ved å lyse ut og signere kontrakt som det ikkje var budsjettdekning for.

Problemstilling 3 – Styring av investeringsprosjekt.
Kommunen har lite rutinar for styring av investeringsprosjekt. Etter revisjonens vurdering har ikkje kommunen rutinar som er eigna til å sikre god nok styring av investeringsprosjekt.

Revisjonen har sett at investeringsprosjekta i kommunen blir gjennomført på forskjellige måtar og at dei politiske avgjerdspunkta er forskjellige, utan at det er klare årsaker til det., og at det kunne ha vore behov for fleire politiske rapporteringa- eller avgjerdspunkt enn det ein har praktisert. Revisjonen ser også at det er gjort feil som dei meiner kunne vore unngått med skriftlege føringar /rutinar og opplæring i desse.

Sjølve utbygginga av småskulen ved Tveit er følgd opp av prosjektleiar i tett dialog med brukarane av bygget. Utfordringane i dette investeringsprosjektet var primært knytt til saksutgreiinga og fastsetting av økonomisk ramme, samt manglande rapportering før inngåing av kontrakt.

Revisjonen har følgende anbefalinger til kommunen:
Revisjonen mener at kommunen bør:

- vurdere fleire tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing og rapportering av politiske saker, f.eks. retningslinjer, malar/sjekklister og opplæring,
- sikre at prosjekterings- og byggenemnda er i tråd med kommunelova kapittel 6 og at den blir forankra i kommunens reglement, i samsvar med ynskt rolle og formål,
- etablere rutinar/retningsliner knytt til planlegging, gjennomføring og rapportering av investeringsprosjekt,
- sikre rapportering på gjennomføring av alle vedtak og rapportering utanom tertialrapporteringa i investeringsprosjekt, der det er naudsynt.

Forvaltningsrevisor Anne Sæterdal legg fram forvaltningsrevisjonsrapporten i møtet.

Rådmann Sverre Sæter, kommunalsjef Jarle Bruun Olsen og kommunalsjef Jan Arvid Setane møter ved fremleggingen av rapporten.

Vurdering frå sekretariatet:

Revisjonen gir som ledd i sitt oppdrag anbefalingar til kommunen. Kontrollutvalet har derimot innstillingsrett til kommunestyret i slike saker, og det er derfor naturleg å formulere anbefalingane til vedtaksform for kommunestyret. Det er i tillegg naturleg for kontrollutvalet å be om ei oppfølging av korleis anbefalingane blir følgt opp.

Sekretariatet meiner at det er godt samsvar mellom kontrollutvalets bestilling og forvaltningsrevisjonsrapporten, og mellom revisors vurderingar og konklusjonar/anbefalingar.

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å ta rapporten til vitande og sende den vidare til kommunestyret for endeleg handsaming, med kontrollutvalets anbefalingar. Rapporten er også kontrollutvalets attendemelding på kommunestyrevedtak i sak 39/17.

Vedlegg:

- 730 010 Forvaltningsrevisjonsrapport – Saksutgreiing – Nissedal kommune

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Saksutgreiing

Nissedal kommune

2018 :: 730 010

Forord

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, Larvik kommune i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentleg forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). TKR samarbeider fagleg og administrativt med Buskerud kommunerevisjon IKS og Vestfold kommunerevisjon.

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Anne Sæterdal, med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarlig.

Nissedal kommune har fått følgjande rapportar om forvaltningsrevisjon sidan 2014:

730 007 Internkontroll (2014)
730 009 Sosiale tenester (2016)

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no, der du også kan lese meir om forvaltningsrevisjon generelt.

Innhald

Samandrag iii

1 Innleiing 1
- 1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet 1
- 1.2 Bakgrunn 1
- 1.3 Problemstillingar og revisjonskriterium 2
- 1.4 Avgrensing 3
- 1.5 Metode og kvalitetssikring 3
- 1.6 Høyring 3

2 Saksutgreiing 5
- 2.1 Kommunen sine tiltak for å sikre forsvarleg saksutgreiing 5
- 2.2 Oppfølging av kommunen sine tiltak for forsvarleg saksutgreiing 10

3 Oppfølging av vedtak 20
- 3.1 Reglement og rutinar i kommunen knytt til oppfølging av vedtak 20
- 3.2 Iverksetting av politiske vedtak - ny småskule ved Tveit skule 22

4 Styring av investeringsprosjekt 25
- 4.1 Rutinar for styring av investeringsprosjekt og oppfølging av desse 25
- 4.2 Utbygging av småskulen ved Tveit 28

5 Konklusjonar og tilrådingar 29
- 5.1 Konklusjonar og oppsummering 29
- 5.2 Tilrådingar 30

Litteratur og kjeldereferansar 31

Vedlegg 31

Vedlegg 1: Revisjonskriterium 32
- Saksutgreiing 32
- Iverksetjing av vedtak 34
- Internkontroll og rutinar 34
- Revisjonskriterium 35

Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring 37

Foto framside: TKR

Samandrag

Bestilling og bakgrunn

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Nissedal. Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen er kommunestyret si handsaming av sak om auka løyving til utbygging av småskulen ved Tveit. Kommunestyret bad kontrollutvalet sjå på administrasjonen sine arbeidsprosessar, særleg korleis anbodet samsvarar med politisk vedtak, og elles all sakshandsaming knytt til denne saka. Kontrollutvalet vedtok at forvaltningsrevisjonen også skulle omfatte saksutgreiing meir generelt.

Tiltak for å sikre at saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde

- *I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde, særleg med omsyn til økonomiske konsekvensar?*
    - *I kva grad har desse tiltaka blitt følgde?*

Kommunen har nokre tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing av saker, men desse er ikkje tilstrekkelege for å sikre at sakene blir forsvarleg utgreidde. Saksframstillingsmalen sikrar ikkje aleine at utgreiingane er dekkande, og saksgjennomgangen syner at nokre saksframlegg manglar informasjon som vanlegvis er naudsynte for at politikarane kan treffe rett vedtak ut frå eigen politisk ståstad.

Dei tiltaka kommunen har for forsvarleg saksutgreiing har berre til ei viss grad blitt følgde. Tiltaka i økonomireglementet er ikkje følgt opp godt nok. Økonomiske konsekvensar av driftssakene er godt nok utgreidd, men ikkje i investeringssakene.

Tiltak for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk

- *I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk?*
    - *I kva grad har politiske vedtak i sak om ny småskule ved Tveit blitt sett i verk?*

Kommunen har eit system for å sikre iverksetting av politiske vedtak. Ansvar for gjennomføring av vedtak er plassert i organisasjonen, og det blir rapportert gjennom tertialrapporteringa og rådmannens gjennomgang av handlingsprogram og planstrategi med einingsleiarane. Kommunen har ikkje eit system for å sikre rapportering på vedtak som kjem utanom budsjett, handlingsprogram og planstrategi.

Fleire av vedtaka som gjeld ny småskule ved Tveit er sett i verk, men administrasjonen har gått utover sitt mandat ved å lyse ut og signere kontrakt som det ikkje var budsjettdekning for.

Styring av investeringsprosjekt

- *Har kommunen tilfredsstillande rutinar for styring av investeringsprosjekt?*
- *Korleis er bygging av ny småskule ved Tveit blitt følgd opp?*

Kommunen har lite rutinar for styring av investeringsprosjekt. Etter vår vurdering har ikkje kommunen rutinar som er eigna til å sikre god nok styring av investeringsprosjekt.

Sjølve utbygginga av ny småskule ved Tveit er følgd opp av prosjektleiar i tett dialog med brukarane av bygget. Utfordringane i dette investeringsprosjektet var primært knytt til saksutgreiinga og fastsetting av økonomisk ramme, samt manglande rapportering før inngåing av kontrakt.

Tilrådingar

Vi meiner at kommunen bør:

- vurdere fleire tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing og rapportering av politiske saker, f.eks. retningsliner, malar/sjekklister og opplæring,
- sikre at prosjekterings- og byggenemnda er i tråd med kommunelova kapittel 6 og at den blir forankra i kommunens reglement, i samsvar med ynskt rolle og formål,
- etablere rutinar/retningsliner knytt til planlegging og gjennomføring og rapportering av investeringsprosjekt,
- sikre rapportering på gjennomføring av alle vedtak og rapportering utanom tertialrapporteringa i investeringsprosjekt, der det er naudsynt.

Skien, 07.03.18
Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Nissedal i sak 30/17.

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen er kommunestyret si handsaming av rapport for 1. tertial (sak 39/17), der det kom fram at det var trong for auka løyving til utbygging av småskulen ved Tveit. Kommunestyret bad kontrollutvalet sjå på administrasjonen sine arbeidsprosessar, særleg korleis anbodet samsvarar med politisk vedtak, og elles all sakshandsaming knytt til denne saka. Kontrollutvalet handsama i sak 14/17 forslag til prosjektplan, og vedtok at forvaltningsrevisjonen også skulle omfatte sakshandsaming meir generelt, i tillegg til undersøkinga av saka om småskulen ved Tveit.

Heimel for forvaltningsrevisjon er gitt i kommunelova § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapitel 3.

1.2 Bakgrunn

Organisering

Nedanfor er organisasjonskartet for kommunen vist.



Figur 1 Organisasjonskart Nissedal kommune

Rådmannen saman med kommunalsjef Økonomi og kommunalsjef for samfunn og utvikling utgjer rådmannsgruppa i kommunen. Kommunalsjef Økonomi har ansvar for budsjett og rapportering og Fellestenester, medan kommunalsjef for samfunn og utvikling har ansvar for rekneskap, IT, samfunnsplan og strategisk arbeid med vatn og avløp.

Einingsleiarane er underlagt rådmannen. Eining for teknisk drift har ansvar for investeringsprosjekt på bygg og på vatn og avløp. Utanom rådmannen og kommunalsjefane, er det einingsleiarane, samt leiar for plankontoret og NAV-leiar som er sakshandsamar i politiske saker i kommunen. Tilsette i stab, som næringskonsulenten, kan også vere sakshandsamar.

Utbygging av småskulen ved Tveit

Ei sentral sak i denne forvaltningsrevisjonen er utbygging av småskulen ved Tveit. I juni 2015 blei første sak lagt fram for kommunestyret. Dei ulike vedtaka som er fatta og nokre hovudpunkt i saksgangen er vist i figuren nedanfor. Vedtaka er nærmare omtalt i del tre i rapporten.



Figur 2 Tidsline med oversikt over sentrale i tidspunkt i saka om utbygging av småskulen ved Tveit.

1.3 Problemstillingar og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstillingar:

- *I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde, særleg med omsyn til økonomiske konsekvensar?*
  - *I kva grad har desse tiltaka blitt følgde?*
- *I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk?*
  - *I kva grad har politiske vedtak i sak om ny småskule ved Tveit blitt sett i verk?*

- *Har kommunen tilfredsstillande rutinar for styring av investeringsprosjekt?*
- *Korleis er bygging av ny småskule ved Tveit blitt følgd opp?*

Revisjonskriteria[1] i denne forvaltningsrevisjonen er henta frå kommunelova med forarbeid og kommentarar, statens utgreiingsinstruks, KS sine tilrådingar knytt til internkontroll og tilrådingar frå forskingsprogrammet Concept.[2] Kriteria går fram under kvar problemstilling i rapporten og er nærmare omtala i vedlegg 1.

1.4 Avgrensing

Vi har ikkje sett på om kommunen har følgd reglane om offentlege anskaffingar eller på kontrakts-oppfølging av leverandør/entreprenør. Vi har ikkje undersøkt oppfølging av kommunens rutine på å føre tilsyn med byggearbeidet.

Vi har sett mangelfull arkivering av dokumentasjon knytt til byggeprosjekt, men dette er ikkje undersøkt systematisk, og vi gir derfor ikkje tilrådingar på dette området.

Vi har sett på saker i kommunestyret i 2017, samt tidlegare vedtak/saksframlegg som gjeld småskulen ved Tveit, flyktningbustader og omsorgsbustader.

1.5 Metode og kvalitetssikring

Vi har intervjua rådmann, kommunalsjef Økonomi, fem einingsleiarar, plansjef, hovudtillitsvalt og plasstillitsvalt Utdanningsforbundet og prosjektleiar for dei investeringsprosjekta vi har sett på. I tillegg har vi gått gjennom kommunen sine retningslinjer og rutinar på området, alle saksframlegg som gjeld utbygging av småskulen ved Tveit og flyktningbustader og eit utval andre saker.

Metode og tiltak for kvalitetssikring er omtala nærmare i vedlegg 2 til rapporten.

1.6 Høyring

Administrasjonen har fått faktadelen av rapporten til gjennomsyn før rapporten blei sendt på høyring til rådmannen 7. mars 2018. Rådmannen hadde ikkje innvendingar til

[1] Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld innanfor det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for de analysar og vurderingar som revisjonen gjer og dei konklusjonane vi får. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere samsvar, avvik eller svakheiter.

[2] Concept er finansiert av Finansdepartementet med forskarar frå SINTEF og NTNU og skal utvikle kunnskap som sikrar betre konseptval, ressursutnytting og effekt av statlege investeringar.

rapporten og opplyste i e-post 22.03.18 at han meiner rapporten gjev eit godt bilete av det den skal sette søkeljos på.

2 Saksutgreiing

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde, særleg med omsyn til økonomiske konsekvensar?

I kva grad har desse tiltaka blitt følgde?

2.1 Kommunen sine tiltak for å sikre forsvarleg saksutgreiing

Revisjonskriterium:

- Kommunen bør ha tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing av saker
- Tiltaka bør sikre at saksutgreiinga når det er naudsynt skildrar
    - dei faktiske forholda,
    - kva behov som ligg føre,
    - kva rettsleg handlingsrom kommunen har,
    - økonomiske konsekvensar,
    - alternative løysingar,
    - verknader for likestilling, miljø og barn og
    - føresetnader for god gjennomføring av vedtaket

Rådmann har ansvar for å førebu saker for folkevalde organ og sjå til at sakene er forsvarleg utreidd med omsyn til konsekvensar for økonomi, personell og innbyggjarane sine krav til tenester. Rådmannen har også eit generelt ansvar for å etablere rutinar for god intern kontroll, for å sikre god forvaltning og effektiv bruk av kommunens sine økonomiske ressursar, jf. kommunelova § 23. Dette er det også vist til i det politiske delegasjonsreglementet.

Kommunen sine reglement for delegasjon[3], økonomireglementet og saksframstillingsmalen gir nokre føringar for arbeidet med å sikre forsvarleg saksutgreiing. Administrasjonen har i tillegg ei ordning der sakshandsamar kan rådføre seg med rådmannen eller kommunalsjefane. Kommunen har også ei prosjekterings- og byggenemnd, som har ei rolle i arbeidet med saksframlegg i byggeprosjekt. Dette omtalar vi nærmare nedanfor.

[3] Reglement for delegasjon av avgjerdsmynde frå kommunestyret til andre folkevalte organ og til rådmannen, vedteke i kommunestyresak 26/13. Administrativt delegeringsreglement, fastsett av rådmannen 25. april 2012.

Reglement for delegasjon

Rådmannen har delegert utgreiing av saker til kommunestyret til einingsleiarane for dei respektive fagområda, jf. administrativt delegeringsreglement. Einingsleiarane har høve til å delegere oppgåva vidare til andre. I delegeringsreglementet er det lagt til grunn at rådmannen vidaredelegerer mest mogleg av sitt mynde til den som har det utøvande eller faglege ansvaret. Vi har fått opplyst i intervju at det er einingsleiarane, samt plansjef, NAV-sjef, kommunalsjefane og rådmannen som er sakhandsamar for saker til kommunestyret. Næringskonsulenten kan også vere sakshandsamar. I saker som gjelde fleire einingar, avgjer rådmannen kven som handsamar saka.

I delegeringsreglementet er det lagt til grunn eit prinsipp om fullført sakshandsaming. I reglementet er det vist til at fullført sakshandsaming inneber at den som har fått delegert oppgåve med saksutgreiing, skal føre saka fram til vedtak. Retten til å tilrå vedtak er ikkje delegert vidare, slik at alle tilrådingar skjer i rådmannen sitt namn. I følgje delegeringsreglementet skal det gå fram av saksframstillinga om rådmannen er ueinig i sakshandsamar sin konklusjon. Rådmannen sitt syn skal da leggast til grunn for tilrådinga. Sakshandsamarane skal konsultere rådmannen i saker det er grunn til å tru kan vere prinsipielle, konfliktfylte eller ha særleg interesse for politisk leiing, aktuelle partar, pårørande, media eller andre.[4] Sakshandsamarane som vi har intervjua, har vist til at dei skal konsultere rådmannen i slike saker, og at dei må bli einige om innstilling til vedtak. Rådmannen stadfestar at dette er praksis.

Økonomireglement

Økonomireglementet legg opp til at alle tiltak/saker som krev løyving/tilleggsløyving i driftsbudsjettet, primært skal fremmast i budsjett-saka eller i tertialrapporteringa. Dette for å sikre ei heilskapleg vurdering av dei økonomiske konsekvensane av dei ulike tiltaka. Vi har i intervju fått opplyst at det er vanleg å gjere det slik.

Det er ein egen del i økonomireglementet om investeringsprosjekt. Alle investeringsprosjekt skal godkjennast av kommunestyret. Investeringsprosjekt skal primært innarbeidast ved rullering av økonomiplan, og berre i unntakshøve fremjast som enkeltsak. Dersom investeringsprosjektet fremmast som enkeltsak, skal konsekvensane av investeringa for planperioden gå fram av saka.
I økonomireglementet er det lagt føringar for kva vedtak om investering skal innehalde. Det skal syne utgifter til forprosjektering der det er aktuelt og utgiftsramme

[4] Jf. administrativt delegeringsreglement fastsett av rådmannen 25.04.12.

for heile investeringsprosjektet med konsekvensar for driftsbudsjettet, inklusiv framtidige forvaltnings, drifts- og vedlikehaldsutgifter.

Rådmannen skal rapportere jamleg til kommunestyret i saker der kommunestyret vedtek investeringsprosjekt som inneber stor grad av usikkerheit, jf. økonomireglementet. Vi har fått opplyst at administrasjonen legg til grunn at denne rapporteringa er den faste rapporteringa som skjer tertialvis. Vidare står det i reglementet at det snarast mogleg skal leggast fram sak for kommunestyret med forslag til finansiering, dersom eit prosjekt treng tilleggsløyving. Rådmannen har fullmakt til å stoppe prosjekt dersom vedteken løyving ikkje er tilstrekkeleg til å fullføre prosjektet. Vi har fått opplyst i intervju at «snarast mogleg» er forstått som neste tertialrapport.

I følgje økonomireglementet skal kommunestyret vedta brutto ramme for kvart investeringsprosjekt, altså at ramma er med meirverdiavgift.

Prosjekterings- og byggenemnda

Kommunen har ei prosjekterings- og byggenemnd som vi har fått opplyst at primært handsamar saker om bygg. Nemnda har ikkje hatt saker som gjeld investering i vatn og avløp. Vi har vidare fått opplyst at det er vanleg at nemnda får mandat på å greie ut investeringsprosjekt og lage ei innstilling til vedtak til kommunestyret. Det er og vanleg at det blir løyvd eit visst beløp til ekstern planleggingshjelp. Prosjekterings- og byggenemnda er ikkje omtalt som eige politisk organ i delegasjonsreglementet og det er heller ikkje omtale av nemnda under punktet om Formannskapet i delegasjonsreglementet.

Kommunen har ikkje definert kva status nemnda har, om den er eit folkevald organ eller ein komité som er heimla i kommunelova § 39 nr. 1. I merknader til kommunelova § 29 er det lagt til grunn at samlingar der folkevalde utgjer hovudtyngda av deltakarane og administrasjonen er til stades i tenesteleg samanheng, er folkevalde organ. Nemnda er ikkje omtalt på kommunens nettsider under politiske utval, og vi har ikkje sett at nemnda følgjer ikkje reglane for sakshandsaming i folkevalde organ, jf. kommunelova kapittel 6, til dømes krav om kunngjering av møte, opne møte og protokoll.

I sak 62/10 om evaluering av den politiske organiseringa vedtok kommunestyret retningsliner for nemnda si samansetning og arbeid.[5] Nemnda er omtalt som eit politisk utval med to politikarar valt av kommunestyret og ein politikar valt av formannskapet. I tillegg skal rådmannen utnemne ein brukarrepresentant og representantar frå administrasjonen. Desse har møte- og talerett. I saka er det sagt følgande om saksgang:

> Fornuftig saksgang kan vere at rådmannen fremmar ei sak til nemnda, som så fremmar saka vidare til formannskapet/kommunestyret. Mandatet til nemnda må vere tydeleg, og omfatte budsjett og ramme for prosjektet. Går prosjektet utover ramma, må det fremmast sak til politisk handsaming.

Den politiske representasjonen i nemnda blei endra i 2015, i samband med evaluering av den politiske organiseringa i sak 23/15. Kommunestyret fatta følgande vedtak om nemnda:

> Bygge- og prosjekteringsnemnda vert lagt ned slik den er i dag, men vert oppretthalden som politisk utval lagt til formannskapet.

I vurderingsdelen i saksframlegget står det:

> Tanken bak dette er at det er ei føremon at formannskapet i større grad er up to date i utbyggingsprosjekt.

I økonomireglementet står det følgande om prosjekterings- og byggenemnda:

> Alle investeringsprosjekt skal godkjennast av kommunestyret. I vedtaket går det fram om prosjekterings- og byggjenemnda eller rådmann er delegert oppfølginga av prosjektet. Står ikkje dette omhandla i vedtaket vert dette oppfatta som at rådmannen er delegert dette ansvaret.

Saksframstillingsmal

Kommunen har ein saksframstillingsmal med tre punkt: fakta i saka, ein vurderingsdel og rådmannen si tilråding. Det er ikkje laga retningsliner eller andre føringar som spesifiserer nærmare innhald i dei tre punkta. Dei vi intervjua opplyste at den delen som handlar om fakta, skal omfatte alle fakta i saka, og at det er viktig å få belyst saka frå ulike sider. Faktadelen skal også omhandle eventuelle økonomiske konsekvensar. Fleire kommenterte at det ikkje er nokon felles form for saksframlegga og at det er personavhengig korleis dei blir i form og omfang. Det blei og kommentert at rådmannen er oppteken av å få fram alle aktuelle fakta i ei sak, slik at politikarane får best mogleg grunnlag for å fatte vedtak.

[5] Her og i sak frå 2015 er nemnda omtalt som Bygge- og prosjekteringsnemnda, medan namnet Prosjekterings- og byggenemnda er nytta i dei sakene vi har sett på. Det er dette namnet vi brukar.

Sakshandsamarane vi har intervjua, viser til at dei sender saka til rådmannen for godkjenning, og at dei alltid kan drøfte sakene med rådmann og/eller med kommunalsjefane. Den enkelte må sjølv ta initiativ for å drøfte saka.

Andre tiltak
Kommunen har ikkje noko fast system for opplæring av nye einingsleiarar eller sakshandsmarar generelt og har heller ikkje systematiske tiltak for opplæring i å skrive saksframlegg.

Av dei sju vi intervjua, er det fire som meiner dei kunne hatt opplæring i det å skrive saksframlegg, slik at dei har ei felles forståing av korleis sakene skal skrivast. Det blei kommentert ønske om retningsliner/føringar for korleis saksframlegg i Nissedal skal vere.

Vi har fått opplyst i intervju at det er vanleg at ein spør Økonomi i saker med økonomiske konsekvensar. Dei vi har intervjua opplyser at dei får god hjelp om dei spør. Det er den som skriv saka som er ansvarleg for å gjere dette, og det er ikkje noko ein må gjere. Vi har fått opplyst at det kan vere tidspress for å få saka ferdig, noko som gjer at ein ikkje alltid involverer Økonomi.

Kommunalsjef Økonomi meiner at dei på økonomi i større grad kunne blitt involvert i utarbeiding av saksframlegg. Når dei blir involvert, kan ein betre sikre dei økonomiske sidene av saka og at vedtaka er tydelige, til dømes at det går tydeleg fram om beløp i vedtak er med eller utan meirverdiavgift.

Vi har fått opplyst av hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet at prinsippet om medråderett er løyst på fleire plan i kommunen. Små saker/saker som gjeld den enkelte arbeidsplass, løysast som regel med møte mellom plasstillitsvald og rektor/styrar. Større saker/saker som ikkje blir løyst på dette nivået, som utbygging av småskulen ved Tveit, løysast på møte mellom einingsleiar/evt rådmann og hovudtillitsvald.

2.1.1 Revisor si vurdering av kommunen sine tiltak
Kommunen har nokre tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing av saker.

I delegasjonsreglementet er einingsleiarar gitt i oppgåve å vere sakshandsamar, samt at rådmannen har høve til å delegere dette også til andre. Det er fastsett at det er

rådmannen som innstiller på vedtak. Slik sett er det fastsett rammer for kven som kan vere sakshandsamar og kven som kan innstille.

Kravet i økonomireglementet om at konsekvensar for driftsbudsjettet skal bli omtalt i investeringssaker, er eit viktig tiltak for å sikre at alle økonomiske konsekvensar av ei investering blir omtalt. Dette tiltaket ville vore sterkare dersom saksutgreiingsmalen, ei sjekkliste eller liknande var med på å sikre at det vart omtalt i praksis.

Ordninga med prosjekterings- og byggenemnda er ein del av sakshandsamingsprosessen i investeringssaker. Det er uklart kva status nemnda har, og kva reglar som gjeld for sakshandsaminga i nemnda. Nemnda sitt mandat er å sikre vidare utgreiing av prosjekt, men vi meiner at det er uklart korleis arbeidsdeling og ansvarsforhold er mellom administrasjon og politikarar i nemnda. Det er usikkert kva for føringar nemnda kan legge på rådmannen sitt ansvar for utgreiing, kor fritt rådmannen står i sin saksutgreiing og om det er nemnda som er ansvarleg for saksframlegget til kommunestyret eller om det er rådmannen. Det burde også vore tydeleg kva som er føremålet med den administrative representasjonen i utvalet.

Saksframstillingsmalen sikrar at dei faktiske forholda blir skildra, men ikkje at andre viktige forhold blir omtalt, til dømes rettsleg handlingsrom og økonomiske konsekvensar. Saksframstillingsmalen er så lite detaljert, at den i seg sjølv i liten grad hjelper til å sikre at saker blir forsvarleg utgreidde. Vi omtalar korleis malen blir brukt i praksis i pkt. 2.2. Saman med ei sjekkliste eller liknande kunne ein generell mal fungere betre til å sikre dekkande utgreiingar.

Kommunen har ikkje tiltak for opplæring i det å skrive saker. Sjølv om tilsette opplever det som enkelt å spørje om hjelp og at ein får hjelp om ein spør, bør kommunen etter vår vurdering ha systematiske tiltak for å sikre god kompetanse i saksutgreiing. Dette kan til dømes vere systematisk internopplæring eller litt meir omfattande retningsliner for saksframlegg, som kan gi ei felles forståing av arbeidet med saksutgreiingar.

Rådmannen si kvalitetssikring og at økonomi kan bidra med å sikre at økonomiske konsekvensar blir skildra, kan bidra til å sikre forsvarleg utgreiing av saker. At det er opp til sakshandsamar å nytte denne ordninga, svekkar tiltaket.

2.2 Oppfølging av kommunen sine tiltak for forsvarleg saksutgreiing

Revisjonskriterium:

- Tiltaka skal følgast.

Dei tiltaka som vi skal vurdere oppfølging av, er delegasjonsreglementa, økonomireglementet, saksframstillingsmalen, ordninga med bistand frå rådmann og kommunalsjef, samt bruk av prosjekterings- og byggenemnda i investeringsprosjekt.

Vi har sett på fem saker som gjeld tiltak i drift:

- KST[6] sak 6/17 sak om Nissedal brannvesen – behov for påkostningar og nytt utstyr.
- KST sak 14/17 om å tilpasse driftsnivå til budsjettramme – omsorg,
- KST sak 23/17 om utreiing av ulike modellar for gratis skulemat,
- KST sak 24/17 om auka bemanning i Felle barnehage og
- KST sak 72/17 utvida kulturskuletilbod – kunstfag,

Alle er vedtak i kommunestyret i 2017 og dei gjeld fem einingar: kultur, skule, barnehage, omsorg og teknisk drift.

Vi har sett på fire investeringsprosjekt:

- utbygging av småskulen ved Tveit (fem vedtak),
- flyktningbustader,
- omsorgsbustader og
- utbygging av Kyrkjebygda oppvekstsenter.

Dei to første og siste prosjekt har endeleg vedtak om bygging. I dei to første prosjekta er det til saman sju vedtak i kommunestyret, der eit vedtak, Rapport 1. tertial 2017, gjeld begge prosjekta. Flyktningbustadene er handsama i tre vedtak i kommunestyret . Eit vedtak var bustadplan 2016, KST sak 43/16. Her fekk prosjekterings- og byggesaksnemnda sitt mandat, som også omfatta omsorgsbustader. Det andre er budsjettvedtaket for budsjett 2017, der ramma for flyktningbustadene blei vedteken, og det tredje er tertialrapporteringa.

For omsorgsbustader har vi sett på saksutgreiinga av kommunestyrevedtaka der nemnda fekk sitt mandat KST sak 43/16, og prosjekterings- og byggesaksnemnda sitt arbeid med desse prosjekta. Endeleg vedtak om utbygging var ikkje fatta i 2017.

For oppvekstsenteret har vi sett på KST sak 69/17 der nemnda fekk sitt mandat og sak 3/18 som er vedtak om bygging. Vi har her med eit saksframlegg frå 2018. Dette saksframlegget er nytt, og vi har difor ikkje innhenta informasjon utover det som står i

[6] KST står for Kommunestyret

sjølve saksframlegget. Vi har mellom anna ikkje sett på utgifter i dette investeringsprosjektet.

Vi har også sett på tertialrapporteringar og budsjettsaker knytt til dei ulike sakene.[7]

Val av sakene er nærmare omtalt i vedlegg 2.

Reglement for delegasjon

Delegasjonsreglementa legg føringar for kven som skal utarbeide saksframlegg til politisk nivå, og at tilrådingane skal bli gjort i rådmannens namn. Desse føringane er følgde i dei fem vedtaka som gjeld drift: dei er alle utarbeida av einingsleiar.

Kommunestyresakene 44/15, 3/16, 26/16, som gjeld småskulen på Tveit er utarbeida av einingsleiar skule. Kommunestyresak 83/16 der prosjekterings- og byggenemnda innstiller til kommunestyret om bygging av Tveit skule er utarbeida av rådmannen. Rådmannen opplyser at det er den som er sekretær for nemnda som utarbeider saksframlegg i saker som skal handsamast av nemnda. Normalt er dette einingsleiar for teknisk, eller den einingsleiar peiker ut til å vere administrasjonen sin representant i nemnda. Denne praksisen er ikkje nedfelt skriftleg.

Saksframlegga til vedtaka som gjeld flyktningbustader og omsorgsbustader er utarbeida av kommunalsjef Økonomi. Saksframlegget til kommunestyresak 69/17 der nemnda fekk mandat til å greie ut utbygging av kyrkjebygda oppvekstsenter er utarbeida av rådmannen, medan kommunestyresak 3/18 er utarbeide av einingsleiar skule.

Økonomireglementet

Sak om tilleggsløyving til drift skal normalt leggast fram i samband med tertialrapporteringa jf. økonomireglementet. I tre av dei fem driftssakene som vi har sett på har administrasjonen foreslått tilleggsløyve utanom tertialrapportering, og at ein innarbeider utgiftene i budsjettet seinare i samband med budsjett eller tertialrapportering.

Ifølge økonomireglementet skal utgifter til prosjektering gå fram av kommunestyret sitt vedtak. Prosjekterings- og byggenemnda fekk kr 100 000 til ekstern

[7] Vi omtalar rapporteringa som administrasjonen har til formannskap og kommunestyret som tertialrapportering. I kommunen er dette ofte omtala som tertialkontroll.

planleggingshjelp i arbeidet med småskulen ved Tveit. Nemnda fekk kr 100 000 til arbeidet med flyktning- og omsorgsbustader, og det blei i tillegg gitt kr 50 000 ekstra for å leige inn ein landskapsarkitekt til arbeidet med omsorgsbustader. Nemnda fekk også kr 100 000 til arkitekt/konsulentbistand for utgreiingsarbeidet med Kyrkjebygda oppvekstsenter. Utover det som er løvd til nemnda sitt arbeid er det ikkje vist til utgifter til prosjektering.

Administrasjonen har opplyst at kommunen fram til juni 2017 har hatt prosjekterings- og byggherrekostnader på kr 460 00 for småskulen ved Tveit. Vi har fått opplyst frå teknisk at løyvinga til nemnda ikkje skal dekke alt av utgifter til prosjektering. På spørsmål om kva det skal dekke har vi fått litt ulik informasjon. Vi har fått opplyst at det skal dekke utgifter knytt til å starte opp arbeidet med prosjektering og at det skal dekke utgifter til arbeidet med å få utarbeida innstilling til kommunestyret for investeringa. Det har ikkje vore utgifter til prosjektering for flyktningbustadene, og arbeid med omsorgsbustader ikkje avslutta. Utgifter til prosjektering av oppvekstsenteret er ikkje omtalt i kommunestyresak 3/18, og beløpet som blei løyvd i sak 69/17 kjem ikkje fram i skjema 2B i årsbudsjett 2018.[8]

Vedtak om bygging av småskulen ved Tveit og oppvekstsenteret i Kyrkjebyda blei fremma som enkeltsak i starten av budsjettåret. Sak om flyktningbustader blei innarbeida ved rullering av økonomiplan.

Kommunestyret skal vedta brutto ramme for investeringsprosjekt, ramma er altså med meirverdiavgift. For småskulen ved Tveit er det ikkje spesifisert om vedtekne rammer/beløp er med eller utan meirverdiavgift. Beløpet som blei løyva til arbeid med forprosjektering i nemnda er av administrasjonen tolka til å vere utan meirverdiavgift, medan ramma for heile byggeprosjektet er tolka til å være med meirverdiavgift. Ramma til flyktningbustadene er vedteken med meirverdiavgift, men når det gjeld beløpet som er løyvd til arbeidet nemnda skulle gjere for flyktning- og omsorgsbustader er det ikkje spesifisert i budsjettet og vi ser derfor ikkje om det er lagt til grunn med eller utan meirverdiavgift. Ramma som er gitt for oppvekstsenteret i kommunestyresak 3/18 er med meirverdiavgift.

I økonomireglementet står det at utgiftsramma skal vere basert på eit realistisk utgiftsoverslag med konsekvensar for driftsbudsjettet. Utgiftsramma for småskulen ved Tveit var basert på ei kostnadsskisse utarbeida av eit eksternt selskap. Dei la teikningar frå arkitekt som var vedteke av prosjekterings- og byggenemnda til grunn

[8] Vi har ikkje undersøkt regnskapsførte utgifter for oppvekstsenteret i Kyrkjebygda.

for berekninga. Ramma som blei tilrådd frå rådmannen var identisk med kostnadsskissa, medan nemnda vedtok å tilrå litt høgare kostnadsramme. I kostnadsskissa var ikkje utgifter til inventar med. Det var heller ikkje med utgifter til leikeapparat, og det var ikkje tatt høgde for at kommunen kunne få uføresette utgifter. I samband med tertialrapporteringa i juni blei det bedt om tilleggsløyve til leikeapparat og inventar, samt høgare utgifter til sjølve bygginga enn det som var budsjettert.

Bygging av flyktningbustader vart vedtatt i samband med budsjettet for 2017, handsama av kommunestyret i desember 2016. Det var opplyst i budsjettsaka at tilrådd ramme ikkje bygger på nøye kalkulasjonar eller anbod, og at ein må ta omsyn til eventuelle avvik i tertialrapportering. Kommunestyret vedtok ei ramme på kr 10 millionar inkludert meirverdiavgift. Kontrakt for bustadene med ramme på ca. kr 11,4 millionar inkludert meirverdiavgift blei signert 06.04.17. I samband med tertialrapportering til formannskapet og kommunestyret i juni 2017 vedtok kommunestyret tilleggsløyving på kr 2,3 millionar, grunna høgare anbodskostnad og tomtekjøp.

I sak 3/18 om oppvekstsenteret er det opplyst at kostnadsramma ikkje er basert på anbod. Det er tatt høgde for utgifter til inventar og solskjerming. Vedteken ramme er litt lågare enn rådmannens innstilling til nemnda, dette fordi nemnda sin innstilling er på et tilbygg på 195 m2 medan rådmannen innstilte på eit tilbygg på 220m2. Saksframlegget kom kort tid før rapporten blei ferdigstilt og vi har ikkje undersøkt grunnlaget for denne endringa.

Konsekvensar for driftsbudsjettet, som framtidige forvaltnings, drifts og vedlikehaldsutgifter, er omtalt i sak om oppvekstsenteret i Kyrkjebygda, men ikkje for småskulen ved Tveit og flyktningbustadene. Vi har fått informasjon om at administrasjonen ved nybygg/tilbygg legg inn auka driftskostnader i driftsbudsjettet som utgifter til reinhald og oppvarming, men at det ikkje er spesifisert i budsjettsaka. Dette skal vere gjort for skulen og ein skal også ha tatt høgde for kommunale avgifter til og inntekter frå husleige frå bustadene. Det er ikkje sett av noko til eventuelt opp-pussing ved skifte av leigetakarar. Kommunen opplyser at dei i liten grad har andre forvaltnings- og driftskostnader til flyktningbustadene. Som nemnt tidlegare er det ikkje fatta endeleg vedtak om bygging av omsorgsbustader.

Prosjekterings- og byggenemnda

Arbeidet i nemnda er både ein del av saksførebuinga i investeringssaker, men er også ei oppfølging av kommunestyrets vedtak der nemnda får sitt mandat.

Nemnda hadde fem møter i 2016. Utbygging av småskulen ved Tveit og bygging av omsorgsbustader var tema i alle fem møta. På eit møte blei også flyktningbustadene handsama. I tillegg til formannskapet har rådmannen, prosjektleiar frå teknisk, einingsleiarane for skule, kultur og omsorg, rektor og tillitsvalt ved småskulen ved Tveit og representant frå eldrerådet vore med i alle eller nokre møte.

Av referat frå møta i nemnda om småskulen ved Tveit ser vi at dei tema som har vore handsama er storleik på utbyggingsareal, uteareal, avgrensing av prosjekt – som å avklara at ein ikkje tar med lokale for vaksenopplæringa i saka, plassering av nybygget og dialog med arkitekt og brukarar for å på plass endelege teikningar. Nemnda har bedt om at saka til kommunestyret skal omtale nye forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader. I si tilråding til kommunestyret har nemnda lagt til grunn at innreiing i nybygget skal leggast inn i rammebehovet.

Nemnda handsama sak om flyktningbustadene i møte 23.06.16. Av referatet frå møtet går det fram at prosjektet burde ut på totalentreprise, at ein bustad skal byggast i Tveitsund (Treungen) og ein i Nedre Framnes (Kyrkjebygda). Vidare går det fram at det skal vere vedtak på ramme i kommunestyret i november/desember, som dannar grunnlag for søknad til Husbanken. Vi har fått opplyst i intervju at administrasjonen har gitt informasjon om at bygging i Kyrkjebygda er meir kostbart enn tilrådd ramme frå nemnda. [9]

Nemnda drøfta plassering av omsorgsbustadene og fekk skisse på plassering frå arkitekt. Nemnda vedtok 08.11.16 å innstille på å auke ramma til konsulentbistand med kr 50 000 for å lage ein moglegheitsstudie av området ved Nissedal omsorgssenter både for noverande og framtidige behov. Det er sett av kr 8 millionar inkludert meirverdiavgift til omsorgsbustader i budsjett for 2017. Det er ikkje spesifisert utgifter til prosjektering. I 2017 blei berre kr 5 000 nytta til arbeid med planlegging av omsorgsbustadene. Det resterande er overført til 2018.

Nemnda har hatt eit møte i november 2017 og to møte i februar 2018 om utbygging av Kyrkjebygda oppvekstsenter. Vi har sett referat frå første møte, men referat frå dei to siste var ikkje ferdig utarbeida når vi avslutta arbeidet med rapporten. I første møte fekk nemnda eit skisseforslag, og drøfta planløysing. Skule og barnehage orienterte om framtidige plassbehov. Arkitekten skulle utarbeide kostnadsoverslag som formannskapet skulle handsame på møte i desember 2017. Formannskapet har ikkje fått kostnadsoverslaget til handsaming, men det har kommunestyret i sak 3/18.

[9] Dette er opplyst i kommunestyresak 77/16 om busetting av flyktningar.

Saksframstillingsmalen

Saksframstillingsmalen er nytta i dei kommunestyresakene vi har sett på, men sakene er ulike i form og kva for informasjon som er med. Vi vil her sjå nærmare på innhaldet i saksframlegga ut frå kriteriene som var satt til saksutgreiinga i punkt 2.1.

Saksutgreiinga bør, når det er naudsynt, skildre:

- dei faktiske forholda,
- kva behov som ligg føre,
- kva rettsleg handlingsrom kommunen har,
- økonomiske konsekvensar,
- alternative løysingar,
- verknader for likestilling, miljø og barn og
- føresetnader for god gjennomføring av vedtaket

Vi vil her sjå først på dei fem vedtaka om tiltak som gjeld drift, deretter vedtaka som gjeld investeringsprosjekt.

Drift

I alle dei fem saksframlegga får ein fram dei faktiske forholda. Det er også omtale av kva for behov som ligg føre, med unntak av i saka som gjeld kulturskuletilbod.

Saksframstillingsmalen har ikkje noko fast punkt om omtale av kva for rettsleg handlingsrom kommunen har. Dette er omtalt i sak om bemanning i barnehagen og i sak om gratis skulemat. I saka om tilpassa driftsnivå er det vist til krav om drøfting av deltid og i sak om brannvesen er det vist til opplæringskrav, men det er ikkje omtale av andre krav. Det er ikkje omtalt om det er regelverk som legg føringar for kommunen i sak om utvida kulturskuletilbod.

Alle saksframlegga har med omtale av økonomiske konsekvensar eller omtale av årsverk. Vi har ikkje undersøkt kvaliteten på tala, men sakshandsamarane opplyser at dei anten sjølv har sjekka ut priser eller har nytta erfaringstal. I desse sakene meinte alle sakshandsamarane at dei hadde god kjennskap til talgrunnlaget i sakene.

Vi har fått opplyst at det ikkje er sett krav om å spesifisere alternative løysingar eller grunnlag for alternative vedtak. I saksframlegget om gratis skulemat, var oppdraget å greie ut ulike modellar for skulemat. Her var det dermed grunnlag for å vurdere alternative løysingar. Det var også til dels tilfelle i saka om brannvesenet, der det var gitt kostnadsanslag for alt utstyr og til opplæring, der kommunestyret blei tilrådd å

starte med nokre av desse. I dei andre sakene er det ikkje utarbeida grunnlag for alternative løysingar.

Ingen av saksutgreiingane har med vurderer verknader for likestilling, miljø og barn. Det er heller ikkje sagt noko om føresetnader for god gjennomføring av vedtaket.

Investering

Det er gjort greie for faktiske forhold i alle sakene. I saka om Kyrkjebygda oppvekstsenter er det ikkje med framskriving av tal på barn i barnehage og skule, men dette er med i saksframlegg som nemnda og kommunestyret handsama i februar 2018.

I saksframlegga som gjeld småskulen ved Tveit er det vist til reglane om elevane sitt fysiske miljø og arealbehov. I sak om flyktningbustader og omsorgsbustader er ikkje krava som er satt til kommunen om å skaffe bustad omtalt. Det er vist til at det er mogleg til å få støtte frå Husbanken. Relevante rettsreglar er omtala i sak 3/18 om oppvekstsenteret i Kyrkjebygda, men ikkje i sak 69/17.

Omtale av økonomiske konsekvensar i saksframlegga er omtalt tidlegare i rapporten under del om økonomireglement.

I saka om småskule ved Tveit blei alternative løysingar til utbygging av skule utgreidd etter at kommunestyret vedtok å utsette saka til det var gjort greie for alternativ til utbygging. I sak om bustadplan er det vist til at ein må bygge nytt eller leige bustad for å busette flyktningar og at det har vore problematisk å få gode løysingar for familiar på leigemarknaden i Treungen. Det er ikkje vist til alternativ til å utbygging av omsorgsbustader, men det er vist til at det over tid er meldt frå om behov for fleire omsorgsbustader. Det er også vist til at tilskot frå Husbanken og leigeinntekter gjer at bygging av omsorgsbustader vil gå i balanse eller gje eit lite overskot. Det har ikkje vore drøfta alternative løysingar for oppvekstsenteret.

I saksutgreiingane er det ikkje tatt med omtale av føringar knytt til miljøstandard på bygg, eller spesifisert andre verknader for likestilling, miljø og barn. Det er heller ikkje sagt noko om kva som kan hindre eller fremme god gjennomføring av vedtaka.

Andre tiltak

Sakshandsamarane opplyser at dei vanlegvis drøftar saker med rådmannen, men at dei ikkje gjer det i saker som er kurante. Dei spør også kommunalsjef Økonomi, dersom det er naudsynt. Vi har fått opplyst at i saker med knappe fristar, blir det mindre

involvering av rådmann og kommunalsjef. Rådmannen har vore involvert i alle sakene som gjeld drift, medan Økonomi var noko involvert i to av driftssakene. Fleire sakshandsamarar viser til at sakene vi har plukka ut var kurante, og at dei er usikre på kor involvert rådmann og Økonomi har vore.

Rådmann eller kommunalsjef har vore sakshandsamar fleire av saksutgreiingane som gjeld omsorgsbustader, flyktningbustader og småskulen ved Tveit. Økonomi var litt involvert i sak om oppvekstsenteret, men ikkje i utforming av forslag til vedtak.

Saksframlegget til sak 3/16 om utbygging av småskulen ved Tveit blei sendt hovudtillitsvalt til uttale før den blei sendt til politisk handsaming. Dei tillitsvalde fekk berre ein dag på å uttale seg, noko dei meinte var alt for kort tid. Dei valde å gi uttale trass i den korte fristen, fordi saka var viktig for dei tilsette og fordi det var viktig å sikre framdrift i saka. Det går ikkje fram av saksframlegget at tillitsvalt har hatt saka til uttale. I saka står det at einingsleiar skule i samarbeid med eining for teknisk drift har gått grundig gjennom dagens funksjonsplan, som danna grunnlag for prisberekning av eit eventuelt påbygg til småskulen.

2.2.1 Revisors vurdering av oppfølginga av kommunen sine tiltak

Sakshandsamar for sakene vi har sett på er i tråd med delegasjonsreglementet.

Kommunen har ikkje følgd retningslinene i økonomireglementet godt nok. Av dei tre investeringsprosjekta vi har sett på, er to fremma som enkeltsaker: småskulen ved Tveit og oppvekstsenteret. Økonomireglementet legg opp til at enkeltsaker berre unntaksvis skal fremmast utanom budsjettsaka. I desse to sakene er det med ein meir omfattande omtale av prosjekta enn i saka om flyktningbustader. Politikarane hadde dermed betre grunnlag for å vurdere budsjettramma i desse to prosjekta.

Framtidige forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader er ikkje med slik dei skal etter økonomireglementet i alle saker. I siste sak om oppvekstsenteret er dei tatt med. Det har ikkje vore spesifisert godt nok i alle sakene om dei beløp og rammer som er løyvd i investeringsprosjekta har vore med eller utan meirverdigavgift. Det at administrasjonen har tolka minimum eit beløp til å vere vedteken utan meirverdiavgift og andre med syner at praksis ikkje har vore einsarta. Det at vedtak ikkje er tydeleg på om meirverdiavgifta er med eller ikkje, skaper risiko for misforståing om kostnadsramma.

Punktet i delegasjonsreglementet om at utgifter til prosjektering skal framgå av vedtaket er ikkje følgd opp. Det er spesifisert utgifter som er løyvd til arbeidet nemnda

skal stå for, men vi har fått informasjon om at utgifter til prosjektering omfattar meir og har sett at utgiftene til prosjektering av småskulen ved Tveit var høgre enn beløpet nemnda fekk.

I økonomireglementet er det lagt til grunn at vedteken ramme i investeringsprosjekt skal vere basert på eit realistisk utgiftsoverslag. For småskulen ved Tveit har administrasjonen gjennom kostnadsskissa følgd opp kravet for å sikre ei realistisk ramme for sjølve bygget. Men administrasjonen har ikkje tatt høgde for alle utgifter som burde vore kjent. Det er til dømes ikkje satt av ekstra til prosjektering, utover det som blei løyvd til nemnda. Vi har fått opplyst at løyvinga til nemnda ikkje var tenkt å dekke alle utgiftene til prosjektering. Dessutan er det ikkje tatt høgde for utgifter til inventar og til leikeapparat eller uføresette utgifter, noko som etter vår vurdering burde vore med i eit realistisk utgiftsoverslag. Når det gjeld flyktningbustadene har administrasjonen opplyst om at utgiftsoverslaget er usikkert. Då ville det etter vår vurdering vere naturleg å fremma ny sak med eit meir nøyaktig utgiftsoverslag så snart som mogleg. Det er positivt at det i sak om oppvekstsenter er tatt med utgiftsposter som inventar som blei utelatt i sak om småskulen ved Tveit.

Det er også positivt at administrasjonen i saksframlegget for oppvekstsenteret har vist til at ramma ikkje bygger på eit konkret anbod. Det er viktig at administrasjonen er tydelege på at det vil vere usikkerheit knytt til vedtak om ramme før anbod har komen inn.

Vi har sett at nokre saker har utgreiing av relevante tema, men også at ein del saker manglar omtale av sentrale forhold. Saksframstillingsmalen er nytta, og men som omtalt tidlegare vil den i liten grad bidra til å sikre at saka er forsvarleg utgreidd.

I sakene vi har sett på har rådmann vore involvert, men det er fleire saker der Økonomi ikkje har vore involvert i saksutgreiing eller utforming av forslag til vedtak. Tiltaket med at ein kan rådføre seg med rådmann eller Økonomi verkar dermed ikkje heilt i praksis. Dersom Økonomi hadde vore involvert som fast rutine meiner vi at administrasjonen i større grad kunne sikra at det var tydeleg om utgiftsramme i innstilling til vedtak var med eller utan meirverdiavgift.

Tillitsvalt blei involvert seint i arbeidet med å utgreie behovet for utbygging av skulen. Dette er eit arbeid der det er naturleg og i tråd med avtaleverket å involvere tilsette/tillitsvalt. Eit av formåla med kravet om medverknad i arbeidsmiljølov og avtaleverk er å sikre betre informasjon som grunnlag for avgjerdene.

3 Oppfølging av vedtak

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk?

I kva grad har politiske vedtak i sak om ny småskule ved Tveit blitt sett i verk?

- Rådmanen skal sikre at politiske vedtak blir sett i verk, og bør etablere rutinar/system for å sikre dette.

3.1 Reglement og rutinar i kommunen knytt til oppfølging av vedtak

I kommunen sitt reglement for delegasjon av avgjerdsmynde frå kommunestyret til rådmannen, er det vist til at rådmannen har ansvar for å følgje opp politiske vedtak og etablere gode rutinar for rapportering av gjennomføring av desse vedtaka.

Einingsleiarane er som nemnt tidlegare delegert ansvar for sakshandsaming for sine respektive fagområde, og rådmannen skal avgjere kven som handsamar saker som gjeld fleire einingar. Det er ikkje presisert om sakshandsaming også gjeld oppfølging av vedtak, men dei vi har intervjua opplyser at dei har ansvar for å følgje opp politiske vedtak på eige område. Nokre av dei vi har intervjua opplyser at rådmannen skal tildele ansvar for oppfølging av vedtak som gjeld fleire einingar, medan andre er meir usikre på korleis dei sikrar oppfølging av slike vedtak.

Kommunen nyttar sakshandsamingssystemet Ephorte, men systemet blir ikkje nytta til å fordele politiske vedtak og sikre oppfølging av desse.

Det administrative delegeringsreglementet legg til grunn at utøving av mynde skal rapporterast etter dei til ei kvar tid gjeldande rutinar for dette. Nissedal har rapportering kvart tertial. Det blir lagt fram budsjettrapportar både i høve til drifts- og investeringsbudsjettet. Det skal også rapporterast i høve til mål og premissar som er vedtekne i handlingsprogrammet. Vesentlege avvik skal kommenterast særskilt, med omtale av kva tiltak som blir sett i verk for at måla skal verte nådd. Dette skal normalt gjerast i tertialrapportering. Vi har fått opplyst at kommunen i praksis ikkje har noko rapportering utanom tertialrapportering. I tillegg til tertialrapporteringa skal alle som er gjeve mynde vurdere om det er grunn til særskild rapportering til sin overordna. Slik rapportering skal vere skrifteleg. I praksis har det ikkje vore slik skriftleg rapportering.

Rådmannen har faste møte med einingsleiarane kvar 14. dag. Enkelte einingsleiarar trakk fram desse møta som eit forum der ein rapporterer på oppfølging av politiske vedtak. Rådmannen opplyste at dei går gjennom kommunens planstrategi og handlingsprogram i desse møta rundt 4 gonger i året. Då sjekkar dei ut oppfølging av dei vedtaka som ligg i strategi og handlingsprogrammet.

Økonomireglementet har føringar for oppfølging av vedtak i investeringsprosjekt. Det skal vere klart kven i administrasjonen som har ansvar for økonomisk oppfølging av prosjektet, før det vert sett i gang. Alle investeringsprosjekt skal ha ein ansvarleg for oppfølging både i høve til økonomi og i høve til gjennomføring av prosjektet. Dersom eit investeringsprosjekt treng tilleggsløyving, skal det snarast mogleg leggast fram sak for kommunestyret med forslag til finansiering. Administrasjonen opplyser at «snarast mogleg» i praksis er neste tertialrapportering.

Kommunen har ikkje rutine eller system for å rapportere på vedtak som kjem utanom handlingsprogrammet. Ein av dei vi intervjua meinte at dei omtalte slike vedtak i tertialrapporten i kommentarfeltet, medan fleire opplyste at det ikkje blir rapportert på slike vedtak.

3.1.1 Revisors vurdering

Ansvaret for å følgje opp politiske vedtak er definert gjennom delegasjonsreglement. Einingsleiarane er merksame på ansvaret for å følgje opp vedtak på eige område. For vedtak som gjeld fleire einingar/tenesteområder er det rådmannen som er ansvarleg og eventuelt peikar ut kven som skal følgje opp vedtak i kvart tilfelle.

Kommunen har eit system for å rapportere på vedtak om budsjett og mål og tiltak i handlingsprogram, samt tiltak i planstrategien. Kommunen har ikkje eit system for å sikre rapportering på vedtak som kjem utanom handlingsprogrammet.

At ein skal rapportere om investeringsprosjekt som treng tilleggsløyving snarast mogleg, er eit tiltak for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk slik kommunestyret vil. Men praksisen med å vente med rapportering til tertialrapporteringa kan bidra til at rapporteringa kjem for seint, og at vedtaka ikkje blir sett i verk slik kommunestyret vil.

Kommunen kunne nytta sakshandsamingssystemet eller anna saksoversikt for å sikre oppfølging av alle politiske vedtak.

3.2 Iverksetting av politiske vedtak - ny småskule ved Tveit skule

Tabellen nedanfor viser kommunestyrevedtaka som gjeld ny småskule ved Tveit og korleis vedtaka er følgde opp. Teksten i tilråding og vedtak er noko forkorta.

Tilråding og vedtak	Oppfølging
Sak 44/15 (18.06.15) Rådmannens tilråding – Nemnda får i mandat å gå vidare med utgreiing av sak om utbygging og kan nytte inntil kr 50 000 i ekstern planleggingshjelp. Vedtak om å greie ut andre alternativ enn utbygging av småskulen.	Det blei nedsett eit arbeidsutval ved skulen. Arbeidsutvalet la fram utgreiing 16.09.15. Utgreiinga er grunnlag for rådmannen sine vurderingar og tilråding i sak 3/16. Årsaka til at det tok tid før resultat frå utgreiinga blei presentert for kommunestyret i sak 3/16 er at eining for skule fekk ny einingsleiar i august 2015. I saksframlegget i sak 3/16 har administrasjonen gjort greie for dei alternativa som kommunestyret bad om, samt eit femte alternativ, som er utbygging av småskulen.
Sak 3/16 (28.01.16) Rådmannens tilråding – Småskulen byggjast ut med om lag 100 m2. Nemnda får mandat til å gå vidare med utgreiing av sak om utbygging og kan nytte inntil kr 100 000 i ekstern planleggingshjelp. Vedtak om å utsette saka og at den skal handsamast av ADMU før formannskap og kommunestyre fattar vedtak	ADMU handsama saka i møte 18.02.16 og gikk for utbygging av småskulen. Det blei også vedtatt at det skulle utarbeidast eit framlegg med mellombels løysing på plassmangelen ved skulen. Dette blei gjort i sak 26/16.
Sak 26/16 (28.04.16) Rådmannens tilråding – Småskulen byggjast ut. Nemnda får mandat til å gå vidare med utgreiing av sak om utbygging og kan nytte inntil kr 100 000 i ekstern planleggingshjelp. Vedtak om utbygging og nedsetting av prosjekterings- og byggenemnda som fekk ei ramme på inntil kr 100 000,- til	Det blei sett av kr 125 000,- i budsjett til ekstern planleggingshjelp. Nemnda hadde fem møter i perioden juni – november 2016 og kom med forslag som blei fremma for kommunestyret i sak 83/16. I nemnda satt formannsskapet, samt einingsleiar skule, rektor og ein plasstillitsvalt frå Tveit skule for

Tilråding og vedtak	Oppfølging
ekstern planleggingshjelp i arbeidet med å greie ut sak om utbygging av småskulen.	prosjektet som gjaldt skulen. Nemnda handsama tre prosjekt i desse møta, flyktningbustader og omsorgsbustader i tillegg til skulen. Nemnda presiserte i siste møte at saka til kommunestyret skulle beskrive FDV-kostnader. FDV-kostnader er ikkje omtalt i sak 83/16
Sak 83/16 (26.11.16) Innstilling frå nemnda – småskulen byggjast ut for ei ramme på inntil kr 8,5 mill. I denne ramma ligg utgifter til innreiing og utearbeid. Notat frå rådmannen med utfyllande opplysningar og endring av tilråding til 8 mill. blei lagt fram for kommunestyret før handsaming av saka. Vedtak om utbygging av småskulen med ei ramme på inntil 8 millionar kroner som skal omfatte innreiing og utearbeid.	I budsjettet blei det lagt inn kr 7 937 000 inkl. mva. (Beløpet i kostnadsskissa som var vedlegg til sak 83/16 er på kr 7 937 500 inkl. mva. og omfattar kostnader til prosjektering og utomhusarbeid, men ikkje inventar.) Anbod blei lagt ut på Doffin i februar 2017 med kostnadsanslag på 8 millionar kr eksl. mva.[10] Ønsket byggeperiode juni – november 2017. Tilbodsfrist 07.04.17. Vedståelsesfristen var på tre månader frå tilbodsfristen. Kontrakt inngått 21.04.17 – kontraktsum på 8 268 750,- kr inkl. mva. Kontrakt signert av prosjektleder på vegne av kommunen.
Sak 39/17 (15.06.17) (1. tertial 2017) Innstilling frå rådmann punkt 3 og 4 – Investeringsbudsjettet vert endra og det vert tatt opp lån til utleigebustad, skulebygg mm. Vedtak i tråd med rådmannens innstilling med tillegg – Kommunestyret ber kontrollutvalet sjå på administrasjonens arbeidsprosesser, særleg korleis anbodet	Investeringsbudsjettet blei endra i tråd med vedtaket. Kontrollutvalet har bestilt denne forvaltningsrevisjonen for å undersøke det kommunestyret ber om.

[10] Når anbod for flyktningbustadene blei kunngjort var det også lagt inn ein estimert totalverdi som var over ramma satt av politikarane. Her var totalverdien estimert til kr 10 millionar eksklusiv meirverdiavgift.

Tilråding og vedtak	Oppfølging
samsvarer med politiske vedtak og elles all sakshandsaming knytt til denne saka.	

I delegasjonsreglementet punkt 3.8 om investeringsrekneskapen har rådmannen delegert mynde til å gjere innkjøp til teknisk sjef. Delegert mynde i høve til investeringsrekneskapen kan ikkje vidaredelegerast. Kontrakten om utbygging av småskulen ved Tveit er signert av prosjektleiar.

3.2.1 Revisors vurdering - iverksetting av vedtak om bygging av småskule ved Tveit

Kommunestyrevedtaka som gjeld Tveit skule er i hovudsak følgde opp i samsvar med det som er vedtatt, med unntak av utlysing av anbod og signering av kontrakt. Ved kunngjering av anbodet har administrasjonen signalisert ei større ramme for sjølve byggeprosjektet enn den som var vedtatt av kommunestyret, både ved at beløpet er sett utan meirverdiavgift og ved at ein ikkje har tatt høgde for at innreiing skulle inngå i ramma. Same feilen knytt til meirverdiavgift var også gjort for flyktningbustadene. Ved signering av kontrakt har administrasjonen gått utover sitt mandat i høve til ramma. Kontrakten er signert av ein tilsett i kommunen som ikkje hadde mynde til å inngå slik kontrakt.

4 Styring av investeringsprosjekt

I kva grad kommunen tilfredsstillande rutinar for styring av investeringsprosjekt?

Korleis er bygging av ny småskule ved Tveit blitt følgd opp?

Revisjonskriterium til første problemstilling:

- Kommunen bør sikre at:
  - investeringsprosjekt blir organisert med klare roller og ansvarsforhold,
  - det ligg føre retningsliner og prosedyrar for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt,
  - det er etablert rutinar for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring,
  - det er etablert rutinar for å gjennomføre risikoanalyser av prosjekt,
  - etablerte rutinar blir følgde.

Når det gjeld oppfølging av etablerte rutinar ser vi på prosjekta om bygging av småskulen ved Tveit og flyktningbustader. Andre problemstilling er beskrivande og har ikkje revisjonskriterium.

4.1 Rutinar for styring av investeringsprosjekt og oppfølging av desse

Organisering

Ut frå informasjon vi har fått i intervju, blir sjølve byggeprosessen i praksis styrt av teknisk eining i kommunen, eventuelt i samarbeid med den eininga som skal bruke bygget. Bygging av småskulen ved Tveit og flyktningbustadene er leia av teknisk eining, i samarbeid med eininga som skal bruke bygget. Vi får opplyst at det har vore tettare samarbeid rundt bygging av skulen enn det har vore rundt bygging av bustadene.

Kommunen har som tidlegare nemnt ei prosjekterings- og byggenemnd som brukast ved planlegging av byggeprosjekt. Nemnda får mandat av kommunestyret i det enkelte prosjekt, og det skal gå fram av mandatet om nemnda er delegert oppfølging av sjølve byggeprosjektet. Nemnda hadde ikkje delegert slik oppfølging for bygging av småskulen ved Tveit og flyktningbustadene.

Som nemnt i punkt 3.2 har økonomireglementet har føringar for oppfølging av investeringsprosjekt. Alle investeringsprosjekt skal ha ein ansvarleg for oppfølging

både i høve til økonomi og gjennomføring av prosjektet. For dei to prosjekta vi ser på var det avdelingsingeniør ved eining for teknisk drift som hadde denne oppgåva.

Kommunen har ikkje noko opplæringstiltak for den som er ansvarleg for oppfølging i investeringsprosjekt, i til dømes den politiske prosessen rundt eit investeringsprosjekt. I økonomireglementet står det at arbeid med forprosjekt og detaljprosjektering skal følgje parallelt med prosessane, men det er ikkje spesifisert nærmare kva som ligg i dette. Utover dette er det ikkje omtale av ulike fasar eller styring av investeringsprosjekt.

Planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt
Det er ikkje utarbeida retningslinjer eller rutinar for planlegging av investeringsprosjekt, utover at prosjekterings- og byggesaksnemnda kan brukast ved planlegging av byggeprosjekt. Kommunen har praksis for å leige inn konsulent/arkitekt for å lage anbodsgrunnlag. Administrasjonen har ikkje kapasitet eller kompetanse til å gjere dette sjølv. Dette blei gjort for småskulen ved Tveit. Det blei ikkje gjort for flyktningbustadene, sidan kommunen her nytta ferdighus.

Det er nedfelt i økonomireglementet at det skal vere vedtak i kommunestyret før investeringsprosjekt blir sett i gang. Det er ikkje spesifisert nærmare om det skal fattast vedtak før prosjektering og eventuelt på nytt etter at anbod har kome inn, men det er vist til at vedtaket skal omfatte utgifter til forprosjektering der det er aktuelt, og utgifter for heile investeringsprosjektet.

Det er heller ikkje laga rutinar eller retningsliner for gjennomføring av prosjekt. Etter økonomireglementet skal det førast tilsyn med at byggearbeidet blir utført innanfor gjeldande regelverk og budsjettramme. Det er ikkje spesifisert kven som skal føre tilsyn. Vi har ikkje undersøkt om det er ført tilsyn med byggearbeidet. Det skal vere ein som er ansvarleg for oppfølging av økonomi og gjennomføring av prosjektet. Det er ikkje spesifisert kven som skal peike ut den ansvarlege, men det er teknisk som har delegert ansvar for investeringsprosjekt.

Kommunen nyttar ofte totalentreprise fordi ein har liten kapasitet til prosjektleiing internt. Denne entrepriseforma blei nytta i dei to byggeprosjekta vi ser på.

Det er rådmannen eller einingsleiar teknisk som har mynde til å signere kontraktar på vegne av kommunen. Delegert mynde knytt til investeringar kan etter delegasjonsreglementet ikkje delegerast vidare. Kontrakt om flyktningbustadene er signert av einingsleiar, medan avdelingsingeniøren har signert kontrakt om utbygging

av skulen. Avdelingsingeniøren har fått forståing av at han har mynde til å signere kontraktar på vegne av kommunen.

I sjølve byggefasen har teknisk fakturakontroll og oppfølging av økonomi i prosjekta. Teknisk nyttar excel til denne oppfølginga. Teknisk har alltid kontraktsmøte og oppstartsmøte, samt byggemøte med entreprenøren. Det skal bli ført referat frå møta. Vi har fått opplyst at desse referata ikkje blir registrert og lagra i kommunen sitt arkivsystem Ephorte, men blir lagra på lokal server.

Kvalitetssikring
Kommunen kan nytte eksterne konsulentar/arkitektar til å berekne kostnader i byggeprosjekta. Normalt får dei eit kostnadsoverslag frå arkitekten i byggeprosjekt, samt at dei har tilgang på byggekostnadsindeksar og erfaringstal. For småskulen ved Tveit blei det leigd inn ekstern konsulent, fordi ombygging er vanskelegare å kostnadsrekne enn nybygg. Ved å leige inn konsulent fikk dei ei ekstra kvalitetssikring av tala. I vatn og avløpsprosjekt nyttar kommunen konsulent til å lage kostnadsanslag.

Kommunen har ikkje andre rutinar eller praksis for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring.

Risikoanalyse
Kommunen har ikkje rutinar eller praksis for å gjere risikoanalyser av investeringsprosjekt. Det er ikkje gjort slike analyser i dei prosjekta vi har sett på.

4.1.1 Revisor si vurdering av rutinar for styring av investeringsprosjekt

Kommunen har ikkje samla rutinar for planlegging, risikovurdering, styring og gjennomføring av investeringsporsjekt. Kommunen har såleis ikkje rutinar eller praksis som sikrar risikovurdering, planlegging, kvalitetssikring og gjennomføring av prosjekt i samsvar med tilrådingar frå anerkjende miljø. Det at Nissedal kommune er ein så vidt liten organisasjon, med få tilsette som har ansvar for oppfølging og styring, gjer at behovet for rutinar kan vere mindre. På den andre sida vil ein i ein liten organisasjon ofte vere sårbare fordi det kan vere ein eller få personar som har ansvar for og kunnskap om saksfelt aleine.

Vi har sett at prosjekta blir gjennomført på forskjellige måtar og at dei politiske avgjerdspunkta er forskjellige, utan at det er klåre årsaker til det, og at det kunne ha vore behov for fleire politiske rapporterings- eller avgjerdspunkt enn det ein har

praktisert. Vi ser også at det er gjort feil som vi meiner kunne vore unngått med skriftlege føringar/rutinar og opplæring i desse.

4.2 Utbygging av småskulen ved Tveit

I dette prosjektet har teknisk eining hatt prosjektleiaransvaret for gjennomføringa av byggeprosjektet. Prosjektleiar har hatt ansvaret for å følgje opp utbygginga både på økonomi og gjennomføring. Han har følgd opp i tråd med dei tiltaka vi har fått informasjon om at kommunen har. Både prosjektleiar og tillitsvalt opplyser at det har vore tett samarbeid mellom prosjektleiar og leiing og tillitsvalt ved skulen. Tillitsvalt og einingsleiar oppfattar at sjølve byggeprosessen har vore bra. Tillitsvalt opplyser at dei har fått kome med innspel underveis, slik at dei kan få eit bygg som er formålstenleg. Einingsleiar opplyser også at dei har hatt ein god dialog og prosess med teknisk i samband med førebels flytting av småskulen under byggeperioden.

Det har ikkje vore gjort risikoanalyse knytt til gjennomføringa av byggeprosjektet.

Både arkitekt og prosjekterande for VVS har laga ei stadfesting av oppdraget, som er signert/akseptert av kommunen. Kommunen har nytta standardkontrakt for totalentreprise for sjølve bygginga. Kontrakten er som signert av avdelingsingeniør på vegne av kommunen. Bygginga starta i juni 2017, i tråd med kontrakten. Sluttfristen var sett til desember 2017, men har blitt justert undervegs.

Det har vore jamlege byggemøter gjennom heile byggefasen.

Kommunen har hatt overtakelsesforretning i februar 2018.

5 Konklusjonar og tilrådingar

5.1 Konklusjonar og oppsummering

5.1.1 Saksutgreiing

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde, særleg med omsyn til økonomiske konsekvensar?

I kva grad har desse tiltaka blitt følgde?

Kommunen har nokre tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing av saker, men desse sikrar ikkje i godt nok at sakene blir forsvarleg utgreidde. Saksframstillingsmalen sikrar ikkje aleine at utgreiingane er dekkande, og saksgjennomgangen syner at nokre saksframlegg manglar informasjon som vanlegvis er naudsynte for at politikarane kan treffe rett vedtak ut frå eigen politisk ståstad.

Dei tiltaka kommunen har for forsvarleg saksutgreiing har berre til ei viss grad blitt følgde. Tiltaka i økonomireglementet er ikkje følgt opp godt nok. Økonomiske konsekvensar av driftssakene er godt nok utgreidd, men ikkje i investeringssakene.

5.1.2 Oppfølging av vedtak

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk?

I kva grad har politiske vedtak i sak om ny småskule ved Tveit blitt sett i verk?

Kommunen har eit system for å sikre iverksetting av politiske vedtak. Ansvar for gjennomføring av vedtak er plassert i organisasjonen, og det blir rapportert gjennom tertialrapporteringa og rådmannens gjennomgang av handlingsprogram og planstrategi med einingsleiarane. Kommunen har ikkje eit system for å sikre rapportering på vedtak som kjem utanom budsjett, handlingsprogram og planstrategi.

Fleire av vedtaka som gjeld ny småskule ved Tveit er sett i verk ved at skulen er bygd, men administrasjonen har gått utover sitt mandat ved å lyse ut og signere kontrakt som det ikkje var budsjettdekning for.

5.1.3 Styring av investeringsprosjekt

I kva grad kommunen tilfredsstillande rutinar for styring av investeringsprosjekt?

Korleis er bygging av ny småskule ved Tveit blitt følgd opp?

Kommunen har lite rutinar for styring av investeringsprosjekt. Etter vår vurdering har ikkje kommunen rutinar som er eigna til å sikre god nok styring av investeringsprosjekt.

Sjølve utbygginga av ny småskule ved Tveit er følgd opp av prosjektleiar i tett dialog med brukarane av bygget. Utfordringane i dette investeringsprosjektet var primært knytt til saksutgreiinga og fastsetting av økonomisk ramme, samt manglande rapportering før inngåing av kontrakt.

5.2 Tilrådingar

Vi meiner at kommunen bør:

- vurdere fleire tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing og rapportering av politiske saker, f.eks. retningsliner, malar/sjekklister og opplæring,
- sikre at prosjekterings- og byggenemnda er i tråd med kommunelova kapittel 6 og at den blir forankra i kommunens reglement, i samsvar med ynskt rolle og formål,
- etablere rutinar/retningsliner knytt til planlegging og gjennomføring og rapportering av investeringsprosjekt,
- sikre rapportering på gjennomføring av alle vedtak og rapportering utanom tertialrapporteringa i investeringsprosjekt, der det er naudsynt.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

- Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova).
- Forskrift 06. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Forskrift 15. juni 2004 nr. 905 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

Bøker/rapportar

- Bernt, Jan Fridthjof og Overå, Oddvar (2011): *Kommuneloven med kommentarer*. Oslo: Kommuneforlaget
- Kommunenes sentralforbund (2013) Rådmannens internkontroll – Hvordan få orden i eget hus?
- Welde, Aksdal og Tyholt Grindvoll (2016) Concept-rapport nr. 45 om *Kommunale investeringsprosjekter. Prosjektmodeller og krav til beslutnings-underlag* (NTNU).

Offentlige dokument

- Ot.prp. nr. 42 (1991-92) om ny kommunelov
- Ot.prp. nr. 70 (2002-2003) om lov om endringer i kommuneloven
- NOU 2016: 4 Om ny kommunelov
- Finansdepartementet (2016) Utredningsinstruksen – Instruks om utredning av statlige tiltak, fastsatt ved kgl.res. 19. februar 2016.
- Direktoratet for økonomistyring (mars 2016) Veileder til utredningsinstruksen
- Kommunal og regionaldepartementet (2009) 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane.

Vedlegg

Vedlegg 1: Revisjonskriterium
Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring

Vedlegg 1: Revisjonskriterium

Vi har følgjande problemstillingar:

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde, særleg med omsyn til økonomiske konsekvensar?
I kva grad har desse tiltaka blitt følgde?

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk?
I kva grad har politiske vedtak i sak om ny småskule ved Tveit blitt sett i verk?

Har kommunen tilfredsstillande rutinar for styring av investeringsprosjekt?

Korleis er bygging av ny småskule ved Tveit blitt følgd opp?

Ei sentral kjelde for revisjonskriteria i denne forvaltningsrevisjonen er kommunelova § 23 nr. 2:

> Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.

Kravet om forsvarleg saksutgreiing og at vedtak skal setjast i verk er lagt på rådmannen. Kravet om «betryggende kontroll» er eit krav om at rådmannen må ha eit system for internkontroll.

Siste problemstilling er beskrivande og har ikkje revisjonskriterier.

Saksutgreiing

Det er ikkje nærare definert i kommunelova § 23 kva som ligg i kravet om forsvarleg saksutgreiing. I forvaltningsavgjerder kan ein legge til grunn at utgreiinga skal skaffe fram alle dei opplysningane som trengst for å få ei rett avgjerd. Saksframlegget i saker til politisk behandling skal såleis gi den informasjonen som ein politikar treng for å kunne treffe ei rett avgjerd i høve til eigne politiske verdiar, og innanfor det rettslige og økonomiske handlingsromet som ligg føre.

I NOU 2016:4 om ny kommunelov foreslår kommunelovutvalet å presisere at utgreiinga skal gi faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe ei avgjerd.

Regjeringa har fastsett ein instruks for utgreiing av statlige tiltak (Utredningsinstruksen).[11] Formålet er å legge eit godt grunnlag for avgjerder om statlige tiltak. Det går fram av instruksen at ei statleg utgreiing mellom anna skal svare på følgjande spørsmål:

- kva er problemet, og kva vil vi oppnå?
- kva for tiltak er relevante?
- kva for prinsipielle spørsmål reiser tiltaka?
- kva er dei positive og negative verknadene av tiltaket, kor varige er dei, og kven blir berørt?
- kva er tilrådinga og kvifor?
- kva er føresetnadene for ei vellukka gjennomføring?

Ved tiltak som gir vesentlege nytte- eller kostnad, mellom anna vesentlege budsjettmessige konsekvensar, skal det gjerast ein samfunnsøkonomisk analyse, i tråd med gjeldande rundskriv for samfunnsøkonomiske analysar. Vidare går det fram at utgreiinga skal vere så omfattande og grundig som nødvendig.

Det vil variere frå sak til sak kva som er relevant informasjon når politiske organ i ein kommune skal treffe avgjerder. I dei fleste saker vil informasjon om dei faktiske forholda, det behovet som ligg føre, det rettslege handlingsromet som kommunen har, økonomiske konsekvensar og alternative løysingar stå sentralt. Vidare vil det i mange saker vere grunn til å greie ut kva risiko som er knytt til gjennomføringa av vedtaket og kva tiltak ein vil/kan treffe for å redusere risikoen.

Den informasjonen som ligg føre i saka skal vere korrekt, og rådmannen har plikt til å gjere merksam på om det er usikker eller ufullstendig informasjon i saksframlegget. Ansvaret for å sikre at sakene er forsvarleg utgreidde gir ikkje rådmannen noko form for utsettande veto, men rådmannen skal altså opplyse om svakheter i saksframlegget, om det er rettslege manglar ved eit forslag til vedtak eller saksførebuinga, samt om eit vedtak er ulovleg (Overå og Bernt 2006).

Ved vedtak av økonomiplan og årsbudsjett er det særlege reglar om sakshandsaminga, jf. kommunelova § 44 nr. 6 og 7 og § 45 nr. 2 og 3. Her er ansvaret for utgreiing avgrensa til å legge fram det faktiske materiale og foreta naudsynte vurderingar av det.

[11] Fastsett ved kongeleg resolusjon 19. februar 2016.

Kva som ligg i å foreta naudsynte vurderingar vil vere eit skjønnspørsmål og vil avhenge av type sak.

Kommunestyret skal vedta årsbudsjett, og årsbudsjettet er bindande, jf. kommunelova §§ 45 – 47. Dersom det gjennom året skjer vesentlege endringar i inntekter eller utgifter i forhold til budsjettet, skal kommunen enten treffe korrigerande tiltak, eller så må kommunestyret endre budsjettet. Kommunen skal ikkje gjere utbetalingar eller pådra seg utgifter som ikkje er innarbeida i budsjettet.[12]

Iverksetjing av vedtak

Relevante internkontrolltiltak for å sikre at politiske vedtak blir gjennomført, er system/tiltak som sikrar at vedtaka blir registrert/fanga opp av administrasjonen, at ansvaret for gjennomføringa blir plassert, og at administrasjonen rapporterer på gjennomføringa, eller at dette blir kontrollert/følgt opp på annan måte.

Internkontroll og rutinar

Kravet om internkontroll er både eit ansvar for å ha naudsynt kontroll og eit krav om prosess for å sikre kontroll. Internkontrollen skal bidra til at kommunen si verksemd er i tråd med lover og vedtak, at kommunen løyser oppgåvene med ønska kvalitet og på ein effektiv måte, og at ein unngår uønskte hendingar. [13] I Ot.prp. nr 70 (2002-2003) blir internkontrollen sett på som ein naudsynt del av rådmannens leiaransvar. Det er vist til at det er i samsvar med aksepterte prinsipp for leiarskap, at ein leiar etablerer rutinar og system som skal bidra til at organisasjonen når dei måla som er satt.

Ein av føresetnadene for god internkontroll, er ei viss formalisering av arbeidet, gjennom organisering, dokumentasjon/rutinar og rapportering/kontrolltiltak.[13] Dei vanlegaste overordna reglementa i ein kommune er reglement for delegasjon, personale, økonomi/investering, anskaffingar og sakshandsaming. Det vil også vere naudsynt med meir fagspesifikke reglement og rutinar. Tiltak, reglement og rutinar bør bygge på ei risikovurdering, slik at dei er tilpassa det behovet kommunen har. I denne kontrollen vil vi sjå kva rutinar kommunen har etablert for å sikre forsvarleg saksutgreiing.

[12] Dette gjeld ikkje utgifter som kommunen er rettsleg forplikta til å betale, som til dømes økonomisk sosialhjelp.

[13] Orden i eget hus – rådmannens internkontroll (KS 2013)

Når det gjeld investeringsprosjekt er det mange kommunar som har byggereglement og/eller ein definert prosjektmodell. Ein deler gjerne prosjektet opp i ulike fasar. Fasane er gjerne knytt til oppgåver, eigarskap eller ansvarsforhold, og det er klart definerte avgjerdspunkt mellom fasane.[14] Det er naturleg å utarbeide ulike former for malar, sjekklister, avvikssystem og beskriving av ansvar for dei ulike fasane, gjerne knytt til byggereglement/prosjektmodell.

Revisjonskriterium

På denne bakgrunn har vi følgjande revisjonskriterium til problemstillingane:

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde, særleg med omsyn til økonomiske konsekvensar?

I kva grad har desse tiltaka blitt følgde?

- Kommunen bør ha tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing av saker
- Tiltaka bør sikre at saksutgreiinga når det er naudsynt skildrar
    - dei faktiske forholda,
    - kva behov som ligg føre,
    - kva rettsleg handlingsrom kommunen har,
    - økonomiske konsekvensar,
    - alternative løysingar,
    - verknader for likestilling, miljø og barn og
    - føresetnader for god gjennomføring av vedtaket
- Tiltaka skal følgast.

I kva grad har kommunen rutinar for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk?
I kva grad har politiske vedtak i sak om ny småskule ved Tveit blitt sett i verk?

- Rådmannen skal sikre at politiske vedtak blir sett i verk og bør etablere rutinar/system for å sikre dette.

[14] Welde, Aksdal og Tyholt Grindvoll (2016) Concept-rapport nr. 45 om *Kommunale investeringsprosjekter. Prosjektmodeller og krav til beslutnings-underlag* (NTNU).

Har kommunen tilfredsstillande rutinar for styring av investeringsprosjekt?

- Kommunen bør sikre at:
  - investeringsprosjekt blir organisert med klare rolle og ansvarsforhold,
  - det ligg føre retningsliner og prosedyrar for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt,
  - det er etablert rutinar for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring,
  - det er etablert rutinar for å gjennomføre risikoanalyser av prosjekt,
  - etablerte rutinar blir følgd.

I kva grad har rutinane blitt følgde i sak om ny småskule ved Tveit?

Problemstillinga er beskrivande og har ikkje revisjonskriterier.

Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring

Den praktiske gjennomføringa

Forvaltningsrevisjonen starta med brev til Nissedal kommune 08.11.17 og møte om oppstart 12.12.17.

Vi har gjennomført intervju med tilsette og tillitsvalte som har vore i prosjekterings- og byggenemnda i samband med utbygging av småskulen ved Tveit. I tillegg har vi intervjua tilsette som har vore sakshandsamarar for saker til kommunestyret. Vi valde ut fem av seks einingsleiarar, samt plansjef og kommunalsjef Økonomi, for å få eit breitt bilete av arbeidet med saksframlegg i kommunen. Vi har også intervjua rådmannen. Dei fem einingsleiarane er frå teknisk, omsorg, skule, barnehage og kultur. I tillegg har vi hatt intervju med hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet, plasstillitsvalt for Utdanningsforbundet ved Tveit skule og avdelingsingeniør med ansvar for byggeprosjekt. Intervju av rådmann og hovudtillitsvalt blei gjort på telefon, dei andre intervjua var i hovudsak fysiske møte. I tillegg har vi innhenta informasjon frå ordførar, som er leiar i prosjekterings- og byggenemnda.

Vi har gått gjennom administrativt og politisk delegasjonsreglement, økonomireglement og saksframstillingsmalen i kommunen. I tillegg har vi sett på budsjettdokument for 2016, 2017 og 2018 og tertialrapportering for 2016 og 2017 og den politiske handsaminga av desse. Her har vi særleg sett på informasjon knytt til omsorgsbustader, flyktningbustader og småskulen ved Tveit. Vi har i tillegg sett på dei investeringsprosjekta som nemnda har fått i mandat å greie ut i perioden 2016 og 2017 med tilhøyrande vedtak i kommunestyret. Dette gjeld:

- kommunestyresak 43/16, der nemnda fekk i oppdrag å greie ut utbygging av flyktningbustader og omsorgsbustader,
- kommunestyresakene 44/15, 3/16, 26/16 og 83/16, som alle gjeld småskulen ved Tveit, der nemnda fekk mandatet i sak 26/16 og sak 83/16 omfatta nemnda si innstilling til kommunestyret, samt
- sak 69/17 der nemnda fekk i mandat å greie ut utbygging av Kyrkjebygda oppvekstsenter og sak 3/18 som omfatta nemnda si innstilling til kommunestyret.

Vi har gjort eit utval av saker til kommunestyret i 2017. Kriteria for utval var at vi skulle ha saker frå ulike einingar, og det skulle vere saker med økonomiske konsekvensar Vi har gjort eit tilfeldig utval av slike saker innanfor kvart område.

13/17 Nissedal brannvesen – behov for påkostingar og nytt utstyr
14/17 Tilpasse driftsnivå til budsjettramme – eining for omsorg)
23/17 Utgreiing av ulike modellar for gratis skulemat
24/17 Auke bemanninga i Felle barnehage
72/17 Utvida kulturskuletilbod, kunstfag Nissedal kulturskule

Påliteleg og relevant

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast på ein måte som sikrar at innhaldet i rapporten er gyldig og påliteleg. Data som er samla inn skal vere relevante for dei forholda problemstillingane skal avklare og innsamling av data skal skje på ein mest mogleg nøyaktig måte, slik at ein skal kunne få same resultat dersom undersøkinga vert gjort på nytt (påliteleg).

Vi har gjort fleire tiltak for å sikre at datagrunnlaget er relevant og påliteleg. Vi har utarbeida intervjuguidar, både for å sikre at vi får spurt om det som er relevant for revisjonen og for å sikre at innsamlinga er påliteleg, ved at vi har ein fast struktur på intervjua og får belyst same tema av fleire av dei vi intervjuar. Dei som er intervjua er sentrale personar på området. Eit anna tiltak for å sikre datagrunnlaget, er at referat frå intervju blir verifisert (bekrefta) av dei vi intervjuar.

Vi har nytta datatriangulering, dvs. at data er henta frå fleire kjelder. Vi har fått informasjon frå fleire tilsette og nytta ulike skriftlege kjelder. Når det er samsvar i informasjonen frå fleire kjelder, er dette eit teikn på at data gir eit rett bilete av det vi undersøker. Vi har også nytta metodetriangulering, ein kombinasjon av ulike metodar, her intervju og dokumentgjennomgang.

God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast og rapporterast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området, jf. forskrift om revisjon § 7. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon[15].

I følgje RSK 001 skal forvaltningsrevisjon kvalitetssikrast, for at undersøkinga og rapporten skal ha naudsynt fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er

15 Gjeldande RSK 001 er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre med verknad frå 1 februar 2011, og er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar som er fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Telemark kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll – *ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester*.

Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med krava i RSK 001 og vårt kvalitetskontrollsystem.

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 18/04726-1
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Nissedal kontrollutval	23.04.2018

Prosjektplan og tilbodsbrev for eigarskapskontroll - Eigarskap i Nissedal kommune.

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet godkjenn prosjektplan og tilbodet på eigarskapskontrollen av «Eigarskap i Nissedal – gjennomføring av eigarskapsmelding og tilrådingar om eigarstyring» frå Telemark kommunerevisjon IKS, med ein pris på kroner 60 000,-.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 77 nr. 5 «påsjå at det førast kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskap mm.». Plan for selskapskontroll baserer seg på ei overordna analyse ut frå risiko- og vesentleghetsvurderingar av kommunens ulike eigarskap.

Nissedal kommunestyre vedtok i sitt møte 26.05.2016 sak 44/16 Plan for selskapskontroll 2016-2019, etter innstilling frå kontrollutvalet. Følgjande vedtak blei fatta:

Kommunestyret vedtar plan for selskapskontroll for 2016-2019 som den ligg føre, med følgjande prosjekt prioritert:

- Kostnadsgrunnlag - Sjølvkost
- Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og eventuelle andre føringar for eigarskap
- Styresamansetning – evaluering og valprosess
- Kostnadsgrunnlag - Forvaltsjølvkost

Kontrollutvalget får fullmakt til å endre planen i perioden ved behov.

Nissedal kontrollutval bestilte prosjektplan på eigarskapskontroll «Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og eventuelle andre føringar for eigarskap» i møtet 12.02.2018 sak 2/18.

Saksopplysningar:

Telemark kommunerevisjon IKS har levert ein prosjektplan og eit tilbod på gjennomføring av ein eigarskapskontroll på «Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og eventuelle andre føringar for eigarskap» Prosjektplanen dokumenterer og gjer greie for prosjektets problemstillingar, revisjonskriterium og metodebruk. Prosjektplanen gjer også greie for planlagt tidsbruk.

Kontrollutvalet skal gjennom denne saka vurdere om det forslaget til prosjektplan som ligg føre vil gje utvalet den kunnskapen dei ønskjer. Dette betyr at kontrollutvalet må vurdere foreslegne problemstillingar og vinkling på prosjektet, prosjektets avgrensing, og om dei metodar som er tenkt nytta vil kunne gje svar på problemstillingane.

Tema og problemstilling
På bakgrunn av bestillinga frå kontrollutvalet har revisjonen utarbeidd ein prosjektplan med følgjande problemstilling:

I kva grad legg Nissedal kommune til rette for god eigarstyring?

- Er kommunen si eigarskapmelding i samsvar med gjeldande reglar og retningslinjer?
- Sørger kommunen for at føringar for selskapa i eigarskapsmeldinga blir avstemt med andre eigarar og gjennomført i selskapa?
- Sørger kommunen for
    - at folkevalte får opplæring om eigarstyring,
    - at eigarrepresentant har fullmakt i samsvar med gjeldande reglar og retningslinjer i eigarskapsmeldinga,
    - at selskapsspørsmål blir avklart med og rapportert til rett politisk nivå, i samsvar med gjeldande tilrådingar og retningslinjer i eigarskapsmeldinga,
    - tiltak for å ivareta habilitetsreglane?

Revisjonen skriv vidare at det kan vere aktuelt å ta med fleire føringar frå eigarskapsmeldinga i kontrollen, til dømes val av styre.

Metode og avgrensning
Kontrollkriteria hentar revisjonen frå kommuneloven, aksjeloven, IKS-loven, kommunen si eigarskapsmelding, KS' anbefalingar for godt eigarskap og frå forslaget til ny kommunelov.

Revisjonen vil i denne eigarskapskontrollen undersøkje eigarstyringa i inneverande valperiode, med vekt på åra 2017 og 2018.

Oppstart og leveranse
Oppstart kan skje høsten 2018 med leveranse slik at den kan legges frem for kontrollutvalget i november 2018.

Dokumenta leggast ved saka og blir gått igjennom i møtet for kontrollutvalet.

Vurdering frå sekretariatet:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er i tråd med dei føringar lagt i plan for selskapskontroll 2016-2019 og at den metodiske framgangsmåten er egna for å kunne svare problemstillinga. Sekretariatet tilrår derfor at kontrollutvalet godkjenn prosjektplanen slik den ligg føre.

Det er satt av 50 000 kr til selskapskontroll i kontrollutvalets budsjettet for 2018.

Vedlegg:
- Prosjektplan – Eigarstyring i Nissedal kommune
- Tilbodsbrev

TELEMARK KOMMUNEREVISJON IKS	Utarbeidet dato/sign. 21. mars 2018/tork	Kommune: 430 004 Nissedal
Prosjekt: **Eigarskap i Nissedal – gjennomføring av eigarskapsmelding og tilrådingar om eigarstyring**		

Prosjektplan - eierskapskontroll

1. Tema

Kontrollutvalet i Nissedal har bestilt prosjektplan for ein eigarskapskontroll med tema «*Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og eventuelt andre føringar for eigarskap*», jf. vedtak i sak 2/18.

I eigarskapskontrollen vil vi undersøke om kommunen har tiltak og praksis som kan sikre forsvarleg gjennomføring av kommunen si eigarstyring.[1] Vi vil også undersøke om tiltak og praksis er i samsvar med tilrådingar på området. Vi vil særleg sjå på tiltak og praksis for folkevaltopplæring, fullmakter til eigarrepresentantar og avklaringar med og rapportering til kommunestyret.

2. Problemstilling

Nissedal kommune eig ingen selskap aleine, men er deleigar i seks IKS og eit § 27-selskap, og i tre AS som har berre kommunale eigarar. I tillegg har kommunen mindre aksjepostar i fleire selskap der det også er private eigarar. Nokre av selskapa forvaltar store ressursar og/eller sørger for viktige tenester. Som eigar har kommunen ansvar for å forvalte eigarinteressene på ein forsvarleg måte.

Nissedal kommune har hatt ei eigarskapsplattform frå 2010, og eigarskapsmelding for Nissedal del 1-3 vart vedtatt av kommunestyret i sak 15/16. Del 4, som skal vere strategiar for dei einskilde selskapa, skulle i følgje vedtaket fremmast seinare. Vi har ikkje undersøkt om denne delen av eigarskapsmeldinga er lagt fram og handsama.

Basert på denne bakgrunnsinformasjonen foreslår vi følgjande problemstillingar for kontrollen:

I kva grad legg Nissedal kommune til rette for god eigarstyring?

- Er kommunen si eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner?

[1] Med eigarstyring meiner vi den styringa som kommunen som eigar har med selskapa sine, og den måten kommunen forvaltar eigarskapen på. Selskapsstyring er noko anna – det er den daglege drifta av selskapet, noko styret og dagleg leiar utfører. Meir om dette i NOU 2016:4 om ny kommunelov kap. 27.

- Sørger kommunen for at føringar for selskapa i eigarskapsmeldinga blir avstemt med andre eigarar og gjennomført i selskapa?
- Sørger kommunen for
    - at folkevalte får opplæring om eigarstyring,
    - at eigarrepresentant har fullmakt i samsvar med gjeldande reglar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
    - at selskapsspørsmål blir avklart med og rapportert til rett politisk nivå, i samsvar med gjeldande tilrådingar og retningsliner i eigarskapsmeldinga,
    - tiltak for å ivareta habilitetsreglane?

Det kan vere aktuelt å ta med fleire føringar frå eigarskapsmeldinga i kontrollen, til dømes val av styre.

3. Grunnlag for kontrollkriterier

Kontrollkriteria vil vi hente frå kommunelova, IKS-lova, aksjelova, kommunen si eigarskapsmelding, KS' sine tilrådingar for godt eigarskap og frå forslaget til ny kommunelov.

Tiltak for god eigarstyring

Eigarskapsmelding

Kommunestyret bør fastsette overordna prinsipp for kommunen sitt eigarskap i ei eigarskapsmelding. (KS anbefaling nr. 4)

Eigarskapsmeldinga bør minimum ha disse hovudpunkta:

- *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.*
- *Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring*
- *Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.*
- *Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.*
- *Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.*

Kommunestyret skal utarbeide og bør regelmessig revidere styringsdokumenta og avtalene som regulerer styringa av selskapa. (KS anbefaling nr. 5)

Føringar for selskapa

Eigarskapen kan utøvast i eigarorganet. Kommunen har ikkje høve til å instruere selskap direkte. Det er difor viktig at dei føringane som kommunestyret har vedtatt blir sette i verk gjennom eigarorganet, eventuelt i vedtekter/selskapsavtale, dersom dei skal vere bindande for selskapet.

Kommunen er eigar saman med fleire andre. Det vil vere ein fordel at det ikkje er motstrid mellom det dei ulike eigarane forventar eller krev av selskapa. Kommunen bør såleis ha tiltak for å sikre samordning med andre medeigarar.

Folkevaltopplæring
Kommunen bør gjennomføre obligatoriske kurs eller eigarskapsseminar som en del av folkevaltopplæringa. Den første opplæringa bør gjennomførast i løpet av dei 6 første månadene av valperioden. KS tilrår også at det nye kommunestyret tidleg i perioden får oversikt over status for selskapa. (KS anbefaling nr. 1)

Eigarrepresentanten
Kommunestyret bør som hovudregel oppnemne sentrale folkevalte som eigarrepresentantar i eierorganet. (KS anbefaling nr. 7)

Aksjelova krev som hovudregel at den som møter i generalforsamling skal ha skriftleg fullmakt frå eigar (kommunestyret).

IKS-lova krev at eigarrepresentanten skal veljast av kommunestyret, og at det skal veljast personleg vara. Det er ikkje høve til å delegere valet eller å møte med anna fullmakt.

Avklaringar og rapportering
Eigarstyringa skal skje innanfor det handlingsromet som ligg i kommunestyret sine vedtak, jf. kommunelova § 6. Kommunen bør sikre at innkallingsfristen til generalforsamling og representantskap er så lang at kommunen får høve til å handsame aktuelle eigarsaker i rett politisk organ i kommunen. Dette vil normalt vere kommunestyret, eventuelt formannskap, avhengig av korleis kommunestyret har delegert mynde og oppgåver, jf. kommunelova § 6.

Lovregulert innkallingsfrist for IKS er 4 veker og for aksjeselskap er det 1 veke. Difor tilrår KS at ein tek inn reglar om lang nok innkallingsfrist til generalforsamling i aksjeselskap i vedtektene (KS' anbefaling nr. 8). Slike føringar kan også gå fram av eigarskapsmeldinga.

Rapportering om verksemda kan skje på ulike måtar. Årsmeldinga er ei viktig rapporteringsform, og mange kommunar har eigne krav til innhald, ut over dei lovregulerte krava. Ei anna rapporteringsform kan vere i eigarmøte. Eit eiermøte kan vere eit uformelt møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet. I slike uformelle eigarmøte kan ein ikkje treffe bindande avgjerder. I tillegg til generalforsamling/representantskapsmøte tilrår KS at ein gjennomfører slike eigarmøte regelmessig, for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapa. (KS anbefaling nr. 6)

4. Avgrensing

Eigarskapskontrollen er først og fremst retta mot kommunen/eigarrepresentanten sine aktivitetar, og i undersøker i liten rad spørsmål knytt til dagleg drift og selskapsleiing i selskapa.
Vi vil undersøke eigarstyringa i den valperioden vi er inne i, med vekt på åra 2016 og 2017 (generalforsamlingane/representantskapsmøta i 2017 og 2018).

5. Metode

Dette er ein generell kontroll av kommunen sine tiltak for eigarstyring. Kontrollen bygger seg i hovudsak på dokumentgjennomgang, og vi vil innhente det meste av dokumentasjon og informasjon frå kommunen/eigarrepresentanten.

For å sjå på praksis for kommunen si handtering av eigarsaker vil vi velje ut **tre-fire selskap** i samråd med kontrollutvalet. Utvalet bør bygge enten på størrelse på kommunen sin eigardel, eller den verksemda selskapet driv, og det bør vere både aksjeselskap og IKS i utvalet. Vi understrekar at kontrollen ikkje er retta mot selskapa, og at vi ikkje vil gjere undersøkingar retta mot selskapet/den verksemda selskapet driv. Det vil vere aktuelt å hente noko informasjon og dokumentasjon frå selskapa v/styret eller dagleg leiar.

Nissedal kommune har små eigardelar i alle selskapa dei eig. To av selskapa er ikkje Telemark kommunerevisjon IKS uavhengige til å ha med i kontrollen: Telemark kommunerevisjon IKS og Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS.

Vi har utheva dei selskapa vi meiner er mest aktuelle å velje blant, men det er opp til kontrollutvalet. Dei selskapa som det er aktuelt å velje mellom er:

- ***IATA IKS – eigardel 10 % - renovasjonstenester***
- ***Interkommunalt brannvernssamarbeid i Vest-Telemark IKS - eigardel 10 %***
- ***Vest-Telemark Pedagogisk Psykologiske Teneste IKS - eigardel 9 % (selskapskontroll 2013)***
- ***Vest- Telemark Kraftlag AS - eigardel 5 % (selskapskontroll 2015)***
- ***IKA Kongsberg IKS - eigardel 1,07 % - arkivtenester for kommunen. Mange små eigarar.***
- ***Kvito AS - eigardel 0,43 % (attføring og varig tilrettelagde arbeidsplassar)***

- Vest-Telemark Blad AS - eigardel 3,4 % (private medeigarar)
- ***Vest-Telemark Næringsbygg AS - eigardel 1,65 % (private medeigarar)***
- Telemark Bilruter AS (mindre enn 0,05%) (private medeigarar)

- ***Konsesjonskraft (ikkje kjend eigardel)***(§ 27-selskap som forvaltar konsesjonskraft for avkastning)
- Kommunekraft AS (Selskapet formidlar konsesjonskraft for eigarkommunane. Nissedal har etter det vi kan sjå indirekte eigarskap i dette selskapet gjennom Landssammenslutninga for vasskraftkommuner) Etter vår vurdering er det mindre aktuelt å velje ut dette selskapet.

Rapporten vil bli sendt på høyring til kommunen og til dei selskapa som er omfatta. Eventuelle merknader i høyringa vil ligge ved rapporten.

6. Milepælar

Oppstart	September 2018
Leveranse til kontrollutvalets sekretariat	November/desember 2018, tilpassa KU-møte

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Postboks 2805, 3702 Skien
Tlf.: 35 9170 30
e-post: post-tkr@tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00

Vår ref.: 18/694/tork
Arkivkode: 430 004

Kontrollutvalet i Nissedal kommune
v/Temark

Tilbod - eigarskapskontroll

Vi viser til plan for selskapskontroll for Nissedal kommune og kontrollutvalet sitt vedtak i sak 2/18.

Vi vil gjennomføre eigarskapskontrollen i samsvar med vedlagde prosjektplan innanfor ein pris på kr 60 000. Prisen inkluderer naudsynte reiser, presentasjon av kontrollrapporten for kontrollutvalet og eventuell presentasjon i kommunestyret etter avtale.

Skien, 21.03.2018
Telemark kommunerevisjon IKS

Kirsti Torbjørnson
leiar for forvaltningsrevisjon

Vedlegg: Prosjektplan - eigarskapskontroll

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 18/00177-5
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Nissedal kontrollutval	23.04.2018

Referatsaker 23.04.2018

Forslag frå sekretariatet:

Referatsakene takast til vitande.

Saksopplysningar:

1. Referatsaker
   - Nye personvernregler fra mai 2018
   - Ny kommunelov - Prop. 46 L

2. Saker handsama i kommunestyret
   - PS 26/18 Nissedal kontrollutval si årsmelding 2018

3. Neste møte 24.09.2018, kl. 09:00
   - Einingsbesøk – vassbehandlingsanlegget i Treungen
   - Orientering om økonomisk situasjon pr. 1. tertial 2018
   - Rullering av plan for forvaltningsrevisjon
   - Budsjett for kontroll og tilsyn
   - Overordna revisjonsstrategi for rekneskapsrevisjon 2018
   - Revisor si vurdering av sjølvstende
   - Referatsaker/Eventuelt

Vedlegg:

- Punktliste – nye personvernregler fra mai 2018
- Artikkel fra NKRF – Forslaget til ny kommunelov bidrar til styrket egenkontroll

Nye personvernregler fra 2018. Hva betyr det for din virksomhet?

Hva blir nytt?

1

Alle norske virksomheter får nye plikter
Alle virksomheter må sette seg inn i den nye lovgivningen og finne ut hvilke nye plikter som gjelder dem. Ledelsen må sørge for å få på plass rutiner for å overholde de nye pliktene. Alle ansatte må følge de nye rutinene når reglene trer i kraft.

2

Alle skal ha en forståelig personvernerklæring
Informasjon om hvordan din virksomhet behandler personopplysninger skal være lett tilgjengelig og skrevet på en forståelig måte. Det nye lovverket stiller strengere krav til informasjonens form og innhold enn dagens lovgivning. All informasjon som gis til barn, skal tilpasses barnas forståelsesnivå.

3

Alle skal vurdere risiko og personvernkonsekvenser
Dersom et tiltak utgjør en stor risiko for personvernet, må virksomheten også utrede hvilke personvernkonsekvenser det kan ha. Hvis utredningen viser at risikoen er stor og dere selv ikke kan redusere den, skal Datatilsynet involveres i forhåndsdrøftelser.

4

Alle skal bygge personvern inn i nye løsninger
De nye reglene stiller krav til at nye tiltak og systemer skal utarbeides på en mest mulig personvernvennlig måte. Dette kalles innebygd personvern. Den mest personvernvennlige innstillingen skal være standard i alle systemer.

5

Mange virksomheter må opprette personvernombud
Alle offentlige og mange private virksomheter skal opprette personvernombud. Et personvernombud er virksomhetens personvernekspert, og et bindeledd mellom ledelsen, de registrerte og Datatilsynet. Ombudet kan være en ansatt eller en profesjonell tredjepart.

6

Reglene gjelder også virksomheter utenfor Europa
Virksomheter som holder til utenfor Europa må også følge forordningen, dersom de tilbyr varer eller tjenester til borgere i et EU- eller EØS-land. Dette gjelder også om de ikke direkte tilbyr tjenester, men kartlegger adferden til europeiske borgere på nett. De som er etablert i flere land i Europa, skal bare trenge å snakke med personvernmyndighetene i det landet der de har sitt europeiske hovedkvarter.

7

Alle databehandlere får nye plikter
Databehandlere er virksomheter som behandler personopplysninger på oppdrag fra den ansvarlige virksomheten. Ofte er det snakk om leverandører av IT-tjenester. De nye reglene pålegger databehandlere å ha rutiner for innsamling og bruk av personopplysninger. Databehandlere skal også si ifra til oppdragsgiveren sin hvis de får instrukser som er i strid med loven. Oppdragsgiver skal også godkjenne databehandlerens underleverandører. Databehandlere kan også bli holdt økonomisk ansvarlig sammen med oppdragsgiver.

8

Alle bør samarbeide i egne nettverk og følge bransjenormer
De nye reglene oppmuntrer til sektorvis utforming av retningslinjer og bransjenormer. Om dere følger bransjenormer, vil dere ha de viktigste rutinene på plass. Datatilsynet skal godkjenne bransjenormene.

9

Alle får nye krav til avvikshåndtering
Reglene for håndtering av sikkerhetsbrudd blir strengere. Forordningen stiller krav til når det skal varsles, hva varselet skal inneholde og hvem som skal varsles. Kort sagt skal man si fra raskere og oftere enn man gjør i dag.

10

Alle må kunne oppfylle borgernes nye rettigheter
Den enkeltes rett til å kreve at hans eller hennes personopplysninger slettes blir styrket. Dette kalles «retten til å bli glemt». Norske og europeiske borgere vil blant annet kunne kreve å ta med seg personopplysningene sine fra en leverandør til en annen i et vanlig brukt filformat. Dette kalles «dataportabilitet». De kan også motsette seg profilering. Alle henvendelser fra borgere skal besvares innen en måned.

Hva bør dere gjøre nå?

1

Ha oversikt over hvilke personopplysninger dere behandler
Alle virksomheter som samler inn eller bruker personopplysninger skal ha oversikt over hvilke personopplysninger det er snakk om, hvor de kommer fra og hva som er det rettslige grunnlaget for behandlingen. Sørg for å ha en slik oversikt. Det er et krav som gjelder også etter dagens lov.

2

Sørg for å oppfylle dagens lovkrav
Overgangen til de nye reglene blir lettere om dere etterlever kravene i personopplysningsloven, som gjelder i Norge i dag. Har dere gode rutiner for internkontroll som fungerer etter hensikten og er kjent i organisasjonen, er det lettere å få oversikt over hva dere må endre.

3

Sett dere inn i det nye regelverket
Dere finner forordningsteksten på Datatilsynets nettsider. Der fyller vi også på med artikler om de nye reglene etter hvert som vi utarbeider dem.

4

Lag rutiner for å følge de nye reglene
Gå gjennom rutinene dere har for behandling av personopplysninger. Oppdater dem etter nytt regelverk der det trengs. Dokumenter de nye rutinene, og legg en plan for nødvendige endringer. Er systemene deres laget for å ivareta kravet til innebygd personvern, dataportabilitet og personvern som standardinnstilling? Klarer dere å fange opp og besvare henvendelser fra borgerne innen én måned? Endringer i systemer og rutiner tar tid. Begynn allerede nå!

datatilsynet.no/forordning

Følg nyhetene med RSS

Abonner her »

NKRF
Munkedamsveien 3B
Postboks 1417 Vika
0115 Oslo

Tlf: +47 23 23 97 00

post@nkrf.no

Hopp over seksjon - Til hovedinnhold - Topp

Nyhetsarkiv (1998-2007) | Nyheter fra andre | Kommunerevisoren | RSS-feed fra denne siden

2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018

Januar - Februar - Mars

Forslaget til ny kommunelov bidrar til styrket egenkontroll

19.03.2018

NKRF er i all hovedsak fornøyd med regjeringens forslag, som støtter opp om mange av forbundets synspunkter.

Kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland (H)
Foto: KMD/Flickr

Kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland (H) presenterte forslaget til ny kommunelov fredag 16. mars. Hun framhevet at forslaget legger opp til å lovfeste det kommunale selvstyret. Forslaget framstår som modernisert med klart språk og lettere tilgjengelig enn dagens lov, som etter hvert bærer preg av å være «flikket» en del på siden den trådte i kraft i 1993.

Styreleder Per Olav Nilsen i NKRF er i all hovedsak fornøyd med forslaget. NKRF vil imidlertid følge opp en del forhold i forbindelse med Stortingets behandling av lovforslaget, og ikke minst i det påfølgende forskriftsarbeidet.

Økonomiforvaltning mv.

Av viktige forslag knyttet til bestemmelser om økonomiforvaltning mv. kan nevnes at regjeringen foreslår å utvide låneadgangen, ved at det åpnes for å lånefinansiere investeringstilskudd til andre kommuner og kommunalt eide selskaper på områder hvor kommunene har et lovpålagt ansvar. Det foreslås imidlertid en beløpsmessig begrensning i kommunens låneadgang ut fra eierandel.

NKRF er tilfreds med at regjeringen følger opp lovutvalgets forslag til en klarere beregningsmodell for minste tillatte låneavdrag. NKRF har ved flere anledninger tatt opp med departementet at dagens regulering gir grunnlag for flere ulike beregningsmodeller, og at en modell lik den regjeringen nå foreslår gir en mer forsvarlig avdragsprofil på kommunens lånegjeld.

Vi noterer også at regjeringen, i tråd med vår høringsuttalelse, foreslår å begrense låneadgangen ved innfrielse av garantiansvar til kausjoner.

Regnskapsrevisjon

Lovforslaget er i all hovedsak i samsvar med NOU-en. I høringsuttalelsen viste NKRF til pågående arbeid med ny revisorlov og viktigheten av at det ikke blir unødvendige forskjeller i reglene om revisjon i kommuneloven og revisorloven. NKRF ser derfor positivt på at departementet signaliserer at det kan bli aktuelt med en nærmere vurdering av disse bestemmelsene i forbindelse med endringene i revisorloven.

Styreleder Per Olav Nilsen, NKRF

NKRF er også tilfreds med den foreslåtte utvidelsen av regnskapsrevisors oppgaver når det gjelder bevilgningskontroll og forenklet etterlevelseskontroll. Vi støtter regjeringen i at disse oppgavene må utvikles nærmere gjennom god kommunal revisjonsskikk.

Forvaltningsrevisjon

Regjeringen foreslår, i strid med NKRFs høringsuttalelse, å oppheve dagens krav om årlig forvaltningsrevisjon. Dette begrunnes med at det må være rom for at omfanget av forvaltningsrevisjon kan tilpasses til den enkelte kommunen, ut i fra kommunens størrelse, kompleksitet og risikoforhold. Det presiseres imidlertid viktigheten av at kommunene gjennomfører forvaltningsrevisjon regelmessig. Det presiseres også at kravet om en plan for forvaltningsrevisjon må forstås som et krav om å gjennomføre forvaltningsrevisjoner.

Sertifisering av revisor. Nasjonal kvalitetskontroll

Lovforslaget slutter seg i hovedsak til lovutvalgets vurderinger om ikke å innføre lovbestemt sertifisering av kommunale revisorer og en statlig tilsynsordning. Videre sies det at det er behov for mer utredning dersom en nasjonal kvalitetskontrollordning skal innføres. Dette er temaer som NKRF vil ha til vurdering i det videre arbeidet med lov og forskrift.

Kontrollutvalget og kontrollutvalgssekretariatet

Regjeringen foreslår å øke minste antall medlemmer i kontrollutvalget fra tre til fem. Dessuten foreslås det en ny bestemmelse om at lederen av kontrollutvalget ikke kan være medlem av samme parti som ordføreren. Valgbarhetsreglene foreslås utvidet i tråd med lovutvalgets forslag. Dvs. at personer som har en ledende stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen har eierinteresser i, ikke vil være valgbare til kontrollutvalget.

Regjeringen foreslår ingen endringer i kontrollutvalgssekretariatets oppgaver eller hvem som kan være sekretariat for kontrollutvalget. Det foreslås heller ingen formelle krav til sekretariatets kompetanse eller krav til størrelsen på sekretariatet.

Flere høringsinstanser hadde innvendinger mot lovforslagets omtale av grensegangen mellom sekretariatets og revisjonens oppgaver. NKRF er tilfreds med at dette klargjøres i lovproposisjonen, hvor det bl.a. sies *at lovforslaget, som er en videreføring av gjeldende rett, ikke forbyr sekretariatet å innhente informasjon og vurdere denne opp mot et regelverk, vedtak og liknende. Det vil tvert imot kunne være saker eller sakstyper hvor dette er en naturlig arbeidsoppgave for sekretariatet.*

Kommunenes styring og kontroll med ekstern virksomhet

Regjeringen foreslår å lovfeste krav om eierskapsmelding. Meldingen skal inneholde en oversikt over alle kommunens aksjeselskaper, interkommunale samarbeid etter IKS-loven, samvirkeforetak, kommunale oppgavefellesskap, vertskommunesamarbeid og kommunale foretak (men ikke stiftelser). Eierskapsmeldingen bør inneholde kommunens overordnete prinsipper for eierstyring og prinsippene for eierstyringen av den enkelte enhet, formålet med den enkelte enhet samt en omtale av virksomheten i hver enhet.

NKRF støtter regjeringen i at det er behov for å styrke kommunens kontroll med ekstern virksomhet som utfører kommunale oppgaver. Sammenliknet med gjeldende rett foreslås innsynsretten til også å omfatte andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen.

Innsynsretten skal omfatte all informasjon som er nødvendig for at kommunen skal kunne kontrollere at selskapets forpliktelser etter kontrakten blir oppfylt. Dette vil omfatte selskapets overholdelse av både kommuneplikter og aktørplikter. Den lovfestete innsynsretten bør imidlertid begrenses til det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten er oppfylt. Dersom det er ønskelig eller behov for innsyn i andre forhold, må det derfor spesifiseres i avtalen. Innsynsretten må også begrenses til kun å omfatte de delene av virksomheten som utfører et oppdrag for kommunen. Retten åpner opp for inspeksjoner som er nødvendige for å kontrollere at kontrakten blir oppfylt og at kommuneplikter og aktørplikter i lovverket blir oppfylt.

Regjeringen foreslår at kravet om god kommunal revisjonsskikk også vil gjelde for eierskapskontrollen. Dette innebærer at det kun vil være revisor som kan utføre eierskapskontroll på vegne av kontrollutvalget. Kontrollutvalget og kontrollutvalgssekretariatet vil imidlertid på sin side ha som oppgave å planlegge og bestille eierskapskontroller, slik arbeidsdelingen etter gjeldende rett er for forvaltningsrevisjoner. Forslaget begrunnes med at det vil bidra til å styrke kvaliteten på eierskapskontrollen samtidig som den gir en klarere rollefordeling.

Internkontroll

Den foreslåtte internkontrollbestemmelsen er mer omfattende og detaljert enn dagens bestemmelse. Intensjonen med den nye bestemmelsen er at denne i hovedsak skal erstatte internkontrollbestemmelser i særlovgivningen. I lovproposisjonen sies det at forslaget *må inkludere en oppheving av de fleste internkontrollbestemmelser med kommuneplikter i særlovgivningen.*

Kommunedirektøren, som er lovforslagets betegnelse på administrasjonssjefen (rådmannen), er ansvarlig for internkontrollen, og skal minst én gang i året rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn.

Statlig tilsyn

Det foreslås at kommunene får partsrettigheter i alle faser av et tilsyn. Fylkesmannen får en tydeligere rolle i å følge opp og ha dialog med kommunene. Det legges også opp til en sterkere samordning mellom det statlige tilsynet og kommunenes egenkontroll. NKRF er tilfreds med at statlige tilsynsmyndigheter gis en plikt til å ta hensyn til det samlede statlige tilsyn med den enkelte kommune og fylkeskommune, og til relevante forvaltningsrevisjonsrapporter i sin planlegging, prioritering og gjennomføring av tilsyn. Videre skal tilsynsmyndighetene ikke prioritere et tilsyn med samme tema som er planlagt eller nylig gjennomført forvaltningsrevisjon, med mindre det foreligger særlige grunner.

Relaterte artikler:

- En ny og moderne kommunelov (KMD)
- Prop. 46 L (2017 2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) (KMD)
- NOU 2016: 4 Ny kommunelov
- NKRFs høringsuttalelse til NOU 2016: 4 Ny kommunelov

Til toppen av siden

Topp

Norges Kommunerevisorforbund © 2008-18 - Nettstedkart | Erling Storvik Design - Siteman CMS

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 18/00184-3
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Nissedal kontrollutval	23.04.2018

Eventuelt 23.04.2018

Klikk her for å skrive inn tekst.